

Vinje-bibliografien

- Ressurser og økopolitikk. Vekstøkonomi eller likevekstøkonomi?* (medforfatter). Populist 2/1975
- Vær utålmodig, memmeske.* Ei visebok som er noe mer (redaktør). Populist 1978
- Populist 1979–81 (redaksjonsmedlem)
- Essayet i Norge. Fjorten riss av ein tradisjon* (medforfatter). 1982
- Høvedsdikting i EF-striden 1970–72.* Hovudoppgåve. 1983
- Syn og Segn 1984–1988* (redaktør)
- Venstres hundre år* (redaksjon saman med Jostein Nerbøvik). 1984
- Balladen om Europa.* 1985
- Retorikk på norsk.* 1988
- Lesebok 1994* (medredaktør). 1994
- Stem i! Songbok for røysteføre* (medredaktør). 1994. Supprimert
- Rhetorica Scandinavica 1997–* (medlem redaksjonsråd)
- Hamsun i Æventyrland. Nordlandsliv og diktning* (saman med Kirsti M. Thorheim). 1995, 2. opplaget 2002
- Det litterære skattkammer. Sakprosaens teori og retorikk.* 1997
- Berge Furre: Sant og visst. Artiklar, foredrag, preiker* (redaktør, etterord). 1997
- Nynorsk faktabok 1998.* 1998
- Norske tekster. Sakprosa* (redaktør, innleiing, merknader). 1999
- Den store nynorske sitatboka. Norsk kulturhistorie gjennom 800 sitat.* 2000
- 2000: Det makelause året* (redaktør). 2001
- Det nynorske blikket.* 2002
- Fotefar mot nord. En kulturhistorisk reise i Nord-Norge og Namdalen* (saman med Kirsti M. Thorheim). 2003, 2. utgåva 2004, 3. utgåva 2005
- Nynorsk faktabok 2005.* 2005
- Viljen til språk. Ei nynorsk kulturhistorie.* 1.–2. opplaget. 2006
- Vestlandets historie.* Band 1–3 (medredaktør). 2006, 1.–2. opplaget, 3. opplaget 2007
- Allkunne* (hovudredaktør). 2007–2014
- Ivar Aasen-tunet gjennom 200 år.* 2008
- Språkfakta 2010.* 2010. E-bok
- Avisene som utvida Noreg. Nynorskpressa 1850–2010.* 2010, 1.–2. opplaget
- Språkfakta Sogn og Fjordane 1646–2012.* 2012. E-bok
- Draumen om målet. Tilstandsrapportar frå Norge og Noreg.* 2012
- Bibliografi over Ivar Aasens trykte skrifter.* 2013. E-bok. 2. utgåva 2014, 3. utgåva 2015
- På parti med språket? Språkpolitikk i norske partiprogram 1906–2017.* 2013. E-bok
- Historia om Ivar Aasen.* 2013. 1. utgåva, 1.–3. opplaget 2013
- Historia om Ivar Aasen.* 2013. 2. utgåva, e-bok
- Språksansen. Kalender om all verdas språk.* 2013
- Bibliografi over skrifter om Ivar Aasen.* 2014. E-bok
- Historia om Ivar Aasen.* 2014. 3. utgåva
- A world of languages and written culture.* 2015. E-bok
- Skjønnlitterære debutantar på nynorsk og dialekt 1843–2014.* 2015. E-bok
- Språkfakta 2015. Ei historie om språk i Noreg og verda gjennom 850 tabellar.* 2015. E-bok
- Language museums og the world.* 2017. E.bok
- Vinje-bibliografien. Skrifter av og om Aasmund Olavsson Vinje 1843–2016.* 2017

Ottar Grepstad

Vinje-bibliografien

Skrifter av og om Aasmund Olavsson Vinje 1843–2016

Nynorsk kultursentrum
Ørsta 2017

© 2017 Ottar Grepstad og Nynorsk kultursentrum

Printed in Norway

Papir: 100 g Arctic Matt

Sats: Nynorsk kultursentrum

Trykk og innbinding: Ait Bjerch AS

Konsulent: Rune Aarflot, Aarflot Media Holding AS

1. utgåva publisert 23. august 2017

Framsida

Tresnitt av Terje Grøstad i A.O. Vinje: *Dølen*, IV, Oslo 1973. Foto: Ivar Aasen-tunet

Siste sida

Frontispis i A.O. Vinje: *Storegut*, Christiania 1873

Gjenbruk

Enkeltopplysningane, tabellane og figurane kan brukast fritt når kjelde blir oppgitt. Kommersiell bruk av opplysningane i produktutvikling eller på anna vis berre etter avtale

Alle merknader, eventuelle rettingar og opplysningar er velkomne til
Nynorsk kultursentrum, Indrehovdevegen 176, N-6160 Hovdebygda,
admin@asentunet.no

ISBN-978-82-92602-28-7

Innhald

Forskrift	7
Skrifter av A.O. Vinje	13
Krønikeskrivaren A.O. Vinje	15
Utgivingar 1845–1870	71
Bøker 1852–1868	72
Småskrifter og særprent 1851–1870	73
Artiklar, talar og prosastykke 1846–1870	76
Dikt og songar 1845–1870	112
Omsetjingar og gjendiktingar 1851–1870	144
Omsetjingar og gjendiktingar til andre språk	146
Drammens Tidende 1851–1859	147
Tekstar år for år	148
Dølen 1858–1870	171
Nummer år for år	172
Utgivingar 1870–2016	185
Bøker og småskrifter	186
Artiklar, talar og prosastykke	194
Dikt og songar	195
Brev	195
Marginalia	202
Omsetjingar og gjendiktingar 1881–2015	205
Prosa	206
Dikt og songar	206
Brev og manuskript 1843–1870	227
Nasjonalbiblioteket	228
Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab	236
Norsk Teknisk Museum	237
NYNU Gennursbiblioteket	237
Nynorsk kultursentrum / Vinje-senteret	238
Dedikasjonar	238

Skrifter om A.O. Vinje	241
Å lese og forstå A.O. Vinje	243
Skrifter og tekstar 1846–1870	281
Skrifter og tekstar 1871–2016	307
Dikt og songar til eller om A.O. Vinje 1852–2016	379
Radio- og tv-program 1927–2016	385
Brev og manuskript i utval	395
Nasjonalbiblioteket	396
Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab	407
Statsarkivet i Trondheim	408
 Etterskrift med takk	 413
 Bonussider	 417
A.O. Vinje: [«Selvbiografi»] (ca. 1861)	419
A.O. Vinje: «Kort Oversigt over mit Liv» (ca. 1862)	424
Livstavle for A.O. Vinje 1776–1932	431
Vinje-tekstar i Nordahl Rolfsens lesebøker 1886–1955	436
Vinje i tal	442
1 Utgivingar i alt 1845–2016	442
2 Utgivingar etter språk 1845–2016	442
3 Utgivingar enkelttekstar etter publikasjon 1845–1870	443
4 Tekstar som ikkje er med i verkutgåver	444
5 Publiserte tekstar om Vinje 1847–2016	445

Forskrift

DEI FEM TJUKKE BØKENE med blå band å tvers og A.O. Vinje i gullskrift hadde alltid stått der. Eg hugsar dei frå ei bokhylle i Nedre Vats, seinare frå gamlehuset på Gjerå i Jølster, i rommet der årstalet 1797 er skore inn. Då mor døydde i 2000, tok bøkene vegen til Volda.

Denne folkeutgåva av Vinjes skrifter kom i fem band mellom 1942 og 1948. Den handskrivne kvitteringa for kjøpet av band 3, 12 kroner + porto 85 øre, ligg i boka enno, datert 25. juni 1948, adressert til Herr Andreas Grepstad, Lom. Far og mor hadde flytta dit frå Siljan ved Skien same året. Derfor var boka levert av bokhandlar og forleggar Erik St. Nilssen i Skien. I 1960 gav han ut Ruth Alvsens *Ferdaminne 100 år etter*, den første boka i Vinjes fotefar.

Det porøse papiret med all sin bulk i ei for si tid nokså påkosta utgåve har gitt desse bøkene ei kjensle av det lette – og det viktige. Kva dei har hatt å seie, forstod eg først under arbeidet med denne bibliografien.

Bibliografiane er skriftkulturens lovsamling; utan dei veit ein ikkje kva ein skal gjere, langt mindre kva ein bør lese. I 1942 gav Thor M. Andersen ut *Garborg-litteratur 1866–1942*. Av eit heilt anna format er *Bibliografi over skrifter av Ivar Aasen* (2013) og *Bibliografi over publiserte skrifter av Ivar Aasen* (2014) med seinare oppdateringar. Denne *Vinje-bibliografien* er ein parallell til desse, og som bibliografiar flest mest eit utkast. Den som les på kryss og tvers i desse skriftene, kan snuble over linjer og stader som andre har lagt lite merke til.

DEN FØRSTE BIBLIOGRAFIEN over Vinjes skrifter laga Christian C.A. Lange til Jens E. Krafts *Norsk Forfatter-Lexicon 1814–1856* i 1863. Det heldt med éi side. Til eit nytt *Norsk Forfatter-Lexikon 1814–1880* av Jens Brage Halvorsen i 1908 skreiv historikaren Halvdan Koht ein 28 sider kompakt artikkel som alt fem år før kom ut som særtrykket *Aasmund Olavsson Vinje. Hans liv og forfattervirksomhed, aktmessig fremstillet*.

Sytti år seinare kom den neste. Leif Mæhle la ned eit stort dokumentarisk arbeid i artikkelen om Vinje i *Norsk biografisk leksikon*. Også den kom først som særprent, i 1975; heile bandet kom to år etter.

Og det var det. Mangt har vore skrive om Vinje, men noko godt oversyn over kva han faktisk skreiv, har ingen hatt. Det hindrar ikkje at gode analysar kan lagast og store forteljingar skrivast, men i lengda kan verken litteraturvitarar eller andre greie seg utan den pålitelege bibliografien.

Støre og mindre studiar om Vinje inneheld ofte meir eller mindre omfattande kjeldelister. Mykje kunne hentast frå Sigmund Skards avhandling frå 1938, Olav Midttuns biografi frå 1966 og Leif Mæhles 37 sider lange artikkel i *Norsk biografisk leksikon* frå 1977. Ein selektiv bibliografi i seg sjølv er dokumentert i Jon Haarbergs studie *Vinje på vrangen* frå 1985.

MANGE KJELDER HAR VORE BRUKTE for å kome såpass langt som dette. Bokhylla.no, NORART og andre tilgjengelege databasar ved Nasjonalbiblioteket har vore gjennomførte. Det same gjeld *Bibliografi over norsk litteraturforskning*, bygd på dei årlege oversyna i *Norsk Litterær Årbok*, og dei store bibliografiane over norsk litteraturforskning på 1900-talet. Supplert med Reidar Øksnevads imponerende temabibliografiar har dette tilført mykje informasjon.

Ein del er henta frå klippsamlinga til Peder Hovdan i *Arkiv for norsk målreising*, plassert i Aasen-tunet. Der ligg ein del som ikkje ville blitt funne på anna vis. Det same gjeld ein del blad og aviser i Anton Aures *Norsk boksamling* på same staden. Aasen-tunet forvaltar dessutan Ole Dalhaugs database over innhald i Den 17de Mai 1894–1913. Sjølv om ein ikkje kan søke på omtalte personar, var det likevel noko å hente der.

For nokre skribentar og forskarar er det utvikla eigne bibliografiar, som kulturforskaren Reidar Djupedal, publisisten Idar Handagard, historikaren Halvdan Koht. Jamført med andre skribentar kan nokre dominere meir enn dei ville ha gjort viss like systematisk informasjon låg føre om andre skribentar.

Sara Handagard store arbeid *Idar Handagard. Bibliografi 1893–1956* (1988) viser kva ein bibliografi i røynda tener til. Idar Handagard har aldri vore framheva i allmenne litteraturhistoriske oversynsverk, og han har heller ikkje vore rekna med blant sentrale meiningsdannarar. Bibliografien avdekkjer ein enorm produksjon.

Kohts oversyn i *Norsk Forfatter-Lexikon* skulle tilseie at det ville vere vanskeleg å finne meir stoff frå 1800-talet, men du finn ikkje noko før du kjem der det er. Leiring i gamle og nye arkiv er supplerte med graving i alle retningar, digitale søk i Retriever frå og med 1984 og i Bokhylla.no for heile tidsrommet.

VINJE SKREIV OG YTRA SEG OFFENTLEG frå 1845 til 1870. Han publiserte meir enn det som har vore mogleg å dokumentere i denne bibliografien. Heile eller delar av viktige avisårgangar er komne bort, og det er lite sannsynleg at alt han skreiv i Lister og Mandals Amtstidende 1844–1848 og Drammens Tidende 1851–1858 nokon gong vil bli kjent, om det ikkje dukkar opp aviser på eit tørt mørkeloft eller bak bordkledningar. Kanskje er det også noko meir i Morgenbladet 1848–1850 enn det som har vore kjent til no

Endeleg er iallfall Vinje-tekstane i Drammens Tidende systematisk identifiserte. Eit stort prosjektsamarbeid mellom Norsk språk- og litteraturselskap og Nasjonalbiblioteket blir fullført med utgiving av alle tekstane hans i 2018. Prosjektleiari Nina Evensen og Jon Haarberg ved Universitetet i Oslo har stilt kunnskapen sin til rådvelde for dette arbeidet.

Bibliografien inneheld dei stykka ein med visse kan seie er skrivne av A.O. Vinje. Han laga seg fleire faste spalter i Dølen: «Fraa Christiania» var ei slik, «Innanlands» ei anna. Under desse titlane publiserte han mest notisar. Nokre av desse er med i ei eller fleire verkutgåver, og dei er då registrerte på vanleg måte, men Dølen inneheld mange slike notisar, og her er bibliografien ikkje komplett.

Kvart stykke er ført opp for seg med informasjon om kvar det blei publisert første gongen, kvar Vinje sjølv eventuelt fekk det trykt seinare, og kva verkutgåver det har vore trykt i mellom 1882 og 1993. For bøkene og småskriftene er alle seinare utgåver tekne med, vonleg også alle opp-laga.

Ein god del artiklar og dikt blei trykte i fleire publikasjonar, gjerne med få dagars mellomrom. Slike opptrykk i samtida er dokumenterte, og bibliografien presenterer mange fleire slike enn det som har vore kjent før. Slikt finst det kanskje meir av, men for kunnskapen om kva Vinje faktisk publiserte, har det mindre å seie.

Bibliografien er konsentrert om det som kan kallast allmenn publisering. Å få med alle tekstar som har vore trykte i lærebøker, var utenkeleg

med den tida som stod til rådvelde. Eit av fleire bonusspor er ein dokumentasjon av Vinje-tekstar i *Nordahl Rolfsens lesebøker 1892–1955*, med eitt opplag for kvar bok.

Den delen av bibliografien som inneheld skrifter om Vinje, har med litteraturhistorier for utdanning utover folkeskule eller grunnskule. For desse som for andre bøker er i prinsippet berre nye utgåver førte opp.

Noko klart skilje mellom utgåve og opplag fanst ikkje før det internasjonale boknummersystemet ISBN blei innført frå 1971. Derfor har rettesnora vore å ta med dei utgivingane som har endringar i tekst eller ombygging.

Digitale tekstar som ikkje er daterte, er ikkje tekne med. Denne tidløysa representerer ein mangel, ikkje minst fordi slike tekstar vil vere med og vise korleis bestemte synspunkt blir traderte, for ikkje å seie kopierte

DER ER EIT NAMNEPROBLEM. Aasmund Olavsson Vinje var ein mann som har fått namnet sitt skrive på mange måtar. Olavsson, Olavson, Olavsen, Olafsøn, Olafson og Olafsen har gått om einannan, ei tid også Aasmund og Åsmund. Det fekk Halvdan Koht til å skrive «Um namneformi Olafsen – Olafson» i Den 17de Mai i 1903. Så seint som i 1975 brukte Olav Vesaas namneforma Olafsen i ein diktantologi. Det har også skifta på med fullform og initialar.

Søk i Bokhylla.no for heile 1900-talet viser at initialforma blei brukt 12 gonger så mykje som fullformene, medan søk i Retriever.no for tida 2010–2016 gav den stikk motsette tendensen.¹ Om initialforma gradvis har gått ut av bruk, er ikkje undersøkt, men i innførslane i denne bibliografien er initialforma brukt fem gonger oftare enn fulforma.

Med ei eineståande faksimileutgåve av Dølen 1970–73 laga Reidar Dupedal og Kaare Haukaas det beste oversynet til no over Dølen-tekstar skrivne av andre enn redaktøren. Oversynet krev eit atterhald. Fleire enn redaktøren skreiv usignert i bladet.

Andre skilde seg ut språkleg. Olav Midttun laga ein annotert bibliografi over ein del større og mindre stykke på svensk i Dølen 1865 og 1866, publisert som «Svensk i Dølen», *Syn og Segn* 1927. Der var meir svensk seinare i årgangane.

¹ Søk i Retriever.no 3.1.2017 og Bokhylla.no 6.1.2017.

Dølen inneheld mange omsette dikt og prosastykke. Slike er berre tekne med når Vinje er sikkert identifisert som omsetjar. For første gong blir omsetjingar og gjendiktingar av Vinje-tekstar til andre språk dokumentert systematisk. Her var bibliografien *New Norse literature in English translation 1880–1982* av Jostein Fet frå 1985 ein viktig inngang.

PÅ NASJONALBIBLIOTEKET står eit skuffeskap i tre i vestre rom i 3. etasje. Dei 15 skuffene rommar fleire tusen arkivkort i A5-format. I to skuffer ligg eit biografisk leksikon med korte omtalar av forfattarar, ei skuffe inneheld informasjon om viseprent, der er to skuffer om blad, to om målreising, og der er tre skuffer om «dikt og litterære stykke». Alt dette og meir til dokumenterer bruken av nynorsk på 1800-talet og eit stykke ut på 1900-talet.

Så gjorde altså Anton Aure dette også. I tillegg til å grunnlegge *Nynorsk bokliste* bygde han opp denne analoge databasen med kryssreferansar. Då han døydde i 1924, berre 40 år gammal, viser handskriftene at andre tok over og la til. Alt før det arbeidet stoppa, var denne Aure-katalogen gløymd. Så vidt eg kan forstå, er Reidar Djupedal den einaste som har sett i denne katalogen av dei som har skrive om Vinje etter 1920-åra.

Eg oppdaga skapet i tide til å få med det som der står om Vinje. Dermed blei det over 100 ekstra innførslar i bibliografien. Dermed ser reknestykket slik ut: Halfdan Halvorsen + Vetle Vislie + Halvdan Koht + Anton Aure + Olav Midttun + Reidar Øksnevad + Reidar Djupedal + Idar og Sara Handagard + Jon Haarberg + mange andre + omfattande eigne undersøkingar = *Vinje-bibliografien*.

Mange kopiar er henta ut frå andre samlingar. Desse er ordna kronologisk i samlinga «Vinje-tekstar» i Vinje-senteret.

A.O. Vinje skreiv to sjølvbiografiske artiklar. Over 150 år seinare er begge tilgjengelege i latinsk skrift, in extenso, som nokre av bonussidene i denne boka.

REDIGERING OG OPPSETT følger mønsteret i *Bibliografi over Ivar Aasens publiserte skrifter* og *Bibliografi over skrifter om Ivar Aasen*. Unntaket gjeld kva som skal reknast som bøker, og kva som er småskrifter. Unesco set grensa for bøker ved 48 sider. Det er også gjort i denne bibliografien. Skrifter med færre sider er altså rekna som småskrifter.

Særtrykk har i prinsippet sin eigen distribusjon. Derfor er dei tekne med som sjølvstendige trykksaker anten dei har eiga paginering eller ikkje.

Bibliografien har med variantar av tekstar, så langt råd er. Ein *variant* er ein tekst som er semantisk ulik ei tidlegare utgåve. Rettingar av openberre skrivefeil åleine gjer ikkje teksten til ein variant, heller ikkje rettskrivingsendringar. I ein del tilfelle kan det likevel vere vanskeleg å seie sikkert om endringane i teksten er slik at den bør reknast som ein variant. Denne bibliografien identifiserer ikkje detaljane i variantane, men kvar variant er rekna som ein eigen tekst.

I studiet av songlyrikk blir *versjon* gjerne brukt om dikt og viser til kombinasjon av tekst og melodi. Ein song blir rekna som ein eigen versjon dersom den har ein annan melodi. I denne bibliografien er det ikkje teke omsyn til musikken og dermed slike versjonar.

Artiklar i fleire delar som går over fleire nummer av ei avis eller eit blad, er rekna som meir enn ein artikkel.

Ein gong og altfor lenge var det ein konvensjon å bruke utgivingsnummer for blad og aviser i staden for å datofeste dei. I vår tid er det dato som gjeld. Derfor er alle innførslane i denne bibliografien frå aviser identifiserte med dato og ikkje nummer. Det arbeidet har avdekt fleire feil i tidlegare bibliografiar og kjeldelister.

Ikkje for det, av og til er ein bokstav nok til å gjere dumme feil i bibliografiar. Slik er det nok i denne også.

Skrifter av A.O. Vinje



Tresnitt av Terje Grøstad i A.O. Vinje: *Dølen*, II, Oslo 1971. Foto: Ivar Aasen-tunet

Krønikeskrivaren A.O. Vinje



Tresnitt av Terje Grøstad i A.O. Vinje: *Dølen, II*, Oslo 1971. Foto: Ivar Aasen-tunet

HAN VAR MANNEN for dei mange merkelappane. Den første moderne journalisten. Den romantiske poeten. Den skarpe observatøren. Den tvisynte essayisten. Den karnevaleske kritikaren. Den merkverdige.

Alle dei nemningane er ganske lette å grunngi. Aasmund Olavsson Vinje var diktar og essayist, journalist og kritikar, redaktør og aktør, talar og framførar. Å skulle samle alt dette i eitt ord kan verke meningslaust, men der er noko som pregar tekstane hans. Det aller meste Vinje skreiv, er tidfesta eller kan stadfestast, som høvesdikt eller høvesprosa, skrive for tida og staden. Mannen frå Vinje var der det høvde seg, og der det passa han. Han var, med redaktør Paul Botten-Hansens ord, også ein «national Fest-Voyageur».²

Slik skreiv han ei krønike om sitt eige liv, om eit samfunn, ei tid. Tekstane blei publiserte mange stader, men i sum kunne dei kallast Vinje-posten. For kvar einaste dato gjennom året vil det finnast skriftstykk som er knytte til nettopp den datoen, skrivne ein eller annan gong mellom 9. mai 1843 og 24. juli 1870.

I to aviser skreiv han tidfesta gjennom to tiår, først i Drammens Tidende frå 1851 til 1859, så i Dølen frå 1858 til 1870. I dei avisene meska han seg i eit mylder av sjangrar og format: dikt, epos, essay, forteljing, innlegg, kommentar, kritikk, notis, referat, song, tale.

Noko av det han skreiv, har kome bort. Det gjeld fleire stykke i Lister og Mandals Amtstidende mellom 1844 og 1848, mange i Morgenbladet 1848–1850 og om lag 130 korrespondansar til Drammens Tidende mellom 1851 og 1859. Det eldste kjende brevet – med det eldste kjende diktet – skreiv Vinje i Asker 9. mai 1843, og den eldste kjende artikkelen stod på trykk i Lister og Mandals Amtstidende 14. januar 1846. Det eldste kjende diktet som han sjølv publiserte, var «Til 17de Mai» i Folkets Røst 15. mai 1850, men alt i 1845 hadde han fått på trykk eit 17. mai-dikt i Lister og Mandals Amtstidende, som har kome bort.

² [Paul Botten-Hansen]: «A.O. Vinje – 'Dølen'», *Illustreret Nyhedsblad* 26.7.1863.

Tabell 1
Viktige skrivestader for A.O. Vinje

Lister og Mandals Amtstidende	1845–1848
Morgenbladet	1847–1869
Folkets Røst	1850
Tiden	1850
Manden / Andhrimner	1851
Drammens Tidende	1851–1859
Illustreret Nyhedsblad	1852–1866
Dølen	1858–1870

Gjennom 25 år skreiv Vinje særleg mykje i åtte blad og aviser (tabell 1). Ut frå det han sjølv har nemnt, debuterte han som forfattar seinast i 1845, i Mandal, 27 år gammal. I to tiår frå 1850 til 1870 var han ein profilert og tydeleg skribent i mange format. Etter at han døydd, har det kome så mange nye utgåver og opplag av eldre bøker at Vinje aldri har vore i nærleiken av gløymeboka.

Bibliografien inneheld til saman 2500 publiserte enkelttekstar og bøker. Av desse er 2042 frå Vinjes leveår, medan 458 er posthume utgivingar.³

A.O. Vinje skreiv mykje og publiserte sjølv nesten alt. Det blei til 47 bøker og småskrifter medan han levde, og etterpå kom 92 til. Bibliografien dokumenterer 1569 prosatekstar, 401 dikt og songar, 22 gjendiktingar frå andre språk, 124 brev og sju marginalia.

Bibliografien gjer også greie for 237 omsetjingar og gjendiktingar til 11 språk av 33 dikt og songar og 16 prosatekstar. Berre 19 av desse blei trykte medan Vinje levde.

Forfattarskapen er språkdelt på midten i tid, men i mengd domineer nynorsk. Nesten alt han skreiv frå 1843 til 1858, var på dansk eller dansk-norsk. Dei siste 12 åra skreiv han med få unntak alt på nynorsk. To av tre Vinje-tekstar – 1409 – blei skrivne på nynorsk. Både intellektuelt og publisistisk blir det likevel eit misvisande Vinje-bilde om ein vel bort det andre språket frå forfattarskapen hans.

Språkforskaren Magne Myhren rekna seg i 1993 fram til at Vinje hadde skrive 4500–5000 boksider på nynorsk og minst 1500 på dansk-

³ Bibliografien inneheld 2513 innførsalar, nummererte 1–2056 og 3000–3456. Av redaksjonelle grunnar og for å lette oversynet er 12 tekstar (dikt) førte opp to stader. Nr. 388 går ut.

norsk.⁴ Då eg las det, hadde eg alt rekna meg fram til om lag same talet – minst 6500 boksider i alt. Det talet inkluderer om lag 130 korrespondansar i Drammens Tidende som har kome bort, og dei tekstane i Dølen og andre blad som ikkje har vore tekne med i verkutgåver. Alle verkutgåvene er skrifter i utval anten dei blei kalla *Skrifter i Utval* eller *Skrifter i Samling*. Mest lesestoff er det i den første frå 1880-åra, men då berre frå nynorsktida 1858–1870. Om lag ein tredel av det Vinje publiserte, er ikkje seinare trykt opp med latinsk skrift.

Mykje blei skrive for tida og staden. Denne høvesskrivinga kan forklarast på fleire vis, og bør dessutan forståast økonomisk. Vinje hadde ein slags avtale med Morgenbladet i halvtanna år frå sommaren 1848, i Drammens Tidende frå 1851 til 1859. Oppdrag som høvesdiktar og talar kasta kanskje ikkje mykje av seg – om dette seier kjeldene svært lite – men for ein som stødt trong pengar, kom alt godt med. Truleg fekk han også betalt for dei fleste talane han heldt, og dei var det mange av. Særleg dei siste åra gjorde han gode pengar som folketalar, festtalar og foredragshaldar. Ein seks veker lang turné i Bergen med 12 foredrag hausten 1869 gav heile 220 spesidalar i inntekt. Årsløna som ekstraskrivar i Justisdepartementet 1865–1868 hadde vore 250 spesidalar.

Viss dette med pengar har noko for seg, kunne Dølen-åra 1858–1870 bli ein tankekross. Då trong han meir pengar enn nokon gong, men då skulle han ha mindre tid til slike gjeremål. Særprenta gir ein peikepinn om korleis han løyste det. Av 40 kjende særprent mellom 1851 og 1870 kom 13 ut før første nummeret av Dølen, 27 etterpå. Med bladet styrkte han sin eigen posisjon, og den posisjonen kunne han bruke til å sikre inntektsgrunnlaget for eige liv og blad.

A.O. Vinje skreiv det han hadde råd til å skrive, og han skreiv når han hadde råd til det. Flammen blafra i mange retningar.

KORLEIS HAN SKREIV? Han kunne samle ganske store tankerekker og tankeprang i nokså avgrensa format. Bjørnstjerne Bjørnson skal ha sagt til Ludvig Kristensen Daa i 1864 at Vinje «er en Mand uden Sammenhæng

⁴ Magne Myhren: «Nokre merknader til mål og målbruk hjå Aasmund Vinje», i Lars Roar Langslet og Jon H. Rydne (red.): *Villmann, vismann og veiviser. En essaysamling o A.O Vinje*, Oslo 1993, s 110.

og Kraft i Tanken. Han kan ikke skrive en Bog, blot Stumper».⁵ Sikta Bjørnson til den dikta forteljinga og romanen, som han sjølv meistra godt? Truleg. Vinje skreiv foljetongromanen «Elsk og Giftarmaal» tre år seinare, den andre romanen på nynorsk, etter *Han og ho* av Kristofer Janson i 1865. Bjørnson hadde nok eit poeng. Lange Vinje var best på dei små flatene.

Som Aasen sikta Vinje seg inn på naturvitskap. Det han las av slikt i Mandal, sette djupe spor, og sjølv om han tok ei anna lei, mista han aldri interessa. Dei var begge opptekne av tekniske nyvinningar, frå jernbane og ballongferd til luftsigling og brubygging. Det viste også att i skrivemåten. Kulturforskaren Reidar Djupedal peikar på at Vinje ofte brukte metaforar frå naturvitskapen.⁶

Han siterte gjerne seg sjølv. Det passa han nok godt å vise til noko han ein gong hadde sagt og så stundom kome med eit lite dikt som ingen hadde lese før. I ein slik enorm tekstproduksjon er det ikkje til å unngå at nokre formuleringar blir brukte fleire gonger. Litteraturvitaren Olav Midttun har peika på ein gjengangar som fortener utdjuping.

Kyrkjeorgelet var eit instrument som gjorde inntrykk; Ivar Aasen høyrde det for første gong i Bergen sommaren 1841. Dette gjorde Vinje om til sin fremste metafor for språk, diktekunst, det skjønne.

Først overordna og prinsipielt, i 1856: «Vi mangler ikke Ord, men kunde spille paa vort Sprog som paa et fuldtonende Orgel, blot man fik væk den Galskab, at det er raat.»⁷ Så med eit kollektivt perspektiv i 1858, der han rekna med at verken andre eller han skreiv nynorsk slik det språket ein gong ville bli: «Af disse Emner og andre til vil i Mannsaldrar eit nyt heilt og velklingande Maal ihopsetjas, som Skalden vil kunna spila paa som eit velstemt fulltonande Orgel.»⁸ Dette samspelet mellom det individuelle og det kollektive kom han attende til i forordet til *Diktsamling*, 1864. Der reflekterte han over språkets rolle i diktinga og kor viktig det var å finne attende til det opphavlege språket: «Er denne Grundtone først funden, tenkte jeg, saa kan man Tid eftens anden, alt som man føler det nød-

⁵ Ludvig Kristensen Daa: *Politiske dagbøger og minner. 1. 1859–1871*. Oslo 1934, s. 313.

⁶ Reidar Djupedal: «Bladmannen Vinje», i A.O. Vinje: *At vera døl*, Oslo 1972, s. 205.

⁷ «Korrespondance», *Drammens Tidende* 25.1.1856.

⁸ [«'Dødens' fyrste Ord»], *Dølen* 10.1.1858.

vendigt og muligt, trække ud Stemmer f. Ex. en hver Menneskealder, indtil man omsider kan spille med fuldt Orgel.»⁹ Dette fulgte han opp då han avslutta forordet i *Storegut* 1866: «Det er med oss som med Organisten, naar han i sit Fyrespil eller Præludium spilar med faae 'Stemmer'. Folk etter oss faa fyrst den Lukka aa kunna draga ut alle 'Stemmer' og spila med fullt Verk.»¹⁰

Orgel-metaforen blei etter kvart til noko meir enn forholdet mellom den eine og dei mange. Uttrykket bar i seg ein utviklingsoptimisme om det nynorske språket som eit fleirstemt verk. Her meinte han at han kom til kort, enno måtte meir skrivast og meir diktiast og meir syngast: «Eg vaagar meg ikki, som eg har sagt, til at draga ut alle Stemmer paa dette Orgel, og spila med fullt Verk».¹¹

For Vinje smelta språket og det vakre, det fullenda, saman i ein særmerkt estetikk: «Eg kan aldri høyra eit fulltonande Orgel, utan eg liksom høyrrer Salmen Dies iræ, dies illa tuta og yla om Domedagen», skreiv han i 1862.¹² Med denne latinske hymnen frå 1200-talet skreiv han saman lange linjer i språk og kunst til eit bilde frå det moderne: det fulltonande orgelet.

Lyrikaren Vinje makta å skrive meir liv i språk og forteljing enn dei fleste før han. Bilda og jamføringane henta han frå det han sjølv kjende godt, men som var lite kjent for mange av lesarane hans. Snakket mellom husa ute på bygdene var eit anna enn konversasjonen i gatene, og i det låg ei overrasking og fornying

Han dikta lyrikk i mange former. For Vinje var der ingen skarpe skilje mellom songlyrikk og skriftlyrikk. Lista over høvesdikt til bryllaup, jubileum, festar er lang, først på dansk, frå 1858 stort sett på nynorsk. Mange av desse har aldri vore trykte seinare. Det har gitt eit anna preg på den samla lyrikken hans enn det faktisk burde vere.

Ikkje berre skapte han kunsten sin i den tida då romantikken vann sitt hegemoni og stygge fjell blei vakre. Han vandra kvilelaust og stille mellom prosa og lyrikk, song og skrift.

⁹ [«Forord»], *Diktsamling*, 1864, her etter A.O. Vinje: *Skrifter i Samling*, V, Oslo 1921 og 1993, s. 5 f.

¹⁰ «Forord», *Storegut*, 1866 og 1868, her etter A.O. Vinje: *Skrifter i Samling*, V, Oslo 1921 og 1993, s. 258.

¹¹ I foredraget «Om vaart nationale Stræv» i Bergen 1869, sitert etter A.O. Vinje: *Skrifter i Samling*, III, Oslo 1919 og 1993, s. 247.

¹² «Vaar Salmesak og Magnus Landstad», *Dølen* 8.6.1862.

Som oftast er rytmeskift med og gjer tekstar gode. Eit retorisk brot, ein pause, ei vending, ei markerande linjedeling, eit nytt avsnitt – rytmeskift kan skapast på mange måtar. Vinje gjorde det gjerne ved å veksle mellom prosa og lyrikk i ein og same tekst. Det gjorde han sjeldan på dansk i Drammens Tidende eller andre aviser, men ofte på nynorsk i Dølen og *Ferdaminni*. Forfattarar hadde skrive slik før, men Vinje raffinerte desse rytmeskifta til stor kunst. På same måten som han glei fram og tilbake mellom skriftlyrikk og songlyrikk, skifta han mellom fri prosa og bunden lyrikk. Av og til sa han det same på fleire måtar, andre gonger utfylte og kontrasterte formene kvarandre.

A.O. Vinje var ein reisande redaktør. I dei 12 åra han gav ut Dølen, var han til saman på reise i vel to år. På den tida hadde Ivar Aasen reist frå seg og var i det same tidsrommet på farten i mindre enn fem månader. Vinje-reisene gav reiseskildringar frå Arendal juni 1859, Sør-Noreg og Trøndelag juni–oktober 1860, København juni 1862, England og Skottland juli 1862–juni 1863, reise til Bergen november–desember 1869, og Vestfold eit par vinterveker i 1870. Men ikkje frå Vågå september 1861–februar 1862, lange opphald hos halvbroren Olaf i Charlottenberg i Sverige mars–juni 1861 og august–desember 1863, i Stockholm og Uppsala februar–mars 1864, eller frå opphaldet i Bergen november–desember 1869. Til vanleg såg han meir folk enn land. Reisa kysten rundt til og frå Bergen hausten 1869 gav ei av ganske få landskapsskildringar etter *Ferdaminni*.

Vinje likte å snakke med folk, same kven dei var. Han hadde bruk «for at tale med alle slags mennesker, og han forstod at tale med alle, undtagen med 'fine damer'», skriv omgangsvennen og historikaren Johan Ernst Sars.¹³ Vel kunne han skrive, og snakke gjorde han ofte, men han kunne også lytte. Over tid var Sars saman med Vinje gjerne ein kveld i veka, og for han var Vinje «en overmåde taknemlig tilhører» som lett tok inn alt nytt han hørde, og like lett mista interessa att.¹⁴

Nokon nyheitsjournalist var han knapt. Det var kommentaren han stødt arbeidde med. I det formatet kunne han gjere nett som han ville – referere det han hadde bruk for, assosiere og jamføre, legge meir vekt på si eiga forståing enn andre sine situasjonar.

¹³ J.E. Sars: «Bidrag til en karakteristik af A.O. Vinje», *Folkevennen* 1 1899, s. 194.

¹⁴ J.E. Sars, same staden, s. 213.

Nyheitsfritt var Dølen likevel slett ikkje. Frå 1860 utstyrte redaktøren bladet med spalta «Innanlandske Tidende», og i 1862 kom spalta «Riksnyt».¹⁵ Ordet «dagsnytt» var det Vinje som laga. Det kan tidfestast til 18. desember 1859.¹⁶

VINJE PUBLISERTE NESTEN ALT han skreiv. Bunken av upubliserte manuskript i Nasjonalbiblioteket og ymse arkiv er liten. For Aasen var det omvendt. Han skreiv mykje meir enn han nokon gong gav ut sjølv. Kven av dei som skreiv flest sider, er ikkje så viktig, og Aasen skreiv i 60 år, Vinje i 25.

Å gi ut bøker med tekstar av Aasen posthumt handla mykje om å gjere meir av stoffet hans allment tilgjengeleg. Godt over 100 år etter at han døydd, kom det framleis ut upublisert materiale av fagleg verdi. For Vinje var det omvendt. Der gjaldt det mest å gjere tilgjengeleg att, det som alt var utgitt.

Kvar sjette publiserte Vinje-tekst er eit dikt eller ein song. Seks av ti prosatekstar og åtte av ti dikt er på nynorsk. Då Vinje tok til med Dølen, hadde han alt skrive så mange kommentarar i aviser og blad at det nynorske dominerte heilt i eit tidsrom, men mindre i den samla prosaforfatterskapen. For lyrikken er det omvendt. Vinje skreiv mykje meir lyrikk etter at han tok til med Dølen enn han hadde gjort før.

Ivar Aasen skreiv for sin del mykje prosa, og nesten alt var på dansk.¹⁷ Også hos han var det i lyrikken at nynorsk dominerte. Det lyriske tyngdepunktet som Aasen og Vinje gav nynorsk i skrift frå 1849 til 1870, prega denne skriftkulturen for lang tid.

Vinje skreiv gjerne om fesjå og heldt sitt eige *bladsjaa*. I tillegg til kunstkritikken skreiv han mykje om blad og aviser. Skarpe meiningsbrytingar om saker som han hadde greie på, passa han godt. I *Skrifter i Utval* samla referentsjef i Stortinget, Halfdan Halvorsen, i 1887 dei 37 stykka Vinje skreiv under tittelen «Bladsjaa» i Dølen frå 7. november 1858 til 27. mars 1870. Utanom dette skreiv Vinje eigne stykke om blad og aviser, og han gav spalteplass til omtale av nye nynorskeblad som *Ferdamannen* i 1865 og *Svein Urædd* i 1868.

¹⁵ *Dølen* 15.1.1860 og 11.6.1862.

¹⁶ «Om Dagsnytt», *Dølen* 18.12.1859.

¹⁷ Ottar Grepstad: *Bibliografi over Ivar Aasens publiserte skrifter*, Ørsta 2015, s. 3.

VINJES FORFATTARSKAP VAR DEN FØRSTE i nynorsk litteraturhistorie som blei samla i verk. Frå 1882 til 1993 blei det gitt ut fem store verkutgåver (tabell 2). Dei første var redigerte som vanlege bøker, men etter 1948 tok faksimileutgåvene over. Firebandsverket av Dølen 1970–1973 var ei vakker faksimileutgåve ved Reidar Djupedal. 1993-utgåva var ei enkel faksimileutgåve av banda 1916–1921 med eit tilleggsband redigert av litteraturvitaren Jon Haarberg.

Den første utgåva stod Halfdan Halvorsen for saman med forfatteren Vetle Vislie. Resten tok gjerne litteraturvitaren Olav Midttun seg av.

Hovudverket i forfattarskapen var og er Dølen. Det bladet blei berre trykt i nokre hundre eksemplar, og langt frå alle gjorde som Ivar Aasen – tok varsamt vare på kvart eit nummer og fekk årgangane innbundne. Då Halvorsen førebudde den første verkutgåva, var det om å gjere å presentere eit fyldig utval frå Dølen. Bort imot 2000 sider prosa og godt over 400 sider dikt kom med.

Tabell 2
Fleirbands verkutgåver 1882–1993

	Band	Sider	Redaktørar
1882–1890	6	3387	Halfdan Halvorsen og Vetle Vislie
1961–1921	5	2054	Olav Midttun
1942–1948	5	2096	Olav Midttun
1970–1973	4	1582	Reidar Djupedal
1993	6	2226	Olav Midttun og Jon Haarberg

Halvorsen og Vislie avgrensa *Skrifter i Utval* 1882–1890 til det Vinje skreiv frå og med 1858. Dei seks banda utgjer over 3300 sider, og alt er på nynorsk. Det aller meste er frå Dølen, og derifrå fekk han med meir enn Midttun, med unntak av Reidar Djupedals faksimile-utgåve av Dølen.

Mangt kom med, men mykje av det Vinje skreiv, har aldri vore utgitt i noka verkutgåve. Vinje publiserte sjølv godt og vel 2000 enkelttekstar medrekna nokre få bøker. Med tida er om lag 1650 Vinje-tekstar blitt publiserte i bokform, medan 850 aldri har kome med i eit eller fleire fleirbandsverk. Det handlar om noko slikt som 482 tekstar på dansk-norsk og 374 på nynorsk. Boklesarane har dermed hatt tilgjenge til tre av fire nynorsktekstar, men berre fire av ti tekstar på dansk eller dansk-norsk. Fråtrekt dei Drammens-korespondansane som ikkje lenger finst, er den språklege fordelinga jamnare.

Det aller meste av dikt og songar er med i verkutgåvene. Det er sakprosaen det skortar på, og då helst det som var mest bunde til tid og stad. Ikkje for det, verkutgåvene inneheld dei fleste høvesdikta Vinje skreiv. Det er journalisten og høveskrivaren som ikkje har sleppt til på same vis. Dermed har ettertida gjort krønikeskrivaren Vinje meir allmenn og tidlaus enn han var i den samla forfattarskapen sin.

DET STORE TOMROMMET I VERKUTGÅVENE er dei to sjølvbiografiane som finst etter Vinje. Kor spesielt dette er, blir tydeleg ved å jamføre med den sjølvbiografien IvarAasen skreiv.

Begge skreiv eigenomtalane sine på oppdrag – frå ein biskop, ein redaktør og ein som blei redaktør.

Biskop Frederik Neumann gav IvarAasen ein dag på å skrive, og «Selvbiografi» stod på trykk i Bergens Stiftsavis 19. og 22. august 1841.

Redaktør Paul Botten-Hansen i Illustreret Nyhedsblad bad Vinje skrive ein sjølvbiografi til bladet sitt, og stykket blei trykt 12. juli 1863. Redaktøren hadde då lagt til ei kort innleiing og ein ganske detaljert omtale av 1850-åra.

Ein annan sjølvbiografi som Vinje «dikterede en Ven», kom i Dagbladet 10. februar 1872 under tittelen «Kort Oversigt over mit Liv». Den vennen var truleg redaktør Hagbard Emanuel Berner i Dagbladet, kollega med Vinje i Justisdepartementet i fleire år. Kort tid før hadde han gitt eit lengre portrett av Vinje i avisa.¹⁸ Der kunne han bygge på det Vinje hadde fortalt han. I Dagbladet fekk dermed lesarane biografien før sjølvbiografien. Seinare skreiv Berner biografiske aertiklar om Vinje i Norsk Ungdom 1899, Symra 1902, Dagbladet og For Bygd og By 1917.

Ivar Aasen fekk sjølvbiografien sin publisert før han hadde utretta noko særleg. A.O. Vinje hadde vore ein offentleg og profilert forfattar i meir enn 15 år då den første sjølvbiografien blei publisert, og den andre blei trykt posthumt.

Begge dei trykte sjølvbiografiane er konsentrerte om tida fram til Vinje etablerte seg i hovudstaden frå 1848. Omtalane liknar kvarandre og inneheld fleire replikkar og formuleringar som er ganske identiske. Berre den første er ein autentisk sjølvbiografi, for den som stod i Dagbladet, var

¹⁸ Hagbard Emanuel Berner: «Brudstykker af Aasmund Olavssons Saga», *Dagbladet* 9.12. og 29.12. 1871 og 9.1.1872, også trykt i *Bergens Tidende*.

altså nedskriven og redigert av «en Ven». Likevel er den første meir munnleg i forma enn den som var fortald av Vinje til nedskrivaren.

Aasen sat og skreiv sjølvbiografien sin i Bergen 10. august 1841. Ingen av sjølvbiografiane av Vinje kan tidfestast så nøye. Då Illustreret Nyhedsblad trykte teksten, skreiv redaktøren: «Disse Meddelelser have vi allerede et Par Aar været i Besiddelse af; men vi have forudseet at 'Dølen' som Gjenstand for en Biographi fuldelig lod sig sammenligne med Viin, 'der bliver bedre ved at ligge'.» Det skulle tilseie at Vinje skreiv teksten om lag 1861. Den andre sjølvbiografien tidfesta Dagbladet til «Begyndelsen av Sexti-Aarene».

Så kva for ein er eldst? Den første er truleg også den eldste. Alt som Vinje skriv der, er meir utførleg framstilt i den andre, som også er meir presis i detaljane. Ei bok som Vinje feilaktig kallar «Aandelige Fortællinger» i den første, har fått den rette tittelen «Christelige Fortællinger» i den andre. Det kan vere Berner som har retta, men det er meir sannsynleg at slike detaljar er feil i den teksten ein skriv først, enn i den forteljinga ein lagar etterpå. Kanskje hadde dei også tilgjenge til det Vinje hadde skrive for Illustreret Nyhedsblad. I manuskriptet frå ca. 1861 hadde Vinje skrive «Klokker blev jeg ikke, men en Anden», men han retta det til «Klokker blev ikke jeg, men en Anden». Denne særmerkte ordstillinga er også brukt i 1872-teksten.

I den andre biografien nemner Vinje noko av det han har skrive, og legg til: «Norsk Forfatterlexikon vil fortælle, hvad jeg ellers har skrevet.» Vinje er omtalt i siste hefte av *Norsk Forfatterlexikon 1814–1856*, og det heftet låg føre i 1863. Det tyder på at Vinje og Berner snakka saman ein gong eller to i 1862. Den første teksten har inga slik tilvising og er såleis truleg skriven før Vinje visste at han ville bli omtalt der.

Fleire biografiar og verkutgivarar har kalla den første sjølvbiografien eit brev, truleg fordi teksten i Illustreret Nyhedsblad sluttar med orda «Resten af mit Liv kjender Du».

Det er berre det at teksten ikkje sluttar der i manuskriptet.

Berners manuskript til Dagbladet i 1872 er ikkje kjent. Derimot ligg originalmanuskriptet til Illustreret Nyhedsblad i 1863 i Gunnerus-biblioteket ved NTNU i Trondheim.¹⁹

¹⁹ NTNU Gunnerusbiblioteket XA Ms. Fol. 867. ID 71497283870002201.

Vinje har ikkje opna i brevs form, men gått rett på sak, utan overskrift: «Jeg er født ...». Manuskriptet sluttar ikkje som venta. Etter helsinga til redaktøren kjem det halvanna side til. Vinje hadde skrive ein ganske stram sjølvbiografi med balanse mellom dei ulike tidsromma, men sjølv lagt til noko meir seinare. Redaktøren erstatta den siste delen av Vinjes sjølvbiografi med sin eigen biografi om Vinje og skipla dermed balansen i den opphavlege teksten.

I manuskriptet held Vinje fram på neste linje etter meldinga til redaktøren. Å sjå til er alt skrive med same penn. Den ledige stilen i første del er derimot borte. Vinje blir meir rapsodisk og oppramsande, jamvel med ufullstendige setningar, og teksten ber preg av at han skal dokumentere noko av det han har skrive, særleg det som har vore trykt anonymt. Det er som om Botten-Hansen har bedt han skrive noko meir, og så blei det gjort i all hast, hulter i bulter, med fleire overstrykingar, og ein ny avsluttande tiltale til redaktøren.

I denne delen kjem det fram eit par opplysningar om skrifter av Vinje som ikkje har finst i andre kjelder – eit stykke i Lister og Mandals Amtstidende om filosofen Henrik Steffens, som skal ha vore trykt mange stader, og eit dikt som også var trykt i Christiania-Posten. I dei nummera som finst av Mandals-avisa, står ingen ting om Steffens.

I siste setninga i manuskriptet til den første sjølvbiografien viser Vinje til *Ferdaminni*. Dermed kan teksten tidfestast til meir enn ca. 1861. Redaktøren skreiv i juli 1863 at bladet hadde hatt teksten liggande eit par år, og *Ferdaminni* var komplett i juni 1861. Summen av dette peikar mot hausten 1861 som skrivetid.

Berre tre firedelar av denne første sjølvbiografien blei trykt i 1863. Merkeleg nok er ingen av sjølvbiografiane frå Vinje trykte i seinare verkutgåve. Aasens sjølvbiografi har hatt ein ikonisk status og vore med i alle verkutgåvene, Vinjes ikkje i ei einaste. Derimot har biografane flittig brukt desse kjeldeskriftene, særleg 1872-teksten, både gjennom parafrasar, sitat og utdrag, som i Almuevennen 1869, Hamar Stiftstidende 1870, Dagposten 1879, Hjemmet 1885, Dag 1887.

A.O. Vinje var medforfattar av ganske mange biografiar om A.O. Vinje. Den som heldt avstand, var den som stod han nærmast, Ivar Aasen.

I sin myndige nekrolog om Vinje samanfatta Aasen sjølvbiografien i Illustreret Nyhedsblad 1863 på nokre få linjer og tenkte resten sjølv.²⁰

DIKT I ALLE FORMAT vil finnast i denne forfattarskapen. Vinje skreiv mange former for lyrikk – skriftlyrikk, songlyrikk, minnedikt og andre høvesdikt. Han varierte i form og format. Som omsetjaren og songaren Beryl Foster har peikt på, skreiv Vinje gjerne i mange av dei diktformene som då var mest vanlege i Europa, men ikkje alle desse var mykje brukte i Noreg.²¹

Både i Dølen og *Ferdaminni* er der mange dikt på to linjer. I hin enden skapte han dikteposet *Storegut* (1866) og det ufullførte dikteposet *Staale*, utgitt samla for første gong i *Skrifter i Utval* i 1886. Då hadde Vinje gitt ut 24 dikt om *Storegut* i Dølen frå 10. desember 1865 til 23. september 1866, og 30 dikt om *Staale* frå 27. desember 1868 til 17. oktober 1869. To tredelar av dikteposet *Storegut* blei publisert i Dølen på denne måten; det endelege verket inneheld 34 dikt.

Dei fleste dikta er frå to til åtte strofer. Nokre gonger strekker han seg langt forbi dusinet, til 16 strofer i «Efter en Sygdom» i Den norske Tilskuer 22. januar 1853, 18 strofer i «Innlegg millom H.Ø. Blom og H.Ibsen» i Dølen 18. desember 1859, 18 strofer i «Dølen til Svensken» i Dølen 15. april 1860, 19 strofer i «Den gamle Soldat ved de svenske Students Ankomst» i Den norske Tilskuer 24. juni 1852 og vidare til 31 strofer i «Nu med Krands og Taarne prud» i Christiania-Posten 23. desember 1854. Det toppa seg med 68 strofer i diktet «Eit Liv» i Illustreret Nyhedsblad 21. desember 1862. Eller nei. Dei 160 verselinjene i det diktet kan ikkje måle seg med 354 linjer i «Dagens Dikt» i Dølen eit halvt år tidlegare, 25. mai 1862.

Med Dølen hadde Vinje all den plassen han kunne trenge til å skrive kor langt han ville. Berre ikkje dei ni månadene i 1867 då Dølen var kjellar i bladet Vort Land. Der tok føljetongromanen *Elsk og Gifarmaal* mykje av spalteplassen.

Elles falda han gjerne ut tankar og dikt i større format, i fleire lange artikkelseriar, i epos som *Storegut* og *Staale*. Likevel var det nok det korte diktet som prega spaltene. Å forklare det med språkskiftet, at han skreiv annleis og kortare på nynorsk enn på dansk, blir for enkelt. Då har det meir for seg å skrive at i Dølen kunne han friare bruke kva sjanger han

²⁰ [Aasen, Ivar]: «Aasmund Vinje», *Dagbladet* 5.8.1870 og *Drammens Tidende* 7.8.1870.

²¹ Beryl Foster: *The Songs of Edvard Grieg*, Woodbridge 2007, s. 125.

ville. Det som var blitt lange dikt i 1850-åra, blei kanskje til ei høvesbestemt skifting mellom lyrikk og prosa i 1860-åra.

Som Aasen arbeidde han ofte vidare med dikta sine etter at dei var blitt publiserte første gongen. I bokform debuterte han som lyrikar med *Diktsamling* i desember 1863, eit halvt år etter at Ivar Aasen hadde gitt ut *Symra*. Dei to bøkene grunnla den nynorske lyrikken i skrift og song. Aasen kalla det viser, Vinje kalla det dikt.

Songsamlinga til Aasen var på 47 sider, *Diktsamling* utgjorde heile 232 sider. Mange av dikta i debutverket var omarbeidde frå tidlegare publisering, mange var også forkorta, og nokre hadde fått nye strofer i tillegg.

Signaturtekstar er det fleire av i denne forfattarskapen, som hos Ivar Aasen. Signaturdiktet «Nordmannen» publiserte Aasen mange gonger i ulike former på 12 år. «Blåmann, Blåmann» publiserte Vinje i tre variantar på sju år.

«'Blaamann', 'Blaamann', Bukken min»» stod tittellaust på trykk i *Dølen* 8. april 1860 med ein glidande overgang frå prosateksten det var ein del av med orda «... leitande etter Blaamann». Nettopp «Leitande etter Blaamann» blei tittelen på diktet i *Diktsamling*, 1864, medan Vinje trykte det utan tittel i *Blandkorn* tre år seinare.

Førsteutgåva i *Dølen* var på seks to-linjers strofer. Saman med fleire endringar i tidlegare strofer sette Vinje inn fem nye strofer etter dei fem første og ei ny, viktig sistestrofe i *Diktsamling*, 1864. Tre år seinare konkluderte han med ein variant på åtte strofer i *Blandkorn*, 1867. I denne siste varianten frå forfattarans hand er språket meir direkte enn første gongen: «Kanskje at du drepen er». Det er likevel neppe grunnen til at verkutgivarane valde varianten frå *Diktsamling* med same ordlyd som i *Dølen*: «Kanskje no du ligger daud». Den varianten Vinje publiserte i *Diktsamling*, var rett og slett eit meir fullforma dikt, og framleis med ein open utgang.

Det spesielle er at både Halvorsen og Midttun redigerte varianten frå 1867 inn i stykket «Geiti» frå 1860, der Vinje hadde publisert songen første gongen. Dermed gav dei den samla teksten eit anna uttrykk enn Vinje hadde gjort i 1860. I tillegg til å ta med denne varianten i prosastykket i eitt band, publiserte dei varianten frå 1864 i eit anna band.

Sjølv om verkutgåvene var siderike, måtte mangt veljast bort. Det gjeld også for lyrikken. Vinje tok sjølv grep i *Diktsamling* og *Blandkorn* ved å publisere variantar av ein del dikt med færre strofer enn første gongen dei stod på trykk. Verkutgivarane følgde Vinje i mange av dei dikta, men

korta også endå meir ned i somme høve. Dermed ligg ei rekke Vinje-dikt føre i tre variantar: Vinjes førsteutgåve, Vinjes andreutgåve, verkutgiva-rens tredjeutgåve. Det kan godt hende at dette ikkje har skipla det preget Vinje sjølv gav dikta, men i fleire tilfelle har både Halvorsen og Midttun gjort seg sjølv til meddiktarar.

Vinje publiserte svært mange av dikta og stykka sine utan titlar. Med få unntak var «Korrespondance» overskrifta på dei mange stykka hans i Drammens Tidende. I bøkene sine gav han sjølv ein del dikt titlar, og endå fleire slike blei det i verkutgåvene. Desse titlane blei stundom henta frå første linja, andre gonger frå motivet i diktet, eller frå tittelen på det styk- ket dei var ein del av.

Det same skjedde med artiklane han skreiv. Det hende at dei titlane blei meir prega av si ettertid enn Vinje kunne rå med. I Dølen 19. septem- ber 1869 gjorde han seg sine tankar om kva slags leiarar eit demokrati treng. I okkupasjonsåret 1944 tok Olav Midttun den artikkelen med i fol- keutgåva av *Skrifter i Samling*. Tittelen var uangripeleg og tidsrett: «Kven skal vera folkeførarar?»

Til liks med «Blåmann, Blåmann» blei mange andre dikt publiserte i ein litterær kontekst. Dei kunne stå som inngang til teksten, dukke opp midt inni, eller dei kunne avslutte. Dette var Vinjes litterære vassmerke i den nynorske delen av forfattarskapen. Slike sjangerskifte verkar inn på lesinga, men noko av det blir borte når dikta blir publiserte som enkeltstå- ande verk. Det gjeld dikt som «Blåmann», Blåmann» frå stykket «Geiti» i Dølen 1860 og «Ved Rondane» i stykket «Huldra» i *Ferdaminni* 1861.

Eitt dikt spegelvende han. I Dølen 18. september 1859 publiserte han eit dikt på fire strofer som blei ein av mange klassikarar. Opningsstrofa var slik:

Det fyrste du hever at gjera Mann,
det er at døy,
naar ikki lenger du elska kann
den fagre Møy.

Dette diktet gøymde Vinje merkeleg nok bort under samletittelen «Eit og Annat» i *Diktsamling*, 1864. Der tok han heller ikkje med varianten frå «Malene fraa Foldalen» i *Ferdaminni*, 1861:

Det siste du hever at gjera Mann
det er at døy,
naar ikki lenger du elska kann
den fagre Møy.

I *Ferdaminni* er diktet på to strofer, og strofe to er uendra frå Dølen.

I Dølen var diktet inngangsteksten på framsida, der Vinje ofte trykte sjølvstendige dikt, og det stod der som eit resignert påbod. To år etter, i ein samanheng av begeistring og respekt, var diktet ei optimistisk formaning.

Vinjes forfattarskap rommar mange slike indre kontekstar der eit dikt *også* bør forståast ut frå den litterære samanhengen det står i.

Om det ikkje var for at nokon har endra førstelinja i diktet frå *Ferdaminni*. Det verket kom ut i eitt opplag medan Vinje levde. Eit nytt opplag blei trykt i 1871, og språkforskaren Hans Ross følgde førelegget frå Vinjes hand då han la utgåva til rette.

Etterpå rykte dei litterære revisorane inn på boksidene.

Halfdan Halvorsen og Vetle Vislie gjekk i gang med si seksbands-utgåve av *Skrifter i Utoal* i 1882. I det tredje bandet, utgitt 1884, stod *Ferdaminni*. Der var *siste* blitt til *fyrste*. I sine store verkutgåver gjorde Olav Midttun det same i 1920 og 1942. Det gjorde han også i den første skuleutgåva i 1911, og i alle seinare utgåver. Til skilnad frå Halvorsen kommenterte Midttun endringa overfor skuleelevane: «I 'Ferdaminne 1. utg. – heiter det: 'Det siste du hever at gjera Mann'».²²

Såg dei på det som ein openberr skrivefeil? Alt anna var likt, og det tyder like gjerne på ei medviten endring som ein tilfeldig feil. Eller tok dei Vinje på ordet då han skreiv i *Ferdaminni* at han «framsagde eit par Vers af meg, som stod i Dølen ifjor», endå dei visste – og skreiv at dei visste – at den formuleringa i fleire høve var ein del av skriftleiken hans?

Det kunne sjå ut til at Olav Midttun overprøvde ein av dei diktarane han sette høgast. Han visste at han gjorde det, viste at han gjorde det, forklarte ikkje kvifor han gjorde det. Ikkje med det same, men ganske fort. Alt i skuleutgåva frå 1923 la han til i merknaden: «Men det er retta paa umslaget». Vinje hadde i siste liten fått med ei retting på det typografiske omslaget, det som blei borte ved seinare innbinding.

²² Olav Midttun i A.O. Vinje: *Ferdaminne fraa sumaren 1860*, Kristiania 1911, s. 285.

DET VAR I MANDAL AT VINJE blei publisist og offentlig aktør. Berre tre Vinje-artiklar i Lister og Mandals Amtstidende er identifiserte. Kva Vinje elles publiserte der, nemnde han altså i sjølvbiografien sin, men også i nokre brev frå dei åra.²³ Vinje har skrive «en Deel gode Stykker i Avisene», signerte Søren Jaabæk i eit rundskriv 7. juni 1846, skrive av Vinje sjølv. Han skreiv utdrag av stortingsdebattar, samla gullkorn frå Friedrich Schillers verk, ein song til 17. mai 1845 og var i «en temmelig skarp Avisfeide med Sorenskriver Nannestad» våren 1845.²⁴ Våren 1848 mista han lærarposten. Då han var på veg bort frå byen, tok folk til «at rose mig offentlig» i avisa.²⁵

Sommaren 1846 tok Vinje dampbåten til Egersund, gjekk derifrå til fots og vitja Ole Gabriel Ueland heime i Lund i to dagar.²⁶ Der gjekk han og nynna på ei vise han kalla «Logik», fortalde Ueland etterpå, «men den kunde ikke komme ind i mit firkantede Hoved!»²⁷ Om dette var ei vise som Vinje fekk på trykk i Lister og Mandal Amtstidende eller ein annan stad seinare under annan tittel, eller om han aldri sette den på trykk, er ukjent.

I *Norsk Forfatter-Lexikon* i 1908 samla Halvdan Koht det heile til at Vinje skreiv «en Mængde Forskjellige Ting paa Vers og paa Prosa».²⁸

Idar Handagard kunne i 1925 fortelje at Vinje skreiv «om skulestell og ymist anna. Her i Manndal var det og at han tok til aa røyna seg som diktar og kritkar i blad som kom ut i andre og større byar».²⁹ I *Norsk litteraturhistorie* blei dette i 1937 til at Vinje skreiv «ogsaa vers og polemiske

²³ Brev til Søren Jaabæk 12.4. og 5.6.1845, rundskriv for Søren Jaabæk 7.6.1847, brev til Søren Jaabæk våren 1848, i A.O. Vinje: *Brev*, Oslo 1969, s. 22, 26, 27 og 41.

²⁴ I tilgjengelege nummer av avisa er det artiklar med overskrifta «Storthinget» 20.8.1845, 12.2., 4.4. og 4.5.1848. Ein eller fleire av desse kan vere skrivne av Vinje. Mathias Bonsach Krogh Nannestad (1815–1878) frå Ørlandet var sorenskrivarfullmektig i Mandal frå 1839 og blei seinare vald inn på Stortinget frå Lister og Mandals amt. Nannestad sat også i styret for Mandals Borgerskole.

²⁵ A.O. Vinje i brev til Søren Jaabæk [våren 1848], i A.O. Vinje: *Brev*, Oslo 1969, s. 52.

²⁶ A.O. Vinje i brev til Gabriel Michelsen Bordvig 25.4.1847, i A.O. Vinje: *Brev*, Oslo 1969, s. 39.

²⁷ Ole Gabriel Ueland i brev til Søren Jaabæk 30.10.1846, sitert av Olav Midttun i A.O. Vinje: *Brev*, Oslo 1969, s. 36.

²⁸ *Norsk Forfatter-Lexikon*, Kristiania 1908, s. 155.

²⁹ Idar Handagard: «Vinje i Manndal», *Norsk aarbok* 1925, s. 67.

og filosofisk-politiske bidrag, om disse skriftstykker vet man forresten ikke meget». ³⁰

Ein som kan ha visst meir, var Rasmus Torland. «Vd at gjennomlæse 'Amtstidende' fra slutten av 40 aarene støter man paa en flerhet av artikler, som Vinje er mester for.» ³¹ Kva artikkel det var, sa han ingen ting om, heller ikkje kvar dei avisene kom frå som han hadde sett gjennom. Torland samanfatta ein artikkel om skulespørsmål som Vinje hadde på trykk i 1847, «hvor han i brevform overlegent, vittig og slaaende uttaler sig om private og offentlige skoler, kommer herunder ind paa spørsmålet om de egenskaber, en dygtig lærer bør være i besiddelse av, samt om klassedeling og undervisningsmetoder». Olav Midttun kunne i 1966 legge til at Vinje hadde skrive noko om Henrik Steffens. ³² Det hadde han nok frå den utrykte delen av manuskriptet til Vinjes sjølvbiografi i *Illustreret Nyheds-bld*.

Andre og større byar? Handagard sikta truleg til ein skilsetjande artikkel i *Morgenbladet* 3. og 17. juli 1847. Der melde lærar A.O. Vinje ved Mandals Borgerskole *Christelige Fortællinger til Brug ved Siden af Religionsundervisningen i Almueskolerne* av Knud Olaus Knutzen. Denne hadde i 1836 gitt ut *Læsebog for Almueskolen mellomste Klasse* med ny og utvida utgåve tre år seinare. ³³ Kritikken og konsekvensane er ein gjengangar i Vinje-biografiane. Bokmeldinga sende han ut av skulen og inn til Christiania. Det som gjerne blir oversett, er at Vinje her skreiv noko så moderne som ein offentlig kritikk av ei lærebok – det kan ikkje mange ha gjort før han. Vinje må også ha vore ein av dei første lærarane som både meinte noko offentlig om ei lærebok og som mista stillinga si på grunn av den meininga. Slik skreiv han seg inn i norsk lærebokhistorie, men ikkje i *Norsk lærebokhistorie*. ³⁴

I Christiania skreiv han mykje om teater og annan kunst på ein måte som engasjerte lesarane, og som fekk dei til å ta stilling. På kort tid blei Vinje ein profilert kunst- og kulturkritikar i hovudstaden; han hadde øvd seg i Mandal.

³⁰ Francis Bull: *Norsk litteraturhistorie*, 5, Oslo 1937, s. 131.

³¹ Rasmus Torland: «A.O Vinje i Mandal», *Stavanger Aftenblad* 29.4.1918.

³² Olav Midttun: *A.O. Vinje*, 2. utgåva, Oslo 1966, s. 26.

³³ Dagrun Skjelbred ofl.: *Norsk lærebokhistorie*, Oslo 2017, s. 77.

³⁴ Dagrun Skjelbred ofl.: *Norsk lærebokhistorie*, Oslo 2017, er først og fremst ei verkhistorie, ikkje ei verknadshistorie, og har ikkje kunna inkludere lærebokkritikk systematisk.

DRAMMENS TIDENDE VAR den første litterære hovudscena for Vinje. Dølen var den andre.

Vinje hadde ikkje publisert all verda då han tok til som fast kommentator i Drammens Tidende. I eit par år skreiv han «adskillige Stykker i Morgenbladet», står det i nekrologen om Vinje frå Ivar Aasen.³⁵ Berre åtte artiklar og to dikt er identifiserte til no. Ein av artiklane førte til at han flytta frå Mandal til Christiania, ein annan til politikammeret i Christiana der han nekta å oppgi namnet sitt etter ein pipekonsert i teateret, og ein artikkel og eit dikt fekk redaktøren til å kvitte seg med skribenten.

Paul Botten-Hansen gav i 1863 inntrykk av at Vinje hadde vore tilsett i avisa.³⁶ Morgenbladet svara med både dementi og presisering. Privat hadde redaktør Stabell gitt Vinje «al fornøden Understøttelse» slik at han kunne ta examen artium. Vinje hadde derimot aldri fått noko honorar frå Morgenbladet «for sine forresten ikke mange og betydelige Bidrag».³⁷

Kanskje skreiv ikkje Vinje meir i Morgenbladet enn det som no ligg føre. I Folkets Røst hadde han på trykk iallfall to artiklar og tre dikt i 1850, i Tiden tre artiklar og to dikt.

A.O. Vinje etablerte seg som den viktige forfattere nettopp i 1851, på tre skriftstader. Han var medredaktør av satireskriftet Manden / Andhrimner, der han på ni månader publiserte 11 kortare og lenge artiklar og fire dikt, han skreiv 47 artiklar i borgarlege Drammens Tidende, og han skreiv åtte kapittel om norske nasjonaldrakter i eit praktverk utgitt av Nils Christian Tønsberg.

Andhrimner fekk visst aldri meir enn 100 tingarar.³⁸ I ei gryande offentlegheit var nok likevel bladet viktig i sitt vesle miljø.

Vinje var altså ingen trygt etablert skribent då han publiserte den første «Korrespondance» i Drammens-avisa 5. januar 1851. Han opna med første del av ein serie på seks artiklar om journalistikk Lenge var det nokså uvisst kor mykje Vinje skreiv i Drammens Tidende. Den uvissa kan redusert, men blir neppe borte.

³⁵ Ivar Aasen: «Aasmund Vinje», *Dagbladet* 5.8.1870.

³⁶ [Botten-Hansen, Paul]: «A.O. Vinje – Dølen», *Illustreret Nyhedsblad* 12.7.1863.

³⁷ *Illustreret Nyhedsblad* 9.8.1863.

³⁸ Vetle Vislie: *A.O. Vinje*, Bergen 1890, s. 79.

Paul Botten-Hansen meinte at Vinje skreiv «omtrent 1000 Korrespondencer» i Drammens Tidende.³⁹ Nordahl Rolfsen strauk atterhaldet i 1886: «Han skrev i ni Aar 1000 Korrespondancer.»⁴⁰ Neste vurdering stod Francis Bull for i 1937: «Tallet paa hans artikler i Drammens Tidende naar vistnok over 700.»⁴¹ Olav Midttun la til noko i 1943: «I alt hev han vel skrive ei 700 brev, og storparten hev me.»⁴² Midttun laga ei oppstilling i brev til Reidar Djupedal i 1957. Då kom han til 543 tekstar i Drammens Tidende, og at om lag 115 mangla.⁴³ Her presiserte Midttun seg sjølv i Vinje-biografien i 1960: «Av dei finst 478 enno, attåt breva hans 'Fra Thelemarken' sommaren 1853».⁴⁴ Summen av dette er 493 tekstar som enno kunne lesast. Reidar Djupedal auka i 1970 anslaget for publiserte tekstar til «om lag 800 bladstykke».⁴⁵ Seinare gjekk Jon Haarberg ned til om lag 625 korrespondansar og konstaterte i 1984 at 524 av dei enno fanst.⁴⁶

Litteraturvitarane Nina Evensen og Jon Haarberg har no dokumentert denne delen av forfattarskapen. Med små tilleggsarbeid er det derfor mogleg å skrive at 582 Vinje-tekstar i Drammens Tidende er kjende. Dette inkluderer 12 «Litterære Skizzer» om svenske forfattarar og aviser i 1852, og 12 dikt som blei publiserte for seg.

Vinje skreiv sine korrespondansar ganske regelmessig, og avisa publiserte dei gjerne to gonger i veka, ofte fredag og søndag, men det skifta på. Ved å interpolere sannsynlege datoar som manglar, viser eit konservativt reknestykke at truleg om lag 130 Drammens-korrespondansar har gått tapt. Om det er slik, skreiv Vinje alt i alt godt og vel 700 Drammens-tekstar. Francis Bull traff godt i 1937.

På eitt nær var dikta ein del av prosatekstane. Der kan vere fleire i dei tekstane som ikkje finst, eller i dei som enno ikkje har vore tigengelege

³⁹ [Pauk Botten-Hansen]: «A.O. Vinje – 'Dølen'», *Illustreret Nyhedsblad* 26.7.1863. Ein anonym forfattar av ein artikkelserie i *Nedenæs Amtstidende* hausten 1870, trykt opp i *Hamar Stiftstidende*, skreiv «henved 2000 Korrespondancer», men det var nok ein trykkfeil (*Hamar Stiftstidende* 6.9.1870).

⁴⁰ Nordahl Rolfsen: *Norske Digtere*, Bergen 1886, s.492.

⁴¹ Francis Bull: *Norsk litteraturhistorie*, 5, Oslo 1937, s. 134.

⁴² Olav Midttun i A.O. Vinje: *Skrifter i Samling*, 1, Oslo 1943, s. 392.

⁴³ Olav Midttun i brev til Reidar Djupedal 3.4.1957, i Djupedal-arkivet, Statsarkivet i Trondheim, L 10, legg 3.

⁴⁴ Olav Midttun: *A.O. Vinje*, Oslo 1960, s. 45, og i 2. utgåva 1966, s. 42.

⁴⁵ Reidar Djupedal: «Til lesaren», i A.O. Vinje: *Dølen*, I, Oslo 1970, [s. VI].

⁴⁶ Jon Haarberg: «Tankehestepærer 1851–1858», *Syn og Segn* nr. 1 1984, s. 28.

i bokform, og det er dei fleste. Av dei kjende Drammens-tekstane har berre 109 vore trykte i seinare verkutgåver og samanhengar. Knappt meir enn ein av seks tekstar har vore tilgjengelege i ettertid på denne måten.

Vinje blei heitande Drammens-korrespondent, men var Christiania-korrespondent for avisa i Drammen. At avisa heldt seg med ei slik ordning åtte år, viser den mentale avstanden mellom hovudstaden og byen i vest, men også den posisjonen Vinje etter kvart oppnådde. Vinje hadde vore synleg i hovudstaden før han skreiv i Drammens-avisa, men korrespondansane frå Christiania gjorde han til noko meir enn ein omstridd skribent. Han vann respekt. Der ligg kanskje forklaringa på at han skreiv sitt første tingsingsverk, eit dikt, hausten 1851, og at 16 småskrifter og særtrykk med dikt av han blei trykte fram til Dølen i 1858. På same tid blei 53 andre dikt publiserte i ulike aviser. Av dei stod altså 25 i Drammens Tidende.

Vinje dreiv eit litterært vekselbruk der han publiserte nesten berre prosa i Drammens Tidende og nesten berre dikt i andre blad og aviser, iallfall etter 1851. Prosa og lyrikk var sjangrar med kvar sine skriftstader. Med Dølen blei det like mykje to litterære uttrykk i ein og same tekst.

Redaktøren som tilsette Vinje i Drammens Tidende, var Paul Hjelm Hansen. Han kjende Vinje godt; dei to hadde saman redigert bladet Tiden nokre månader i 1851. Hansen var redaktør berre nokre månader, men Drammens Tidende var faktisk den einaste avisa Vinje skreiv i som ikkje gjekk inn eller som sende han ut. Kor viktig Vinje var for avisa, viste seg då Drammens Tidende feira 100-årsjubileet i 1932 med eit ekstrasnummer på 32 sider om korrespondenten sin.

Vinje slutta i Drammens Tidende fordi han gjekk inn i eit nytt språk og med det ei stor uvisse. I det språket skulle han finne seg til rette og finne si form. Kor marginalt dette var, har språkforskaren Magne Myhren sett tal på. Fram til 1858 var det trykt om lag 360 sider med tekst på nynorsk. Tradisjonsminne utgjorde 260 sider, dikt 25 sider, sakprosa 25 sider, skodespel 24 sider.⁴⁷ Alt saman var skrive av ein mann – Ivar Aasen. Nestemann – A.O. Vinje – mangedobla den tekstmengda.

⁴⁷ Magne Myhren: «Nokre merknader til mål og målbruk hjå Aasmund Vinje», i Lars Roar Langslet og Jon H. Rydne (red.): *Villmann, vismann og veiviser. En essaysamling o A.O Vinje*, Oslo 1993, s. 116. Så skal det nok nemnast at ein god del tekstar på dialekt, mest viser, var trykte før.

SPRÅKSKIFTET TOK MANGE ÅR. Reidar Djupedal meiner at den lyriske diktinga til Vinje tok til då han gjekk over til nynorsk.⁴⁸ Det er treffande skrive. Djupedal viser at i første årgangen av Dølen frå oktober 1858 til oktober 1859 står om lag ein tredel av alt Vinje dikta på nynorsk, i andre årgangen ein firedel.⁴⁹ Ikkje berre er dei dikta mange, mange av dei er blant det beste han dikta. På denne tida tok han til å arbeide med det som blei eposet *Storegut*, og han skreiv *Ferdaminni*. Kort sagt: Åra 1858–1861 var på mange vis høgdepunktet i forfattarskapen hans.

Fleire år tidlegare hadde Vinje skrive minst to dikt på dialekt. «Påskesalme» blei trykt i Den norske Tilskuer 16. april 1853, og eit dikt til hundreårsjubileet for Holberg kom på trykk året etter, signert «Ein Døle», skrive på Vinje-dialekt. Kunne dette ha noko å gjere med at Vinje møtte Aasen for første gong innunder jul i 1852? Jon Haarberg svarar indirekte ja ved å vise til at «Vise til Jønnvegen» blei trykt på dialekt i Christiania-Posten 4. juli 1853, eit par veker etter at Ivar Aasen hadde gitt ut *Prøver af Landsmaalet i Norge*.⁵⁰

Den desemberdagen var nok ikkje første gong dei to møttest.

Då Ivar Aasen flytta inn i Christiania hausten 1847, møtte han fire namngitte personar alt første dagen. Ein av dei var Jørgen M. Udvig frå Borgund. Fem år seinare blei Udvig sjuk. Aasen vitja han på hospitalet dagen før han døydd, og 22. september 1852 var Aasen «tilstede ved Udvigs Jordefærd. Meget stort Følge».⁵¹ Tre dagar seinare stod diktet «Over Student Jørgen Udvig» på trykk i Den norske Tilskuer med opningslinjene «Her bære vi paa sorte Baare / hen til det sidste Hvilested». Diktaren var A.O Vinje. Han hadde nok vore i det store følget. Både Aasen og Vinje kjende altså Udvig, «en trofast Arbeidsmand af vore». Dei to vanka i det same, vesle intellektuelle miljøet i ein alt anna enn stor by. Før eller seinare måtte dei møtast, om ikkje før, så i ei jordferd.

Dei møttest før.

⁴⁸ Reidar Djupedal: «Etterord» i A.O Vinje: *Dikt*, Oslo 1960, s. 101.

⁴⁹ Reidar Djupedal, same staden, s. 111.

⁵⁰ Jon Haarberg: *Vinje på vrangen*, Oslo 1985, s. 34. Diktet stod også på trykk i *Illustreret Nyhedsblad* 7.7.1853. Fleire «navngivne agtede Medarbeidere» truga med å slutte viss dette gjentok seg, «ligesom der ogsaa fra visse Abonnenters Side hørtes Knur og Misfornøjelse» (Paul Botten-Hansen: «A.O. Vinje – 'Dølen'», *Illustreret Nyhedsblad* 12.7.1863). Det kom meir. Den 13.10.1855 trykte han «Dikt og sanning», eit av dei lenste og viktigaste dikta Aasen skreiv.

⁵¹ Ivar Aasen: *Brev og Dagbøger*, III, Oslo 1960, s. 188.

I Vinje-litteraturen har det vore velkjent at redaktøren i Morgenbladet vinteren 1850 refuserte eit niddikt om seg sjølv og Ludvig Kristensen Daa. Diktet «Morgenbladet og Aftenbladet» kom i staden i Dølen våren 1862. Det ein har oversett, er at diktet var tohendig. Vinje skreiv den første strofa, Aasen den andre, har meddiktaren fortalt.⁵² I 1850 skreiv Aasen framleis helst dikt på dansk; språkskiftet hans kom året etter. Når dei skreiv eit dikt saman i 1850, det var vel i januar, er det sannsynleg at dei hadde møtt kvarandre endå tidlegare. Det er med og forklarar at Vinje heile 1850-talet gjennom skreiv mykje om språket i Noreg.

Språkmøtet med Ivar Aasen sende Vinje inn i ein endringsprosess. «Man ser», skriv Johan Ernst Sars, «hvorledes han ligesom river og slider i bogsproget for at komme løs fra det».⁵³ Som så mange andre parafraserte også Sars den sjølvframstillinga Vinje hadde gitt om dette i opningsartikkelen i Dølen hausten 1858 og avskilsartikkelen i Drammens Tidende vinteren 1859.

Å opne Dølen var å avslutte ein prosess som tok til mange år før. Å meine var likevel noko anna enn å handle. Der har det vore vanleg å seie, som eg sjølv har gjort: «Med avisa Dølen gjekk Vinje over frå dansk-norsk til landsmål i skriftene sine.»⁵⁴ No viser det seg at det skiftet kom i Drammens Tidende og Morgenbladet fleire månader før.

Den 24. januar 1858 trykte Illustreret Nyhedsblad «Velfara til Ole Bull» av A.O. Vinje. Det var det første diktet han publiserte på nynorsk. Diktet «Ved Indvielsen af Mindesmærket over Fouchald» med dansk tittel og nynorsk tekst trykte Drammens Tidende 23. mai 1858, og eit par månader seinare trykte Morgenbladet diktet «Fraa Sverig vi koma» 26. julli 1858. Det diktet oppdaga Anton Aure, og han presenterte det i Tidens Tegn 27. mars 1920. Ønsket hans var at Olav Midttun tok det inn i den verkutgåva han då arbeidde med. Dette unike diktet, det tredje som Vinje publiserte på nynorsk, kom ikkje med i diktbandet året etter og har aldri vore trykt seinare.

Illustreret Nyhedsblad, Drammens Tidende og Morgenbladet var tre av dei viktigaste skriftstadene for Vinje i 1850-åra. I alle tre markerte han det nye skriftspråket sitt mange månader før han tok til med Dølen.

⁵² Jon Fagerhol: «Eit og anna frå samvære med Ivar Aasen», *Syn og Segn* 1946, s. 355 f.

⁵³ J.E. Sars: «Bidrag til en karakteristik af A.O. Vinje», *Folkevennen* 1 1899, s. 221-

⁵⁴ Ottar Grepstad: *Avisene som utvida Noreg*, Oslo 2010, s. 28.

Også i prosaen tok språkskiftet til våren 1858. Den 2. mars 1858 skreiv Vinje brev til søskenbarnet Torgeir Stefansson Vinje på nynorsk. Offentleg var det derimot i Dølen han skreiv sine første prosatekstar på nynorsk.

Vinteren 1859 publiserte Ivar Aasen «Minningar fraa Maalstriden» i Dølen. Forfattaren Ingvild Handagard har eit godt poeng når ho peikar på at dette var det første Aasen skreiv på landsmål for landsmål.⁵⁵ Det hadde Vinje då gjort i Dølen i eit halvt år. Vinje trong Aasen, og Aasen trong Vinje, skriv Reidar Djupedal.⁵⁶ Det har han sanneleg rett i. Aasen fekk Vinje til å skrive dikt og prosa på nynorsk, og Vinje fekk så Aasen til å skrive også prosa på nynorsk.

Aasen sette eit skarpt skilje både språkleg og litterært mellom dei dikta og visene han publiserte på dansk før 1851, og det han skreiv på nynorsk etterpå. Vinje markerte ikkje dette på same måten, men det han hadde skrive på dansk, blei stort sett verande på dansk. Det viktige unntaket er diktet «Min Fødselsdag», skrive på 38-årsdagen i 1856, utgitt på nytt på nynorsk av han sjølv i 1860. Ei strofe frå diktet «Til Prinds Napoleon» i 1856 publiserte han på nynorsk i Dølen i 1859.

DØLEN SKULLE VERE EIT VEKEBLAD. Noko vekeblad var Dølen som regel ikkje. Bladet kom og blei borte att som ein komet, skriv litteraturhistorikaren Vetle Vislie.⁵⁷ Berre frå januar 1859 til mai 1860 kom bladet fast kvar veke, som det også gjorde frå oktober 1868 til oktober 1869.

Både Reidar Djupedal og eg har skrive at det kom ut 293 nummer av Dølen.⁵⁸ Det stemmer nesten.

Til saman fekk Vinje ut 292 nummer av Dølen, så godt som alle på fire sider (tabell 3). I dei fem åra 1861–65 kom derimot berre 43 nummer – og boka *Ferdaminni* i to delar. Dermed gjorde Dølen seg først og fremst gjeldande i to bolkar. Den eine strekte seg frå hausten 1858 til sommaren 1860, den andre frå hausten 1865 til sommaren 1870.

⁵⁵ Ingvild Handagard: *Aasmund Olavsson Vinje – å tenke er å være fri*, Oslo 2013, s. 170.

⁵⁶ Jf. Reidar Djupedal: *Noko om Ivar Aasen i åra 1840–1860. Særleg arbeidet hans med landsmålet*. Hovudoppgåve, Universitetet i Oslo 1950, s. 276 ff.

⁵⁷ Vetle Vislie: *A.O. Vinje*, Bergen 1890, s. 132.

⁵⁸ Reidar Djupedal: «Vinje og Dølen», *Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab. Forhandlinger*, Trondheim 1975, s. 32, og Ottar Grepstad: *Avisene som utvida Noreg*, Oslo 2010, s. 29.

Tabell 3
Nummer i årgangar av Dølen 1858–1870

1	1858–1859	52
2	1859–1860	34
3	1862–1864	25
4	1865–1866	51
5	1867	26
6	1868–1869	52
7	1869	30
8	1870	22
Sum		292

Vinje feilnummererte fleire gonger, som også andre utgivarar gjorde, men i august 1866 hoppa han over nr. 46. Med eit tillegg på to sider i nr. 34 1860 utgjer Dølen i alt 1160 trespalta avissider.

I førstninga såg det lyst ut. Berre dei to første månadene fekk han over 600 tingarar.⁵⁹ Høgare blei det truleg aldri, men bladet fekk mange fleire tingarar i januar 1870, og nyårsnummeret 2. januar 1870 blei utselt. Vinje emna då på å trykke eit nytt opplag.⁶⁰ Det heiter seg at ein av tingarane var Henrik Ibsen.⁶¹

Alt etter eit drygt år med Dølen hadde Vinje likevel tapt fleire hundre spesidalar enn han hadde råd til.⁶² «Dølen var fødd i fattigdom og levde i fattigdom», skriv Djupedal, og «opphavsmennene måtte slite for kvart nummer». ⁶³ Bladet kom når Vinje hadde pengar og helse, ikkje drog til fjells eller var på utferd, og ikkje var for oppteken med å skrive bøker.

Lenge gjekk Dølen for å vere eit einmannstidsskrift. Det passa med eit heroisk bilde av Vinje og klaffa med essayhistoria, men ikkje med røynda. I merknadene til verkutgåvene hadde det rett nok vore nemnt at Hans Ross hadde vore med og laga bladet. Ross stod for mykje av det redaksjonelle arbeidet då Vinje var i England og Skottland, truleg også då eit nummer av Dølen kom ut i oktober 1864, medan redaktøren var i Sverige. Likeins hjelppte han mykje til i åra 1868–1870 og skreiv i 1870 «Soger

⁵⁹ Brev frå A.O. Vinje til Torgeir Stefansson Vinje 12.12.1858, i A.O. Vinje: *Brev*, Oslo 1969, s. 108; jf. Jon Haarberg i Egil Børre Johnsen og Trond Berg Eriksen (red.): *Norsk litteraturhistorie*, I, Oslo 1998, s. 458.

⁶⁰ Olav Middtun i A.O. Vinje: *Brev*, Oslo 1969, s. 223.

⁶¹ [Torodd Kvaale] T.K.: «Det merkelegaste blad i bokform», *Norsk Tidend* 5.11.1971.

⁶² A.O. Vinje: «Til Lesaren», *Dølen* 9.12.1860.

⁶³ Reidar Djupedal i A.O. Vinje: *Dølen*, II, Oslo 1971 [s. 6].

og Søgner fraa Telemark» i Dølen 2.–23. januar 1870.⁶⁴ Enno då Reidar Djupedal gav ut Dølen samla i fire band 1970–73, stod oppfatninga om den eine skrivaren sterkt. «Hver linje er skrevet av ham selv», slo litteraturhistorikaren Philip Houm fast då han melde første bandet.⁶⁵ «Eit originalt einmannsverk», melde kritikaren Olav Dalgard då andre bandet låg føre.⁶⁶

Tabell 4
Avisnummer av Dølen etter kalenderår

1858	10
1859	52
1860	24
1861	0
1862	2
1863	4
1864	1
1865	14
1866	37
1867	26
1868	39
1869	43
1870	22

Med verket komplett i 1974 viste Djupedal at mange skreiv i Dølen. Likevel kunne det vere redigert av ein og same person heile tida. I den nynorske pressehistoria *Avisene som utvida Noreg* dokumenterte eg i 2010 at det ikkje var slik.

Berre som idé var Dølen eit einmannsføretak. Vinje skreiv sine reisebrev frå utlandet og trong gode hjelparar i Christiania både i reisefråværa og elles. Hans Ross redigerte bladet då Vinje var i England, og var i røynda medredaktør dei tre siste åra. Tidt og ofte hjelpte Ivar Aasen til både med tekstar, korrektur og omsetjing av annonsar til landsmål.⁶⁷ I 1860 samarbeidde Vinje og Ivar Aasen om eit lite tillegg i form av ein minigrammatikk for nynorsk. Den var nok mest skriven av Ivar Aasen. Den seinare Dagbladet-redaktøren Lars Kristian Holst stilte opp og var mellom

⁶⁴ Olav Midttun i A.O. Vinje: *Brev*, Oslo 1969, s. 21.

⁶⁵ Philip Houm: «Rar og stor journalist», *Dagbladet* 29.7.1970.

⁶⁶ Olav Dalgard: «Eit originalt einmannsverk», *Arbeiderbladet* 4.12.1971.

⁶⁷ Jf. Reidar Djupedal i A.O. Vinje: *Dølen*, II, Oslo 1971 [s. 2]; Olav Midttun: *A.O. Vinje*, Oslo 1966, s. 59; merknad av Olav Midttun, same staden, s. 221, og Halvdan Koht i *Norsk Forfatter-Lexikon*, VI, Kristiania 1908, s. 142.

anna på Rikshospitalet då Vinje låg der våren 1870: «Der var jeg, som hans Sekretær ved hans Redaction af 'Dølen' hyppig tilstede.»⁶⁸ Nokre namnlause studentar var også med.

Sjølvs har Aasen sagt lite om arbeidet sitt med bladet. Ein som har gitt eit par augevitneskildringar, er historikaren og politikaren Ludvig Kristensen Daa, som Vinje meir enn gjerne diskuterte med i spaltene.⁶⁹ Den 30. desember 1859 sat Aasen og las korrektur på ei omsetjing av eit svensk forslag i statthaldarsaka, trykt under tittelen «Fraa Sverige» i Dølen 1. januar 1860. Dagen før Daa kom, skreiv Aasen i dagboka at det hadde vore «travlt med en Oversættelse». Den 21. desember 1862 fandt Daa «ham beskjeftiget med at læse Korrektur paa et temmeligt massivt Poem af Vinje». Det diktet var «Eit Liv». Vinje hadde sendt manuskriptet frå Edinburgh til Illustreret Nyhedsblad 28. november og bede om at Aasen las korrektur. I dagboka si noterte ikkje Aasen noko om dette.

I alt var minst 230 dikt, segner og artiklar i Dølen skrivne av andre enn Vinje.⁷⁰ Desse var berre unntaksvis signerte med meir enn ein bokstav, og der kan ha vore meir enn det som er identifisert til no. Det auka på med tekstar utanfrå etter som åra gjekk. I åra 1858–60 kom 34 slike tekstar utanfrå på trykk, mot 60 i åra 1862–67 og heile 137 i åra 1868–70.

Blant dei som skreiv mykje, var Kristofer Janson, Henrik Krohn, Hans Mo, Hans Ross, Werner Werenskiold – og aller mest Ivar Aasen. Vinje henta dessutan mykje stoff frå meir enn eit dusin utanlandske aviser, som New York Times og The Times i London, Les Mondes i Paris og Aftonbladet i Stockholm.⁷¹

Også kona Rosa Vinje hadde ei viktig rolle i dette bladmiljøet, skreiv eg i pressehistoria.⁷² Frå å ha vore lærar ved Møllergaten folkeskole gjekk ho over til å administrere Dølen, ordne rekneskapen og ekspedere utsendingane av kvart nummer. Ho sat på 1500 spesidalar frå eit tidlegare ekteskap og emna på å kjøpe nytt prenteverk for bladet. No kan det leggast til: Då Vinje var i Tønsberg og Larvik to veker frå slutten av januar

⁶⁸ Lars Holst: «Bjørnson og Vinje», *Dagbladet* 23.1.1903.

⁶⁹ Ludvig Kristensen Daa: *Politiske dagbøker og minner. 1. 1859–1871*, Oslo 1934, s. 44, 183 og 308.

⁷⁰ Eiga utrekning på grunnlag av Reidar Djupedals og Kaare Haukaas' tematiske innhaldslister i A.O. Vinje: *Dølen*, I–IV, Oslo 1970–73.

⁷¹ Reidar Djupedal: «Vinje og Dølen», i Det kongelige norske Videnskabers Selskab. *Forhandlinger* 1975, s. 32.

⁷² Ottar Grepstad: *Avisene som utvida Noreg*, Oslo 2010, s. 27.

1870, tok kona Rosa seg av mykje av bladarbeidet.⁷³ Kort tid, men nok til å bli skriven inn i pressehistoria.

I omgivnadene til Dølen var der fleire organiserte miljø. Så mange var med fleire stader at Reidar Djupedal har kalla dei «ein liten flokk Tordenskjolds soldatar som truga med å overta heile byen».⁷⁴ Det trugsmålet var vel helst eit vindpust, men miljøet med mange kryssande grupper var iallfall ei viktig støtte for Dølen.

Kring 1850 hadde Vinje vore innom Hollendarkrinsen, eit miljø av studentar med ikkje-akademisk bakgrunn der boksamlaren og publisisten Paul Botten-Hansen var omdreiingspunktet.⁷⁵

Miljøet i Andhrimner i 1851 blei kalla Westphalerne, og Vinje har fortalt om eit møte med gjengen i Dølen 21. juli 1869. «Ein slik kveld var der, lat meg taka deim etter Aldren: Asbjørnsen, Ivar Aasen, eg, Ibsen, Bjørnson, J.E. Sars og elles imillom og som til Utfylling ein og annan Saul blant alle desse Profetar.» Ein mangla. Paul Botten-Hansen døydde få veker tidlegare, og denne kvelden var dei samla for å minnast.

Vinteren 1859 tok Vinje sjølv eit initiativ til det første mållaget i landet. Det laget møttest i periodar kvar laurdagskveld, fortel Ivar Aasen, som noterte nærmare 30 møte frå hausten 1861 til vinteren 1863.⁷⁶ Fleire av dei som skreiv mykje i Dølen, var med i dette laget.

Redaktør Vinje blei etter kvart ein sjeldan gjest i det laget han sjølv hadde fått i stand. Han heldt seg heller med ungkarsgjengen i Døleringen, som gjorde mykje i lag frå 1866, og der fleire frå laurdagsmållaget deltok. Med Hans Ross i spissen, saman med Sars og den seinare Dagbladet-gründeren Hagbard Emanuel Berner, sette denne gruppa i gang det nye bladet Vort Land i mars 1867. Eit halvt år heldt Dølen til i kjellaren i bladet som Werner Werenskiöld var redaktør for.

Vennene har gitt eit bilde av Vinje som ein sosial fyr som heldt ein viss avstand. «Hans forhold til personer var et lignende som hans forhold

⁷³ Emil Olsen: «Vinjeminder», *Tønsbergs Blad* 21.6.1926.

⁷⁴ Reidar Djupedal: «Ei framtid på borg» i *Det Norske Samlaget 1868–1968*, Oslo 1968, s. 28, jf. Reidar Djupedal i A.O. Vinje: *Dølen*, II, Oslo 1971.

⁷⁵ Halvard Grude Forfang: *Paul Botten-Hansen og Hollenderkretsen*, Lillehammer 1990, s. 49 ff.

⁷⁶ Avsnittet bygger på brev frå Ivar Aasen til Eirik Sommer 5.2.1862 i Ivar Aasen: *Brev og Dagbøker*, II, Oslo 1958, s. 10; Reidar Djupedal: «Ei framtid på borg» i *Det Norske Samlaget 1868–1968*, Oslo 1968, s. 26 f.; Yngvar Nielsen i dagboka si 12.10.1861, her sitert etter Reidar Djupedal, same staden, s. 27; og Ivar Aasen i dagboka 4.10.1861 og 5.10.1861 i Ivar Aasen: *Brev og Dagbøker*, III, Oslo 1960, s. 233.

til meninger og standpunkter», konstaterte Sars.⁷⁷ Forholdet dei imellom ville vere som i eit reiseselskap, hadde Vinje sagt: «for leiligheden». Slik var det tydeleg også i arbeidsfellesskapane.

Dølen var altså ikkje noko einmannstidskrift og berre til tider eit vekeblad. Med dagens ord var bladet meir ei nummer to-avis, der nyheitsstoffet aldri dominerte, men eit skilje mellom ein- og to-aviser gav lite mening den gongen. Dølen kommenterte iallfall gjerne det som kunne lesast andre stader.

Den redaksjonelle profilen endra seg med åra. Lange artiklar og essay prega nokre årgangar, som 1862, medan det blei fleire og kortare stykke frå 1865. I dei siste årgangane kom også mange innsende stykke og debattinnlegg på trykk. Då var Dølen meir som eit vanleg blad, på nynorsk.

Med eige blad hadde Vinje snikra sin eigen talarstol. Ved fleire høve publiserte han tekstar av seg sjølv som var blitt refuserte av andre. Han tok også inn stykke av andre forfattarar som avisene ikkje ville trykke. Ein slik artikkel var «Ole Vig – Hartvig Lassen» i Dølen 29. november 1868. «Det er ei kjend sak», skreiv Vinje, «at vaare fleste og helst større Aviser ero med i den sama Kvarantaine mot alt Norsk som Hr. Lassens Bok». Stykket var signert «Vesle-Eyvind», og forfattaren gjekk i rette med Hartvig Lassen for at det var så få dikt og songar på nynorsk i den nye utgåva hans av Ole Vigs songbok *Sange og Rim*. Ti år tidlegare ville ein slik kritikk vore eit slag i lufta av di så lite enno var skrive på nynorsk.

Der var mykje meir utanriksstoff i Dølen enn verkutgåvene gir innrykk av. Ein god del av dette var henta og omsett frå utanlandske blad. Somt var også ganske dagsaktuelt stoff med mindre leseverdi tiår og hundreår etterpå. *Uagtet dette* blir den redaksjonelle profilen for bladet feilteikna viss ein ser bort frå det Vinje gjorde av utanriksdekning i Dølen.

I Drammens Tidende og andre blad hadde han i si dansk-norske tid helst halde seg til Norden. Frå hausten 1854 blei Krim-krigen eit viktig emne for han, men elles var han mest innaskjers. Då han tok til å skrive på nynorsk, kryssa han mange landegrenser som redaktør. Alt i dei to første nummera av Dølen skeiv han om Kina, der kom meldingar frå Paris, England og Frankrike, jamvel frå Marokko (1859), Amerika dukka opp frå 1860, han skreiv om den russiske kyrkja (1865), om vilkåra for fattigfolk i

⁷⁷ J.E. Sars: «Bidrag til en karakteristik af A.O. Vinje», *Folkevennen* 1 1899, s. 220 f.

London (1866), om Russland (1868). Lesarane fekk slikt utanriksstoff på nynorsk i svært mange nummer av Dølen. Planlagt var det nok ikkje, men det siste han skreiv for Dølen, var truleg ein artikkel om den konflikten som då prega Europa, trykt 24. juli 1870 med tittelen på hans eigen dialekt: «Hokke bør vi ynskja ska vinna i denne Krig, Frankrike eller Tyskland?»

Dølen vandra gjennom det norske og ut i krig og fred. Vinje opna alle grenser med det nye språket.

FERDAMINNI BLEI SKRIVE i den europeiske tradisjonen for slike reiseskildringar, som Laurence Sternes *A Sentimental Journey through France and Italy* 1768, Jacob Wallenbergs *Min son paa Galejen* 1760–71, Jens Baggethuns *Labyrinth* 1792–93 og ikkje minst Heinrich Heines *Reisebilder* i fire band 1816–1831. Variasjonen i litterære uttrykk er ikkje original hos Vinje, men han la inn mykje meir av politikk og samfunnsforståing enn forgjengarane hadde gjort, meiner Djupedal.⁷⁸

Heine var eit av dei litterære forbilda som Vinje jamleg vende attende til eller var innom. Som då det eine ordet tok det andre på ein av fjellturane saman med Sars. «Vi burde havt en hurtigskriver», sa Vinje, «så at alt det som er bleven sagt her, kunde være bleven optegnet; det vilde ha blevet en bog så flengende og flirende, at Heine's 'Reisebilder' vilde ha syntes som en postil ved siden.»⁷⁹ Sars var berre glad til at det ikkje skjedde. Mange år seinare intervjuar Dagbladet han om Vinje. Då la han Vinjes utsegn i eigen munn: «Havde vore samtaler blit stenografert, hadde Heines reisebreve været som postiller ved siden av dem.»⁸⁰

I Bergen blei eit senter for datamaskinell språkbehandling etablert alt i 1960-åra. Derfor kunne Reidar Djupedal i 1971 fortelje at *Ferdaminni* inneheld til saman 82 247 ord.⁸¹ Vinje brukte heile 9715 ulike ord – og då er ikkje like ord med ulike tydingar rekna som ulike ord. Den latinske Bibelen inneheld 5649 ulike ord, Dante Alighieri brukte 5860 ulike ord.

⁷⁸ Reidar Djupedal: «Innleiing», A.O. Vinje: *Ferdaminni fraa Sumaren 1860*, Bergen 1969, s. IV.

⁷⁹ J.E. Sars: «Bidrag til en karakteristik af A.O. Vinje», *Folkevennen* 1 1899, s. 205.

⁸⁰ Peter Rosenkrantz Johnsen: «Sars fortæller: Professor Ernst Sars om Jotunheimen og Vinje», *Tidens Tegn* 18.4.1913.

⁸¹ Reidar Djupedal, same staden, s. V f. Det var Guilbrand Alhaug som hjelpa han med denne undersøkinga, jf. brev frå han til Djupedal 30.5. [1969?] i Djupedal-arkivet, L 11, legg 2, Statsarkivet i Trondheim.

Del I av minneboka kom ut i februar, del II i juli – fire og åtte månader etter at ferda var over. Så kor mykje skreiv han undervegs? At han skreiv, er sikkert, kor mykje, er uvisst. Eit av heller få tidsvitne er Haakon Løken, son til storbonde Hermann Løchen, Sundnes på Inderøy. Dit kom Vinje i august 1860. 50 år seinare fortalde Løken om besøket; presist som hadde han skrive dagbok.⁸² Slik han fortel der, hadde Vinje skrive strofa «Var Folket slikt som Land og Fjord» same dagen som han kom dit. Han var der i 14 dagar, og ein morgon han kom ned, hadde han skrive diktet «Her ser eg fagre Fjord og Bygder».

På same måten kan Vinje ha dikta om gjensynet der inne i Rondane, men det kan også vere noko han skreiv eller gjorde ferdig seinare, på avstand. Han kan ha hugsa godt, men skreiv det slik han ville hugse det.⁸³

Så gjorde han vel begge delar, som så mange andre forfattarar: gjorde sine notat, skreiv og filte og flikka etterpå. Han må ha tenkt mykje i ettertid og sett korleis det heile kunne setjast saman. Derfor er dette verket så godt redigert og komponert med ein rytme som handlar om meir enn kronologisk geografi. Halvbroren Olaf har fortalt at når Aasmund trøytna i skrivinga, var det han sjølv som tok seg av reinskriving av delar av både *Ferdaminni* og *Storegut*.⁸⁴

Den same Olaf har fortalt at Aasmund aldri reiste tomhendt. I Kristiansand, eller kan det ha vore Mandal, skaffa han seg i 1844 eit reiseskrivebord. «Det var følgesveinen hans til han døydd», skriv Olaf O. Vinje. Der hadde han, nett som Ivar Aasen, idear og notat på små papirlappar. «Nokre blei publiserte, andre blei brende.» På reisefot slo han det saman, festa det med tau og bar det med seg. «Det var alt han eigde heimanfrå,

⁸² Haakon Løken: *Landsens liv*, Kristiania 1911, s. 149 og 154.

⁸³ Olav Middttun arbeidde med spørsmålet om skrivestad og utsyn i diktet «Ved Rondane» i både 1925, 1949, 1955 og 1960. Der var fem stader som nokon meinte sikkert å vite var sjølv skrivestaden for diktet – Lomsstranda i Ottadalen, Illmanndalen og Mysusetar i Rondane, Krokhaug i Folldalen, og Storelvdalen (*Hamar Stiftstidende* 24.2.1955). Han kom til at Vinje mest truleg skildra utsynet på vegen frå Storelvdalen til Sollia og meinte at detaljane i diktet er så mange at Vinje «heller snart må ha fest dei til papir» («Vinje i 'No ser eg atter slike Fjell og Dalar', *Syn og Segn* 1960, s.441). Det hadde sokneprest Asbjørn Olafsen alt slått fast i *Aftenposten* 5.3.1929.

⁸⁴ Sjølvbiografi av Olaf O. Vinje i *Telesoga* nr. 1 mars 1909 og i *Telemark to America*, III, Minnesota 2011, s. 103.

pluss nokre få bøker, veldig få», skriv halvbroren. Så skreiv han denne vake nøkkelsetninga: «Minna hans var hans oppslagsverk.»⁸⁵

Ferdaminni inneheld 53 essay eller prosatekstar og 31 dikt og songar, frå korte tolinjers til leire sider lange. Stykka er sjangerblanda som i Dølen, men spennvidda endå større: dikt, essay, forteljing, fotnote, minne, notat, samtale, skildring, song. I Dølen var han sin eigen korrespondent, gjennomført med absolutt konsekvens i *Ferdaminni*; korrespondenten var bortreist, og bladet kunne dermed ikkje kome ut.

Stemninga er ei anna i *Ferdaminni* enn i Dølen, og ei anna i Dølen enn i Drammens Tidende. I journalistikken skilde han meir mellom sjangrane – dikt for seg, prosa for seg. I blada var han dagsaktuell, i dei to bøkene tidsaktuell.

Som ferdsskrivar brukte Vinje *eg* 1499 gonger, *me* 304 gonger.⁸⁶ Det eg-et reflekterer over det han ser, men ein slik eg-forteljar er alt anna enn påliteleg. Reidar Djupedal nemner eit døme på dette i essayet «Grauten på Grut», der kornet er fælt og grauten verre. Denne garden hadde beste kverna i heile Meldal, så grautmjølet var nok til vanleg framifrå. Det nemnde ikkje Vinje. Heller ikkje at svært dårleg avling hausten før hadde gitt dårleg korn.⁸⁷ I hans samtid var denne omgangen med faktum velkjend. Vinje var ein mann med ein «ikke fuldt utviklet sans for det faktiske», meinte Botten-Hansen.⁸⁸

Meir enn psykologi handle det kanskje om sans for litterær regi. *Ferdaminni* er ei svært redigert samling av essay og dikt og forteljingar, eit verk prega av essayistens omtenkssame regi, men med ein fallande intensitet i del II.⁸⁹

⁸⁵ Olaf O. Vinje i brev til Rasmus B. Anderson januar 1902, *Yearbook for Telelaget* 1926, s. 73 ff., og i *Telemark to America*, III, Minnesota 2011, s. 177. Torkel Oftelie la brevet til rette for publisering i 1926 og skreiv i ein fotnote at Olaf gav han skrivebordet før han døydd (i 1911). Han bad Oftelie syte for at kom tilbake «to the Vinje home. And now it will soon be there». Oftelie leverte det til Rikard Berge ved fylkesmuseet i Skien. Det blei deponert ved Vest-Telemark Museum i 2014 og plassert i Vinjestoga sommaren 2016 (*VestTelemark Blad* 28.7.2016).

⁸⁶ Reidar Djupedal, same staden.

⁸⁷ Reidar Djupedal: «Meisterverket», A.O. Vinje: *Dølen*, IV, Oslo 1973.

⁸⁸ Sitert etter J.E. Sars: «Bidrag til en karakteristik af A.O. Vinje». *Folkevennen* 1 1899, s. 219.

⁸⁹ Emnet er drøfta med døme frå tekstar av Halldis Moren Vesaas i Ottar Grepstad: «Essayistens omtenkssame regi», i Leif Mæhle (red.): *Halldis Moren Vesaas*, Oslo 1987, s. 96–104.

DEN PROFILERTE MINNEPOLITIKAREN som A.O. Vinje var, har knapt vore oppdaga. I fleire høve var han på Fest til Fædrenes Minde i Christiania, han talte der, skreiv songar. Alt før han kom til byen, skreiv han om og til 17. mai, og frå 1850 gjorde han det så godt som kvart år. Det første blei trykt i Mandal i 1845. Eit av dei siste særprenta hans var diktet «Fedra-minne» i 1868.

Det store året var 1859. Då skreiv han to songar og heldt tre talar som blei publiserte etterpå, og ein fjerde tale som blei nemnd i avisreferata frå feiringa på Eidsvoll.

Alt i alt skreiv han 30 dikt, songar, talar og kommentarar om 17. mai og feiringa av dagen mellom 1845 og 1869 (tabell 5). Det er mykje. Dei mange tekstane vitnar om at 17. mai var blitt ei viktig feiring lenge før Grunnlovsjubileet i 1864, og at Vinje sjølv var med og gjorde den dagen viktig.

Nokre av tekstane kan forklarast med at Vinje som høvesdiktar blei engasjert eller nytta dei høva som baud seg. Drammens-korrespondenten var dagsaktuell, og for ein spaltist er slike høve ei god aktualisering.

Vinje skreiv jamvel fiktive 17. mai-talar. Den eine trykte han i *Blandkorn* i 1867, den andre i Dølen 1869. Verktugivarane Halvorsen og Midttun er samde om at Vinje neppe heldt desse talane, iallfall ikkje i den forma dei blei trykte. Også om ein fesjåtale som Vinje trykte i *Bandkorn* i 1867, skriv Midttun at den neppe blei framført i den forma.

Tabell 5

Vinje-tekstar om 17. mai

1845	Song Mandal (bortkomen)
1850	Dikt
1851	Kommentar
1853	Kommentar
1854	Tre songar Asker og Christiania
1855	To kommentarar
1857	Song Eidsvoll
1859	To songar, fire talar Eidsvoll
1860	Song Blaker, to kommentarar
1862	Song, kommentar
1865	Tale Christiania
1866	To kommentarar
1867	Song, tale, tenkt tale
1868	Dikt
1869	Kommentar, tenkt tale

Det siste er knapt eit argument, for mang ein tale er blitt endra frå framføring til trykk. Verken Midttun eller Halvorsen grunngir vurderingane sine. Vinje årfesta ikkje talen frå 1867, men eit diktsitat frå *Ferdaminni* viser i det minste at talen er skriven etter 1861. Med åra var ein tale av Vinje blitt ei hending som avisene gjerne skreiv om. Utan meir tidfesting er det åfått å leite etter moglege avisreferat som viser at Vinje faktisk heldt denne talen.

Talen i Dølen 1869 er skriven i mai det året, for Vinje viser til ein artikkel i *The Spectator* 8. mai same året og snakkar om at no er Grunnlova 55 år.

Viss dette er fiktive talar, gjorde Vinje som Aasen. Han skreiv ikkje mindre enn fire tenkte talar til eller om 17. mai 1864. Aasen stod aldri på nokon talarstol, men kom så langt at han iallfall tenkte at han kunne ha gjort det. Vinje var ein profesjonell folketalar og kan ha brukt sjangeren for å formidle synspunkt som var viktige for han.

Dei to talane er ganske ulike. Den første handlar om det å vere fri, den andre om nasjonar og tankar som eldest. I staden for å kritisere allmenta, peikar Aasen i 1867-talen på at der er eit *Tanketak* for vanlege folk når dei skal «elda seg upp til Glede over denne Dagen». Her reflekterer han over kva det er som gir eit heilt folk rett til å leve, og han kjem til at eit folk må eige noko som er framifrå og som skil det frå andre, «ein norsk Nationalitet».

Vinje fekk det aldri heilt til i 1869-talen. Poenga hans er relevante, han bruker ordskifte i England og USA om statsutviklinga til å vise korleis samfunn endrar seg over tid, men ei gjennomgåande jamføring med for-døying tilfører lite ekstra. Ikkje før den siste setninga. Du og eg blir omskapte av livsens gang: «Det var ei Tid me laag best for Elsk, ei onnor for det at tala som i dag; men det er eg og du, om me so ikkje liggja for annat en til at suga paa Labben af gamle Minne.»

1867-talen er på si side svært god. Talaren dreg som snarast inn seg sjølv, han har eit vondt kne, kjem tett på dei liva som dei mange tilhøyrarane kanskje lever. Det er større spennvidd og meir vidd i denne talen enn i dei stramme, tette og meir upersonlege Aasen-talane. Til gjengjeld målrettar Aasen kritikken sin tydelegare enn Vinje.

Denne skrivinga om det offisielle, om enn med ganske skiftande inn-gangar, blir i Vinjes forfattarskap kontrastert med mange omtalar av vin-termarknaden i Christiania, først i Drammens Tidende, seinare i Dølen dei

åra bladet kom i februar. 12 artiklar blei det om marknaden i Christiania (tabell 6). Då er ikkje stykka om dei mange fesjåa med.

Tabell 6

Vinje-tekstar om marknad 1852–1869

- 1852 Drammens Tidende 6.2.
- 1853 Drammens Tidende 6.2. og 11.2.
- 1855 Drammens Tidende 9.2. og 11.2.
- 1857 Drammens Tidende 9.2.
- 1859 Dølen 6.2. og 27.3.
- 1860 Dølen 12.2.
- 1866 Dølen 11.2.
- 1868 Dølen 9.2.
- 1869 Dølen 7.2.

Minne er motiv også på ein annan måte hos Vinje. Der er rett og slett mange minne i det han skreiv, i prosaen så vel som i poesien. Han skreiv minnedikt om så vel Paul Botten-Hansen som P.A. Munch og Anton M. Schweigaard. Ordet «minne» går att i dei dedikasjonane som er kjende frå hans hand. «Ved Rondane» er nok saman med «Våren» og «Blåmann, Blåmann» signaturdikta hans. Inngangen til diktet frå Rondane er nettopp hans eigne minne, likeins «Blåmann, Blåmann».

Han dikta fedraminne og skreiv ferdaminne. Det handla om å hugse. Vinje hylla framsteget, men gløymde aldri fortida.

HAR VINJE VORE FOLKELESNAD? Det tok til i det små, og så seint som i 1919 var Arne Garborg i tvil. Då var tredje bandet i *Skrifter i Samling* ferdig, og Garborg spurde seg sjølv: «Det er 50 Aar, aa kalle, sidan han fall ifraa; kanhende han no fær Lesarar?»⁹⁰ Mannen på Labråten undervurderte nok tidlegare lesnad, men «folkelesnad» er eit vagt omgrep. I tilfellet Vinje handlar det meir om når skriftene hans blei folkelesnad enn om dei blei det.

Kor mange som har lese verk av ein forfattar, seier ikkje så mykje om kva innverknad den forfattaren har hatt på tenking og meining. Dei såkalla folkeskribentane Jon Flatabø, H.A. Foss, Thrond S. Haukenæs, Rudolf Muus og Karen Sundt blei lesne av endelaust mange i si samtid. *Husmandsdatteren fra Odalen* av Flatabø skal ha kome ut i 70 000 eksemplar.⁹¹

⁹⁰ Arne Garborg: *Dagbok 1905–1923*, V, Oslo 1926, s. 263, innførsel 11.11.1919.

⁹¹ Johs. A. Dale: *Litteratur og lesing omkring 1890*, Oslo 1974, s. 146.

Ein forfattar som Haukenæs lét etter seg mykje lokallhistorisk kunnskap. Også i det kollektive, vage minnet kan ein nok finne mosaikkbitar frå mange hald, men desse forfattarane blir sjeldan haldepunkt og meiningskjelder i ettertida.

I *Avisene som utvida Noreg* gav eg fleire døme på den interessa Dølen blei møtt med. Arbeidet med bibliografien har avdekt at Olav Midttun har nemnt fleire slike lesarar.⁹² Oberst Wessel Joachim Reehorst Joys (1841–1922) frå Bergen fortalde ein gong om tida si som kadett 1859–1860. Når han var ferdig med det han kalla pussvisitasjonen om laurdagen, gledde han seg til ei stund på sofaen med Dølen. Midttun har også peika på historikaren Yngvar Nielsen. Han hadde Knud Knudsen som lærar på latinskulen i Christiania. «Vor Kreds paa Latinskolen var allerede ivrige Læsere af 'Dølen'» i 1859.⁹³

Vinje blei lesen av få i samtida. Dølen hadde neppe meir enn 600 abonnentar. Dei to delane av *Ferdaminni* blei truleg trykte i om lag 1000 eksemplar kvar.⁹⁴ *Diktsamling* blei i 1863 trykt i 800 eksemplar og var 20 år seinare enno ikkje utseld.⁹⁵

Dei skriftene han gav ut, kom i eitt opplag. Der var to unntak.

Første utgåva av dikteposet *Storegut* blei trykt i 1000 eksemplar i desember 1866. Andre utgåva kom i oktober 1868, trykt i 2000 eksemplar, og med ein god del endringar i dikta.

A Norseman's Views of Britain and the British blei trykt i 2000 eksemplar i juni 1863. 250 eksemplar blei sende til Noreg, og det salet gjekk så smått at Olav Midttun langt ut på 1900-talet fekk kjøpt eit friskt eksemplar.⁹⁶ Då boka blei utgitt på norsk i 1883, skreiv Halfdan Halvorsen i forordet at den engelske utgåva skulle ha kome i fleire opplag, men «det er visst ikkje rett». Den vurderinga kopierte forlagshistorikaren Einar Boyesen i 1953: Eit nytt opplag var på tale, skriv han, men blei aldri trykt.⁹⁷

Begge oversåg Ludvig Kristensen Daa, som hadde anna å fortelje om dette då Vinje enno levde. I dagboka si refererte han frå ein samtale med

⁹² Olav Midttun: «'Dølen' – det fyrste nynorske bladet», *Gula Tidend* 3.12.1964.

⁹³ Olav Midttun, same staden.

⁹⁴ Oppgitt av Olav Midttun i skuleutgåvene av *Ferdaminni*, seinast i 1973.

⁹⁵ Einar Boyesen: *J.W. Cappelen 1805–1878*, Oslo 1953, s. 390.

⁹⁶ Olav Midttun i foredraget «Vinje-bøker – originalar», Bibliofilklubben 22.4.1968. Manuskript i Nasjonalbiblioteket, Ms.4° 3466 I A 21.

⁹⁷ Einar Boyesen, same staden, s. 385 f.

Vinje 19. mars 1864. Den engelske utgåva var trykt i tre opplag, eit fjerde skulle no ligge føre, og forleggaren skulda Vinje pengar.⁹⁸ Boyesen oversåg også Vetle Vislie, som i 1890 hade skrive at boka «kom i tri Upplag».⁹⁹

For ettermælet og ringverknadene var det meir avgjerande at meiningdannarar las han. Det var krafta i skrifta, ikkje i kraft av opplag og utbreiing, at Vinje blei viktig og framleis er det. Til dette kjem at forfattarskapen måtte vere tilgjengeleg også utanfor biblioteka.

Vinje testamenterte alle skriftene sine til Det Norske Samlaget. Få år etter at han døydde, kom det på tale å gi ut ei verkutgåve. Då saka var oppe i 1877, var det viktig at både det han skreiv på dansk-norsk og nynorsk var med, «ellers kunde jo ikke Værket kaldes hans samlede Skrifter».¹⁰⁰

I lengste laget satsa Samlaget på at andre tok seg av dette. På årsmøtet i 1881 var Arne Garborg gått lei.¹⁰¹ Styret som han sjølv var med i, la fram ei årsmelding der ein konstaterte at det enno ikkje hadde vore mogleg å gi ut Vinje samla. Grunngevinga var tydeleg: «Dei som driv Næring med aa utgjeva Bøker her i Landet, hev flestalle liten Samhug med Arbeidet fyr aa framhjelpa Norskdomen i Tungemaalet».

Då dei 41 frammøtte hadde godkjent årsmeldinga, reiste Garborg seg. Samlaget måtte sjølv ta kostnaden med å gi ut Vinje-skriftene, meinte han, og det ville han ha eit bindande vedtak om. «Det var knapt nokot Arbeid no, som vilde samla meir Aahug og Samhug um Samlaget og dess Yrkje, enn um det tok til med dette Arbeidet», refererte Fedraheimen etterpå.

Fleire var samde, og stortingsrepresentant Hans A. Øverland ønskte at Dølen kom først: «Det er den, Folk no hev verst for aa faa tak i». Ein som ikkje kunne støtte benkeforslaget, var salmediktaren Elias Blix. Han meinte at saka ikkje var godt nok utgreidd, men som andre skifta han meining. Samrøystes vedtok dermed årsmøtet: «Bestyrelsen bemyndiges til at træffe de fornødne Foranstaltninger til Udgivelse af Vinjes Skrifter paa det norske Samlags Bekostning.»

⁹⁸ Ludvig Kristensen Daa: *Politiske dagbøker og minner*. 1. 1859–1871, Oslo 1934, s. 308.

⁹⁹ Vetle Vislie: *A.O. Vinje*, Bergen 1890, s. 188.

¹⁰⁰ «Fra Christiania», *Bergens Tidende* 21.11.1877.

¹⁰¹ «Det norske Samlag», *Fedraheimen* 2.4.1881. Var det Garborg som skreiv referatet?

Tabell 7
Opplag Storegut 1866–2000

1866	1000 (truleg)
1868	2000 (minst)
1873	2000 (minst)
1880	2000 (minst)
1886	1600
1886 verk	3500
1897 verk	1000
1898	2000
1903	2000
1905	3000
1909	3000
1913 skule	3000
1917 skule	4000
1921 skule	5000
1921 verk	3000
1923	3000
1932 skule	5000
1933	1000
1947 skule	5000
1949 verk	7000
1951	12000
1960 skule	5000
1993 verk	2500
2000	1800
Sum	80400

Skrifter i Utval kom ut i åra 1882–1890, utan noko av det Vinje hadde skrive på dansk-norsk. Opplaget var etter måten stort. Kvart band blei trykt i 3500 eksemplar. Salet var noko heilt anna. Ein av dei vonbrotne var bokhandlaren Olaf Huseby. I 1885 skreiv han at det var ikkje mykje å skryte av at dei 1000 eksemplara som *Bondestudentar* av Arne Garborg var blitt trykte i 1883, var blitt selde på to år. Vinjes skrifter hadde han berre selt 100 av til nedsett pris fem kroner.¹⁰² Til då var det kome ut to band av *Skrifter i Utval* med *Ferdaminni* og prosa frå Dølen.

Bibliografen Anton Aure skriv at heile verket kosta 20 kroner.¹⁰³ Det svarar til 1495 kroner i 2017-verdi. Seinare blei det sett ned til 12 kroner,

¹⁰² Olaf Huseby i *Nordtrønderen* 28.8.1885, sitert i Halvdan Koht: «Det store mål-vende i 1885» i *Heidersskrift til Marius Hægstad*, Olaf Norlis forlag, Oslo 1925, s. 7 f.

¹⁰³ Anton Aure: *Nynorsk boklista*, I, Kristiania 1916, s. 253.

som er 900 kroner i 2017-verdi.¹⁰⁴ Forleggaren Olav Hr. Rue nemner at forlaget prøvde med ei subskripsjonsutgåve i små hefte 1883–1884.¹⁰⁵ Korleis det gjekk, er ukjent

Stortinget vedtok i 1907 at frå og med 1912 skulle examen artium femne om både nynorsk og bokmål. Dette skapte ein marknad for skuleutgåver av nynorskbøker. For Vinje gjaldt det to – eposet *Storegut* og den essayistiske reiseskildringa og diktsamlinga *Ferdaminni*.

Dei første skuleutgåvene av Vinje-verk kom i 1911 og 1913. Så lenge der var gymnas, var der ein marknad for slike utgåver. Med lov om vida-regående opplæring frå 1974 forsvann det salet. Samlaget trykte den siste skuleutgåva av *Storegut* i 1960 og den siste av *Ferdaminni* i 1973.

Utbreiinga av desse bøkene er godt dokumentert gjennom tabellar i dei aktuelle bøkene. Det skal nok Olav Midttun takkast for. Like frå 1911 til 1973 forvalta han arbeidet med dei to skuleutgåvene. Dermed hadde han også godt innsyn i opplagstala (tabell 7 og 8).¹⁰⁶

Dei opplysningane har vore tilgjengelege sidan tidleg på 1970-talet. Likevel har det rådd ei uvisse om kva Vinje-bøker som fekk flest lesarar. *Ferdaminni* er utan tvil det mest lesne verket av Vinje, skreiv Jon Haarberg i 1985.¹⁰⁷ Emnet er verdt ei viss gransking.

Gjennom ulike verkutgåver, enkeltbøker og skuleutgåver var det mellom 1861 og 2010 trykt vel 235 000 eksemplar av *Storegut* og *Ferdaminni*. Mellom dei to verka er der ein interessant skilnad.

Av eit samla opplag for *Storegut* på vel 80 000 eksemplar har skuleutgåvene stått for 27 000. Eit liknande opplagstal for skuleutgåvene har også *Ferdaminni*. Av eit samla opplag på vel 160 000 eksemplar har skuleutgåvene utgjort 38 000 eksemplar (tabell 8).¹⁰⁸

Om lag 53 000 eksemplar av dikteposet *Storegut* er blitt selde på allmennmarknaden, mot 128 000 eksemplar av *Ferdaminni*. Slik sett er altså *Ferdaminni* det mest lesne verket. Skilnaden ligg i *Norges nasjonalitteratur*.

¹⁰⁴ Anton Aure: *Nynorsk boklista*, Oslo 1916, s. 253.

¹⁰⁵ Det Norske Samlaget: *Bøker 1868–1992*, Oslo 1993, s. 242.

¹⁰⁶ Opplysningar i A.O. Vinje: *Storegut*, Oslo 1932, s. 3; Aasmund Olavsson Vinje: *Storegut*, Oslo 1933, s. 4; A.O. Vinje: *Storegut*, Oslo 1960, s. 4, dessutan frå forlagssjef Håkon Kolmannskog i Samlaget 23.1.2017. Opplagstalet for 1923 er usikkert.

¹⁰⁷ Jon Haarberg: *Vinje på vrangen*, Oslo 1985, s. 29.

¹⁰⁸ Opplysningar i A.O. Vinje: *Ferdaminni*, Oslo 1973, s. 4, og frå forlagssjef Håkon Kolmannskog i Samlaget 23.1.2017. Opplagstala for 1969 og 1973 (verk) er stipulerte.

Blir det samla opplaget for den utgåva trekt frå, har fleire kjøpt dikteposet enn reiseskildringa.

Tabell 8
Opplag *Fedaminne* 1861–2010

1861 del I	1000 (truleg)
1861 del II	1000 (truleg)
1871	1200
1882 verk	3500
1911 skule	1000
1912 skule	2000
1918 skule	5000
1919 verk	3000
1923 skule	5000
1940 skule	5000
1942 verk	7000
1947 skule	5000
1959 skule	5000
1962 skule	6000
1962	4500
1967 verk	84000 Norges nasjonallitteratur
1969	3000
1973 skule	4000
1973 verk	2000
1993 verk	2500
1996 verk	7955
2010	1700
Sum	150155

Dokumentasjonen av Vinje-tekstar berre i Nordahl Rolfsens leseverk og utbreiinga av dei bøkene tyder på eit mønster: Mange dikt har vore lesne, få sakprosa-tekstar har vore lesne av like mange, og i liten grad har dette vore tekstar frå *Ferdaminni*.

Eg trur det er rettast å seie at nordmenn flest har vore tettare på lyrikaren Vinje enn journalisten og essayisten.

Eit opplag på 80 000 for ei enkelt diktsamling på 140 år er ganske mykje. Talet er stort, men ikkje størst.

Opplagstal er mangelvare i det meste av norsk forlagshistorie, og salstala kan vere mykje lågare. Éin målestokk for *Storegut* kunne likevel vere *Dikt i samling* av Jakob Sande. Frå førsteutgåva i 1956 var boka seld i

42 000 eksemplar i 1997.¹⁰⁹ Få andre lyrikarar på 1900-talet kan vise til noko liknande.

Forleggaren Sverre Tusvik publiserte i 1994 ein kommentert dokumentasjon av annonserte bestseljarar i Dagbladet november–desember i perioden 1900–1993.¹¹⁰ Den framstillinga stadfestar det som hadde kome fram i mange bedriftshistorier om forlag: Prosaen får mange lesarar, lyrikken ganske få. Forteljingane *En glad gutt* og *Synnøve Solbakken* av Bjørnstjerne Bjørnson blei begge selde i nærmare 500 000 eksemplar fram mot 1974. Romanen *Familien på Gilje* av Jonas Lie frå 1883 hadde Gyldendal då selt i 311 000 eksemplar.¹¹¹

Så mange nullar held ikkje lyrikken seg med.

1950- og 60-åra var prega av store opplagstal for songbøker og vise-samlingar. Tiden annonserte i 1959 eit samla opplag på 50 000 for *Musevisa* av Alf Prøysen og 30 000 for *Julekveldsvisa* av same forfattaren i 1957.

Skriftlyrikk for vaksne var noko heilt anna. Like før jul i 1921 annonserte rett nok Gyldendal eit samla opplag på 15 000 for *Digte i utvalg* av Herman Wildenvey, utgitt fire år tidlegare. Aschehoug annonserte 12 000 eksemplar av diktutvalet *De hundrede fioliner* av Arnulf Øverland i 1968 og 20 000 i 1971.¹¹² Dei tala er unntaka.

Litteratursosiologen Johs. A. Dale fortel at *Digte* av Nils Collett Vogt kom ut i 1050 eksemplar i 1891.¹¹³ I 1920- og 30-åra kom ein del nye dikt-samlingar i opplag på 3000. Då Bokklubbens Lyrikkvenner gav ut første boka si i 1962, drista dei seg til med eit opplag på 2500.¹¹⁴

I opplagstala for *Storegut* er verkutgåvene rekna med. På verkmark-naden ruvar Bjørnstjerne Bjørnson. Mellom 1900 og 1995 kom hans samla verk i 11 utgåver.¹¹⁵ Den første blei trykt i 15 000 eksemplar. Då han døydde i 1910, blei *Samlede værker. Mindeudgave* annonsert med eit opplag på 40 000.¹¹⁶ Ingen forfattarskap har fått eit samleverk i større opplag enn

¹⁰⁹ Ottar Grepstad: *Språkfakta 2015*, Ørsta 2015, tabell 16.9.7.

¹¹⁰ Sverre Tusvik: «Bestseljarar 1900–1993», i Sverre Tusvik (red.): *Bestseljarar*. LITINORS skriftserie nr. 5, Oslo 1994, s. 26–143.

¹¹¹ Sigurd Evensmo: *Gyldendal og gyldendøler*, Oslo 1974, s. 215 f.

¹¹² Sverre Tusvik, same staden, s. 59 f. og 114.

¹¹³ Johs. A. Dale: *Litteratur og lersing omkring 1890*, Oslo 1974, s. 165.

¹¹⁴ *Det norske bokeventyret*, Oslo 1986, s. 79.

¹¹⁵ Arthur Thuesen: *Bjørnson-bibliografi. 4. 1895–1932*, Oslo 1954, s. 57–95 gir detaljert oversyn over dei åtte første utgåvene fram til 1953, men opplagstal berre for den første på s. 58.

¹¹⁶ Opplagstala vidare i avsnittet er frå Sverre Tusvik, same staden, s. 95, 101, 103 og 124.

den såkalla hundreårsutgåva hans i 1932. Då blei *Samlede værker* gitt ut i 12 band – eitt band kvar månad – i heile 70 000 eksemplar. Mot slike tal kjem alle andre, også Henrik Ibsen, til kort. Det siste bandet av hans *Samlede værker* blei i 1902 utgitt i 10 000 eksemplar.

Ivar Aasen? Opplaget for kvart av dei tre banda i *Skrifter i Samling* 1911–1912 var på 1250 eksemplar.

Berre utanom skuleutgåvene og billigutgåvene har nok diktbøkene av Bjørnson vore spreidde i nærare 200 000 eksemplar.¹¹⁷ *Storegut* er stor, men ikkje så stor.

Utanfor det vanlege religiøse kretsløpet er det truleg berre to andre diktverk som kan måle seg med Vinje-boka frå 1866. Begge er skrivne av Petter Dass. Fram til 1800 kom skriftene hans i «mer enn 200 forskjellige utgaver, opplag og enkelttrykk».¹¹⁸ Både *Katechimus/Sange* frå 1715 og *Nordlands Trompet* frå 1739 har vore folkelesnad. 51 utgåver og opplag er det blitt for *Nordlands Trompet*, fortel bibliografen og Dass-kjennaren Ivar Roger Hansen.¹¹⁹ *Storegut* er utgitt i 24 utgåver og opplag, men frå 1900 til 2015 kom *Nordlands Trompet* i 31 utgåver. Opplagstala er stort sett ukjende, men ei Dass-utgåve i 1927 var iallfall trykt i 5000 eksemplar.¹²⁰

Så ja, Aasmund Olavsson Vinje blei ein lesebokklassikar, men nei, ingen typisk folkelesnad på den opne bokmarknaden. Derimot blei han lesen meir enn nok til at han må bere sin del av æra for klisjeen om at nynorsk er så vakkert i dikt.

Ei annan klisjé har vore at bøker på nynorsk sel dårlegare enn bøker på bokmål. Kva tid den tanken blei opplesen og vedteken, er aldri blitt undersøkt. Utsegnene på årsmøtet i Samlaget i 1881 peikar i retning av at dette var ein fordom som fekk rotfeste alt før eit variert tilbod på nynorsk var utvikla.¹²¹ Opplagstala som er dokumenterte av Johs. A. Dale og Sverre Tusvik, gir få haldepunkt for oppfatninga. Ialffall fram til 1940 var opplaga jamt over små, og skilnadene var større mellom sjangrar og mellom forfattarar enn mellom språk.

¹¹⁷ I åra 1925–1950 kom desse verkutgåvene i 96 000 eksemplar, står det i *Gyldendal Norsk Forlag 1925–1950*, Oslo 1950. Med utgåvene 1900–01 og 1910 i tillegg var opplaget då oppe i 151 000, og mellom 1910 og 1925 var der fleire utgåver.

¹¹⁸ [Ivar Roger Hansen]: «Petter Dass», *Petterdass-museet.no*, lesedato 23.1.2017.

¹¹⁹ Ivar Roger Hansen i e-post til forfattaren 26.1.2017.

¹²⁰ Sverre Tusvik, same staden, s. 120.

¹²¹ Emnet er noko utdjupa i Ottar Grepstad: *Det litterære skattkammer*, Oslo 1997, s. 458 f.

Ferdaminni er med klar margin det Vinje-verket som har fått flest le-sarar, men det er ikkje det mest kommenterte og analyserte.

VINJE VILLE UT I VERDA. Det var songane som reiste mest.

Det krev meir enn ein bibliograf for å få til eit nokolunde komplett oversyn over omsetjingar og gjendiktingar til andre språk. Dikt og prosa av Vinje er iallfall blitt omsette til 11 språk: dansk og dansk-norsk, engelsk, finsk, fransk, islandsk, italiensk, nederlandsk, riksmål, spansk, svensk og tysk (tabell 9). Nokre få dikt på dansk skreiv Vinje sjølv nye variantar av på nynorsk.

Den som gjekk føre, var tyskaren, franskmannen, amerikanaren, og bergensaren.

Tabell 9
Vinje-tekstar omsette til andre språk

	Lyrikk	Prosa
Engelsk	132	8
Tysk	37	8
Fransk	16	
Dansk	14	
Islandsk	6	
Riksmål		4
Dansk-norsk		3
Finsk	2	
Italiensk	2	
Nederlandsk	2	
Svensk	2	
Spansk	1	
Sum	214	23

Onsdag 24. mars 1880, midt i påskeveka, kjøpte Edvard Grieg *Dikt-samling* av A.O. Vinje.¹²² Det blei ein skilsetjande dag. To månader seinare sat han med 15 melodiar til Vinje-dikt. Tre av dei blei liggande, resten kom ut i to hefte 15. desember 1881 som *Tolv Melodier til Digte af A. O. Vinje* i København og Leipzig.¹²³ Ein song nr. 13 kom ut posthumt i 1907, dei to

¹²² Edvard Griegs dagbok, referert i Arne Runar Svendsen: *Edvard Griegs Vinjesanger. Kritiske undersøkelser i det litterære- og musikalske kildematerialet til belysning av sangenes tilblivelse og tekstlig-musikalske utforming*. Hovudoppgåve, Universitetet i Oslo [1971], s. 18.

¹²³ *Bergensposten* skreiv 22.9.1881 at det no var like før utgivinga. Først 18.11.1881 var manuskriptet komplett med alle tekstane, og då gjekk det fort, jf. Arne Runar Svendsen, same staden, s. 45.

siste så seint som i 1990 og 1991. Margnotata i Griegs eksemplar av *Diktsamling* tyder på at han hadde blinka ut åtte dikt i tillegg: «Vaart Maalstræv», «Hersveinens Song», «Kulturen», «Leitande etter Blaamann», «Det er ikki værddt at syrgja», «Til Sætergjenta», «No mot i gamle Dagar» og «Gamle Tankar».¹²⁴

Grieg nógde seg ikkje med å komponere. Han var med og skreiv Vinje tilbake til det språket som Vinje hadde skrive seg ut av i 1858. Alt då han komponerte melodiane, arbeidde han litt med nokre stikkordsprega omsetjingar. Forleggaren bad om komplette omsetjingar, og det fekk han.¹²⁵ Korleis det gjekk til, er ikkje klart. Den som har grave djupast i dette, er musikkhistorikaren Arne Runar Svendsen. Han meiner at anten Grieg eller Hansen kontakta ein som kunne stå for omsetjinga. Mest truleg var det ein nordmann, frå Bergens-miljøet, med eit visst litterært skjønn.

Ein hovudmistenkt har vore John Paulsen, ein forfattar frå Bergen som den gongen gjekk for å vere god, for Grieg god nok til at han tonesette mange dikt av Paulsen. I den aktuelle tida var Paulsen i utlandet saman med Henrik Ibsen, utan at det gjer han heilt uaktuell. Av ein artikkel som Paulsen skreiv om Grieg og Vinje-songane i 1905, går det fram at han snakka med Grieg om meodiane, men det er også alt.¹²⁶

Svendsen vraka Paulsen som kandidat. I minste detalj har han dokumentert og analysert dei språklege skilnadene mellom originaltekstane og omsetjingane til dansk.¹²⁷ Truleg var det Grieg sjølv som «utformet oversettelesene språklig før de ble sendt».¹²⁸

Dei danske omsetjingane stod parallelt med originaltekstane på no-tearka. Eitt dikt stod åleine. «Et Vennestykke» hadde Vinje skrive på dansk i 1857 og publisert sju år seinare i *Diktsamling*. På fleire konsertar var det likevel originaltekstane som blei brukte. Etter ein konsert med Thorvald Lammers i Hotel de Rome, Berlin våren 1885, skreiv ein nordmann til Bergensposten: «Underligt var det for os Nordmænd at høre dette stærke, kraftige Landsmaal, baaret frem af Griegs ligesaa nationale

¹²⁴ Arne Runar Svendsen, same staden, s. 18.

¹²⁵ Wilhelm Hansen i brev til Edvard Grieg 15.8.1881, sitert i Arne Runar Svendsen, same staden, s. 37.

¹²⁶ John Paulsen: «Grieg og Vinjesangene», *Verdens Gang* 2.6.1905.

¹²⁷ Arne Runar Svendsen, same staden, s. 4–16 og 19–24.

¹²⁸ Arne Runar Svendsen, same staden, s. 44 og 47.

Toner, midt i den fine Berliner-Salon.»¹²⁹ Seinare same året var tonen ein heilt annan etter ein konsert i København: «Da jeg ikke kjender det uapetittlige Sprog, hvori Vinjes Vers, kaldet 'Vaaren', er skrevet, har jeg heller ingen Mening om Griegs Musik dertil».¹³⁰

Grieg kunne gjere omtrent som han ville; der var ingen Vinje å spørje. Annleis med Ivar Aasen. Han fekk spørsmålet om gjendikting til dansk vinteren 1896. Christian Sinding hadde då laga fleire melodiar til dikta i *Symra*. Den profilerte journalisten Peter Rosenkrantz Johnsen i Dagbladet var ærendsgut for komponisten. Diktaren låg på sofaen, tenkte seg lenge om og sa: «Jeg tænker ikke det er værdt.»¹³¹

Sinding gjorde det likevel.

Tabell 10

Ti sentrale Vinje-omsetjarar 1881–2011

Edvard Grieg	1881	Dansk
Edmund Lobedanz	1882	Tysk
Julien Leclercq	1883	Fransk
Mrs. John P. Morgan	1884	Engelsk
Frederick Corder	1890	Engelsk
Rosette Helen Elkin	1907	Engelsk
Hans Schmidt	1910	Tysk
Rolv Kristian Stang	1991	Engelsk
William Jewson	2002	Engelsk
Beryl Foster	2011	Engelsk

Edmund Lobedanz gav i 1868 ut *Album dänisch-norwegischer Dichtung*, og i 1881 tok han med eit utdrag av diktet «Langs ei Aa» i antologien *Ausgewählte Gedichte v. Bjørnstjerne Bjørnson ... und anderen neueren nordischen Dichtern*: «O Wald, der sich herüber neigt». Alt året etter kom varianten «Du Wald, der sich herüber biegt». Det gjorde han fordi ein nordmann hadde sett tonar til mange Vinje-dikt.

Den tredje var franske Julien Leclercq. I 1883 og 1889 gav han i alt ut gjendiktingar av seks Vinje-dikt, alle til Grieg-melodiar.

Den fjerde av dei første var Mrs. John P. Morgan. I 1884 gav G. Schirmer i New York ut Edvard Griegs *Vocal Album*, IV, med hennar gjendiktingar til engelsk.

¹²⁹ *Bergensposten* 9.4.1885, sitert i Arne Runar Svendsen, same staden, s. 56.

¹³⁰ S. i *Dagbladet*, København, 29.11.1885, sitert i Arne Runar Svendsen, same staden, s. 60.

¹³¹ Peter Rosenkrantz Johnsen: «Ivar Aasen», *Dagbladet* 29.9.1896.

På fire år, frå 1881 til 1884, var dermed nokre av dei viktigaste Vinje-dikta omsette til dansk, tysk, fransk og engelsk (tabell 10).

Grieg var ansiktet ut for norsk musikk på slutten av 1800-talet, sa Grieg-kjennaren Beryl Foster i 2014.¹³² Det ansiktet blei sett. Vinje var utanriksminister for Aasen, som Djupedal så treffande skreiv. For å bli verande der: Grieg var ein effektiv ambassadør for Vinje. På eit par tiår var alle dei tolv dikta med Grieg-melodiar blitt gjendikta to gonger til tysk, to gonger til engelsk, ein gong til dansk. Seinare kom fleire komplette gjendiktingar til engelsk. Slik dukka songlyrikaren Vinje opp på den eine scena etter den andre.

Rolv Kristian Stang stod for ei ny gjendikting av alle Grieg-songane til engelsk i band 14 og 15 av den ultimate utgåva av Griegs verk i 1990 og 1991. No blei gjendiktingane spreidde på fleire vis enn gjennom notetrykka. William Jewson arbeidde ved plateselskapet BIS Records i Sverige nokre år og gjendikta då dei 12 Vinje-dikta. Det same gjorde Beryl Foster i 2011.

Nokre år tidlegare hadde ho gitt ut standardverket *The Songs of Edvard Grieg*. Der gav ho ei ganske kritisk vurdering av ein del av gjendiktingane. I 2011 kom *Literally Grieg. Complete texts to all Edvard Grieg's songs and choral music with literal English translations* i 2011. Dei omsetjingane var ikkje meir bokstav-for-bokstav enn at dei blei platefesta i 2014. Då gav Lawo Classics ut *Grieg Garborg / Vinje / Ibsen* med Marianne Beate Kiehlend (mezzosoprano) og Nils Anders Mortensen (piano). For sjette gong var heile dusinet med Vinje-songar nytolka til melodiar som etter kvart var svært innarbeidde.

MYSTERIET ER MRS. John P. Morgan. Å sjå til forsvann ho inn i litteratur- og musikkhistoria som den namnlause. Mellom dei ti gjendiktarane skil ingen seg meir ut enn ho.

Eit første spor var at namnet kunne peike mot ein mann høgt på strå. John P. Morgan? Denne finansmannen etablerte General Electric i 1892 og var med og fekk i gang selskap som US Steel og AT&T.¹³³ Han gifta seg i 1865 med Frances Louisa Tracy (1842–1924). Arven etter han er samla i

¹³² Beryl Foster: «'That glorious language... the most beautiful music!'. Edvard Grieg's relationship to landsmål», foredrag på *International Chopinological Conferences 2014*, Radziejowice 16.9.2014.

¹³³ «J.P. Morgan», *Wikipedia English*, lesedato 1.6.2017.

The Morgan Library & Museum i New York. Samlingane rommar mellom anna ei mengd originale musikkmanuskript, tre av dei av Edvard Grieg.

Andre har også vore i tvil. Nettstaden Hymnary.org, «a comprehensive index of hymns and hymnals», har to songar omsette av Mrs. John P. Morgan. Kurator Christine Nelson ved The Morgan Library & Museum var i si tid inne på tanken om at Frances kunne vere omsetjaren.¹³⁴ No er museet sikker på at det ikkje var henne.¹³⁵

I Griegsamlingen ved Bergen off. bibliotek fann Lars Bjørknes og Jorunn Eckhoff Førden fram eit heilt anna spor frå same tida. Digitale utgravingar avdekte fragment av ei ny forteljing som gir ei kvinne eit namn.

Første setninga ligg nord i Ohio, nordaust i USA, den siste på vestkysten.

Måndag 31. august 1863 tok unge Virginia til på Oberlin Conservatory i Oberlin, Ohio.¹³⁶ Oberlin College var ein liberal institusjon for si tid, tok opp den første svarte studenten i 1830, dei første kvinnene i 1837.¹³⁷ Konservatoriet er det eldste i USA som enno er i drift.

17 år gamle Virginia hadde reist 80 mil frå heimbyen Iowa City. Der var presten William W. og Martha G. Woods i 1847 blitt foreldre til endå eit barn; dei hadde sju frå før.¹³⁸

Virginia var førsteårs-student i Ladies' Department. Som ein av 917 studentar ved skulen studerte ho mellom anna romersk litteratur og musikk, med tilgjenge til eit bibliotek med meir enn 10 000 band. Regelen var klar: «Young ladies and gentlemen are never allowed to visit each other's rooms, except by special permission in case of severe sickness».¹³⁹ I 1864 var ho student på andre året med fransk som eit av faga.¹⁴⁰ Noko tredje år blei det ikkje.

¹³⁴ Hymnary.org, https://hymnary.org/text/o_make_me_a_very_good_child, lesedato 3.6.2017.

¹³⁵ Kurator Fran Barulich, The Morgan Library & Museum, i e-post til forfattaren 2.6.2017.

¹³⁶ *Annual Catalogue of the Officers and Students of Oberlin Conservatory for the College Year 1863–4*, Oberlin 1863.

¹³⁷ «Oberlin College», https://readtiger.com/wkp/en/Oberlin_College, lesedato 3.7.2017.

¹³⁸ United States Census 1850, *FamilySearch.com*, lesedato 3.6.2017.

¹³⁹ *Annual Catalogue ... 1863–4*, s. 48.

¹⁴⁰ *Annual Catalogue of the Officers and Students of Oberlin Conservatory for the College Year 1864–5*, Oberlin 1864.

Ein av leiarane ved skulen var John Morgan, professor i bibel-litteratur. Den eldste sonen hans heitte John Paul, fødd 1841.¹⁴¹ Han hadde i fleire år studert musikk i New York og tysk i Cleveland, Ohio, før han frå 1863 studerte i Leipzig og Magdeburg. I august 1865 kom han heim att til Oberlin. Tilbakeflyttaren gjekk straks i gang med å vidareutvikle Oberlin Conservatory of Music etter mønster av Leipziger Konservatorium, stifta i 1845. Ein eller annan gong den hausten, vinteren eller våren møtte han Virginia.

Den 18. oktober 1866 gifta Virginia Woods seg med komponisten, songaren og organisten John Paul Morgan og busette seg i New York. Der skipa han i 1877 eit nytt konservatorium, Morgan Conservatory of Music. Då hadde han i fleire år vore alvorleg sjuk, og lengre opphald i varme California var ikkje nok. Medan familien var der, gav han i 1875 ut komposisjonen *Sea Farm* med tekst av Mrs. John P. Morgan. Det kan ha vore noko av det første ho publiserte.

John Paul døydde i California vinteren 1879, berre 37 år gammal. Attende sat enkja Virginia med fire barn. Ei kjelde hintar om at dei to hadde skilt lag.¹⁴² Det kunne forklare at ho er så lite omtalt, men det held ikkje. I alle offisielle dokument var ho enkje, ikkje skild.

Det står skrive at i 1870 bur John og Virginia i New York med døtrene Geraldine (fødd 1868) og Margareth (fødd 1870). Den gongen er Virginia skriven inn i manntalet som V.W. Morgan.¹⁴³ I 1880 bur musikk-lærer og enkje Virginia Morgan med barna Geraldine, Cornelia (fødd 1871), Theodora (fødd 1873) og John P. (fødd 1874 i California) i New York. Margareth lever ikkje lenger.¹⁴⁴ Tjue år seinare bur omsetjar Virginia Morgan på Manhattan med Geraldine og Paul, no skriv han seg som det, ho fiolinist, han cellist.

Til folketeljaren har Virginia i 1900 fortalt at ho er fødd i april 1845 i Iowa.¹⁴⁵ Ho held fast på fødselsåret 1845 også ved neste folketeljing 9. mai

¹⁴¹ Den vidare framstillinga bygger særleg på E. Douglas Bomberger (ed): *Brainard's Biographies of American Musicians*, Westport, Conn., s. 197 ff. med artikkel frå tidsskriftet *Brainard's Musical World* i 1879, og F.O. Jones: *Handbook of American Music and Musicians*, New York 1886, s. 104, som tydeleg har henta mykje frå artikkelen frå 1879.

¹⁴² Jf. IMSLP Petrucci Music Library, [http://imslp.org/wiki/Sea_Fern_\(Morgan,_John_Paul\)](http://imslp.org/wiki/Sea_Fern_(Morgan,_John_Paul)), lesedato 2.6.2017.

¹⁴³ United States Census 1870, *FamilySearch.com*, lesedato 3.6.2017.

¹⁴⁴ United States Census 1880, *FamilySearch.com*, lesedato 3.6.2017.

¹⁴⁵ United States Census 1900, *FamilySearch.com*, lesedato 3.6.2017.

1910. Då har ho flytta frå Manhattan til Massachusetts, til Stockbridge, ein landsby så liten at husa knapt viser mellom trea i hovudgata Village Steet på eit postkort frå 1910. Yrke: «None».¹⁴⁶

Mrs. Virginia Morgan bur framleis i Stockbridge i 1920, men no meiner ho at ho er fødd i 1846. Ein ville tru at mora og faren, han jamvel prest, heldt orden på fødselsåra for barna sine då folketeljaren kom i 1850, at dei visste at Virginia var tre år, ikkje fire eller fem. Det siste svaret som ligg føre, ber atterhaldet «birth calculated».

Virginia Woods var fødd i Iowa 10. april 1845, døydd som Virginia Morgan i Stockbridge, Massachusetts 26. april 1927 og blei jordfesta i Oakland, California.¹⁴⁷

Ektemannen fekk sine omtalar, ho einast knappe innførsalar av typen «English text by Mrs. John P. Morgan of New York». I offisielle dokument, dei som ingen såg, heitte ho Virginia Morgan, i utgivingar og offentleg omtale Mrs. John P. Morgan eller berre J.P. Morgan.

Eit slikt verk var ei engelsk omsetjing av teksten til «O heilige Nacht» av Franz Liszt, utgitt av G. Schirmer i New York i 1882. Verket var urframført i Roma juledag året før, og John Paul hadde vore død i to år, så når det står på notebladet at den engelske omsetjinga er ved M. John Paul Morgan, handlar det nok om henne.¹⁴⁸

Denne namnlause kvinna gjendikta og omsette tyske tekstar til verk av Bach og Brahms og Bruch og mange andre. I 1880-åra utretta ho ufattelleg mykje, omsetjingane strøymde ut, både av librettoar, songar og bøker. Vinteren 1892 kom Anton Rubinsteins store verk *A Conversation on Music* ut i hennar omsetjing. I 1878 komponerte ho også verket «What Care I how Fair She be?»¹⁴⁹

Musikkforleggaren G. Schirmer i New York var bindeleddet til dei begge. Schirmer gav ut fleire verk av John Paul og mange av verka med gjendiktingar av Virginia. Det gjaldt også Edvard Griegs *Vocal Album* i 1884 med frie gjendiktingar ved Mrs. John P. Morgan.

Tysk kan ho ha lært på eiga hand eller gjennom mannens kopling til Tyskland. I musikktrykka står det at ho har gjendikta «from Norwegian»,

¹⁴⁶ United States Census 1910, *FamilySearch.com*, lesedato 3.6.2017.

¹⁴⁷ Charles Baker: «Virginia Woods Morgan», *Findagrave.com*, <https://www.findagrave.com/cgi-bin/fg.cgi?page=gr&GRI=145785501&ref=acom>, lesedato 3.6.2017.

¹⁴⁸ *Weihnachtslied (Old Christmas Song) ... von Franz Liszt*, G. Schirmer, New York 1882.

¹⁴⁹ IMSLP Petrucci Music Library, https://imslp.org/wiki/Main_Page, lesedato 2.6.2017.

men mellom linjene står Vinje-dikta slik Edmund Lobedanz gjendikta dei til tysk. Ikkje noko i biografien til Mrs. Morgan tyder på at ho hadde kontakt med norsk-amerikanske miljø eller på anna vis hadde lært norsk. Likevel er det eit faktum at *Grieg Album of Twenty-three Songs with English and Scandinavian Words* blei utgitt av Pitt & Hatzfeld i London i 1888. Undertittel: «Translations by Theo. [Theophilus] Marzials and Mrs. J.P. Morgan».

I Grieg-utgåva *Selected Songs For High Voice: Thirty-Six Songs with Piano Accompaniment* frå G. Schirmer i 1939 skreiv forlaget at ho hadde omsett frå dansk. Kann sein, men tysk er meir truleg, for det språket kunne ho. Fleire av gjendiktingane hennar av tyske diktarar var dei einaste som opphavspersonane godkjende – det gjeld Carl Bohm så vel som Julius Weissenborn. Kor god gjendiktar og omsetjar ho var, er diskutabelt. Beryl Foster meiner at gjendiktinga hennar av «Solvejgs Vuggeviser» er den verste av alle dei som er laga til dette Ibsen-diktet.¹⁵⁰

Nøkkelrolla i arbeidet hennar som omsetjar fekk dottera Geraldine. Frå ho var fire, gjekk ho i fiolinlære, først hos faren, seinare hos fleire av dei fremste. I 1881 gjorde ho som faren mange år før. Geraldine drog til Tyskland og studerte i Leipzig og Berlin, gifta seg med musikk læraren, skilde seg etter kort tid, reiste attende til New York og gifta seg på ny, no som Roeder. Som fiolinist heitte ho derimot Geraldine Morgan til sin døydande dag i 1918. I ein leksikalsk omtale av henne heiter jamvel mora Virginia, ikkje Mrs. John Paul Morgan.¹⁵¹

Der er endå ei linje. Geraldine var berre 13 då ho skulle til musikkstudiet i Leipzig i 1881. Då reiste mor med.¹⁵² Ho hadde sjølv reist sine 80 mil heimanfrå for å ta si utdanning, og visste kva det gjekk i. Virginia blei verande i Europa minst eitt år, truleg to. Der kunne ho velje og vrake i tekstar for omsetjing.

Virginia Woods var nok i Leipzig då G.F. Peters gav ut fjerde bandet av *Grieg Album* i 1882. *Sammlung Beliebter Lieder mit Klavierbegleitung von Edvard Grieg* baud på den første samla gjendiktinga av Vinje-songane til tysk ved Edmund Lobedanz. Der var førelegget, og i Leipzig kunne ho lett ordne det slik at ho fekk ta med dei tyske tekstane i si utgåve av Vinje-songane i *Vocal Album*, del IV.

¹⁵⁰ Beryl Foster: *The Songs of Edvard Grieg*, Woodbridge 2007, s. 17.

¹⁵¹ John William Leonard (ed.): *Woman's Who's who of America*, Michigan 1914, s. 697.

¹⁵² Christine Ammer: *Unsung. A History of Women in American Music*, Portland, Oregon 2016.

Var det slik?

Musikkhistoria ser lite på verselinjene mellom notelinjene, og derfor blei Virginia ikkje stort meir enn reisefølge for dottera, sjølv ikkje i eit standardverk som *A History of Women in American Music*. Også litteraturhistoria ser forbi mellomromma i notetrykka. Heller ikkje har det hjulpet at ho var kvinne, gift med ein profilert mann i visse musikkmiljø, og åleinemor for fire.

Virginia Morgan, fødd 1847, død 1927, slutta Griegs sirkel frå Christiania til Leipzig, i den tette byen innanfor dei gamle bymurane med all sin musikk og kaffi, Gewandhaus med konservatorium og konsertsal for 1000 personar, Zum Arabischen Coffe Baum frå 1720, i desse gatene gjorde Virginia Morgan seg i stand til å gjendikte mannen frå Vinje.

MINST 33 VINJE-DIKT er altså blitt gjendikta til andre språk. Dei tre mest populære er «Våren» med 26 gjendiktingar, «Ved Rondane» med 23 og «Langs ein Aa» med 18 gjendiktingar.

Musikkforlag er gjerne betre på melodilinjær og notar enn fotnotar og verselinjer. Å lage ein bibliografi som berre ser tekst og ingen tonar, er nødvendig for balansens skuld. Det edisjonskritiske storverket med Edvard Griegs *Samlede Verker / Gesamtausgabe / Complete Works* heiter i musikkmiljøa berre GGA. På dette feltet er det framleis tysk som gjeld. Verket blei redigert av Edvard Grieg-komiteen under leiing av Finn Benestad. Den komiteen heldt overveldande god orden på dei mange utgåvene frå G.F. Peters i Leipzig, som har gitt ut 62 ulike gjendiktingar av Vinje. To tredelar av alle gjendiktingar har kome på andre forlag, i andre byar, i andre land.

Ein merkeleg skilnad er denne: Utgivarane brukte primært tekstane frå førsteutgåver, men notane var dei siste frå komponistens hand.¹⁵³

Grieg komponerte melodiar til verk av mange forfattarar. Den første nynorskforfattaren var Kristofer Janson. Grieg tonesette diktet «Vesle-Gut» alt i desember 1866, Janson gav det ut i bokform i *Norske Dikt* i 1867, notane blei først trykte i GGA i 1991.¹⁵⁴ Det neste Grieg tonesette, var «Gamle Moder» av Vinje i 1873. Kanskje tilfeldig, men det var det året Vinjes grav på Gran fekk sin gravstein.

¹⁵³ Dan Fog og Nils Grinde: «Zum vorliegenden Band», i Edvard Grieg: *Samlede Verker*, 14, Frankfurt 1990, upaginert.

¹⁵⁴ Edvard Grieg: *Samlede Verker*, 15, Frankfurt 1991, s. 322.

Den første dansk-norske diktaren han tonesette, var Andreas Munch i 1863, utgitt tre år etter.¹⁵⁵ Då hadde Grieg alt komponert melodiar til dikt av mellom andre Heinrich Heine og H.C. Andersen. Seinare blei det både Bjørnson og Ibsen. Grieg var med andre ord godt røynd med å tonesette dikt då han tok til på Vinje.

Dikt av Ivar Aasen gjorde Edvard Grieg aldri noko med. Kvifor?

Nokre moglege forklaringar ligg opp i dagen. Til forskjell frå Vinje dikta Aasen gjerne til bestente melodiar, og nokre av dei komponerte han sjølv. Ludvig B. Lindeman tonesette «Nordmannen» i 1870 og hadde mykje kontakt med forfattaren. I 1875, då Grieg berre hadde tonesett eitt Vinje-dikt, kom tredje utgåva av *Symra* med notetillegg ved Jakob Kobberstad. Alt dette gav mindre å spele på for Grieg enn i tilfellet Vinje, som hadde laga mange høvesdikt til etablerte melodiar, men ingen hadde tonesett Vinje-dikt før Grieg gjorde det sjølv. Ut i 1890-åra arbeidde Christian Sinding med fleire Aasen-dikt, medan Grieg skapte songsyklusen *Haugtussa* frå våren 1896. Han var ferdig 4. september 1896, tre veker før Aasen døydde. Utgivaren av songsyklusen i 1898 var Wilhelm Hansen i København, som også stod for Sindings Vinje-verk.

Der var ein grunn til. Dei stramme verselinjene til Aasen kan ha kome til kort mot dikta av Vinje, som ofte låg nærmare skriftlyrikken. Grieg fann tonen med Vinje på ein annan måte enn med Aasen. Så kan ein undrast over at han tonesette fleire dikt av ein parentes som Bergens-vennen John Paulsen enn av diktarfilosofen Arne Garborg i Knudaheio.

Skilnaden i litterært repertoar er stor mellom Aasen og Vinje. Den viser att i meir enn musikktrykka. Litt fleire dikt av Aasen enn av Vinje er gjendikta, men der er gjerne fleire gjendiktingar av eit og same Vinje-dikt enn av Aasen-dikt. Musikken kan ha gjort sitt; å skrive nye tekstar til Grieg-komposisjonar hadde sin status. Det kan også vere at der er så mange opningar i og mellom linjene i Vinje-dikta at dei gjer det interessant å prøve endå ei gjendikting.

Langt frå alle gjendiktarane har nokon gong vore identifiserte. Lista byr også på Olle Adolphson, Johannes Edfelt og Ola Raknes, den irsk-slovenske journalisten og lingvisten Fanny Susan Copeland, og Grieg-kjennarane Astra Desmond og John Horton.

¹⁵⁵ Edvard Grieg: *Samlede Verker*, 14, Frankfurt 1990, s. 313.

Den engelske songaren og forfattaren Beryl Foster har sjølv gjendikta Vinje-songane. Ho seier det enkelt og greitt: «Vinje is very difficult to translate».¹⁵⁶ Til dette kjem at dei aller fleste Vinje-songane er omsette, ikkje gjendikta, frå dansk, ikkje frå nynorsk. Komponisten David Monrad Johansen var ikkje mykje i tvil: «Når Vinje-sangene ennu i utlandet hører til de mindre kjente ting av Grieg, så skyldes vel dette for en stor del de dårlige oversettelser som borttar muligheten for den fulle og hele tilegnelse og forståelse».¹⁵⁷ Det blei ikkje betre av at Grieg stundom brukte berre delar av dikta, som i «Eit Syn» og «Guten», eller tilpassa verselinjene litt til melodilinjene.

Det hadde mindre å seie at somme omsetjarar nok trudde dei arbeidde med norske originaltekstar, der dei sat med danske omsetjingar. I 1901 og 1907 gav Rosette Helen Elkin ut engelske omsetjingar av dei 15 Vinje-songane som då låg føre på dansk. Det er dei danske tekstane som er trykte saman med dei engelske, men i forordet heiter det at ho har prøvt å «adhere as closely as possible to the Norwegian text».¹⁵⁸

Grieg forstod sjølv at dei danske omsetjingane var så-som-så. Derfor åtvara han den franske omsetjaren William Molard mot å bygge på den danske omsetjinga av «Gamle Moder».¹⁵⁹ Molard var ein fransk-norsk komponist som voks opp i Kristiania, og han hadde nok betre føresetnader enn mange andre for å gjendikte Vinje.

Griegs dilemma var nettopp språket. For Grieg handla det om å «la diktet fremtre, og det potensert, det var min oppgave».¹⁶⁰ Forleggaren Peters ville gjerne få fram gode omsetjingar, men, konstaterte komponisten, «selv i de gunstige tilfelle virker de tvungne og unaturlige i sitt forhold til musikken». Forholdet til originaltekstane kunne verke underordna, men sjølv sa Grieg det slik i 1900: «Für mich handelt es sich beim Lieder componieren nicht darum, Musik zu machen, sondern in erster Linie darum, die geheimsten Intentionen des *Dichters* gerecht zu werden.»¹⁶¹

¹⁵⁶ Beryl Foster: *The Songs of Edvard Grieg*, Woodbridge 2007, s. 142

¹⁵⁷ David Monrad Johansen: *Edvard Grieg*, Oslo 1934, s. 255.

¹⁵⁸ *20 Selected Songs by Edvard Grieg with an English Version*, London 1901, s. 3.

¹⁵⁹ Edvard Grieg i brev til William Molard 5.6.1894, sitert i Beryl Foster: *The Songs of Edvard Grieg*, Woodbridge 2007, s. 133.

¹⁶⁰ Edvard Grieg i dokument til biografen Henry T. Finck 1900, sitert etter Johansen s. 255. Fincks biografi *Edvard Grieg* kom ut i 1906.

¹⁶¹ Edvard Grieg i brev til Henry T. Finck 17.7.1900, sitert i Arne Runar Svendsen, same staden, s. 60.

Så godt som all prosaen som Vinje skreiv på dansk eller nynorsk, er blitt verande i sine språk.

I Aure-katalogen heiter det at Drammens Blad publiserte ein del utdrag frå Dølen på dansk-norsk i 1868. På kartotekkortet er desse datoane førte inn: 20. februar, 12. april, 22. april, 29. april, 7. mai, 25. mai, 18. juni og dessutan 10. oktober 1868. Stykket i avisa 20. februar 1868 er skrive på dansk-norsk også i *Dølen* 16. februar 1868: «Efter en hel Mængde Rygter». Drammens Blad 12. april. 1868 har omsett siste del av «Brev fraa Bergen» i *Dølen* 5. april 1868, mellom anna om at Kristofer Janson har mange tilhøyrarar på dei litteraturhistoriske forelesingane sine. Ingen av desse tekstane er skrivne av Vinje. Søk i andre oppgitte nummer gav negativt resultat.

Den einaste lengre artikkelen som er funnen omsett, var eit stykke om Reformklubben i *Dølen* 20. og 27. november 1859. Throndhjems Adresse-Contoirs Efterretninger hadde då trykt fleire utdrag frå *Dølen* på nynorsk, men truleg fått reaksjonar. Den 2. januar 1860 trykte avisa artikkelen på dansk-norsk av di «'Dølen's' Sprog ikke er forstaaeligt for alle Læsere».

I ettertid kom det litt til. Eit utdrag frå «Sekstande Bevet» i *Bretland og Britarne* (1873) blei trykt på dansk-norsk i Budstikken 1885. Gamlere-daktøren i Tønsbergs Blad, Emil Olsen, omsette fire stykke frå *Dølen* til riksmål vinteren 1926. Ikkje noko av det Vinje skreiv på dansk-norsk, er seinare blitt omsett til nynorsk.

Nesten alt som er gjendikta av Vinje, skreiv han sjølv på nynorsk. Som for Aasen blei notehefta ein måte å spreie nynorske tekstar på langt utover landegrensene. Når songane skulle presenterast, blei det gjerne til at ein sa litt eller skreiv litt om den norske språksituasjonen. Også på den måten peika notetrykka frå Edvard Grieg forbi musikken og mot skriftkulturen, inn i skrifta.

DER ER IKKJE EITT LITTERÆRT BILDE av Vinje. Der er mange. Nynorskbrukarane las han annleis enn bokmålsbrukarane like frå 1870-åra. Bokmålsellevane i folkeskulen blei kjende med andre Vinje-tekstar enn nynorskelevane. Nordmennene las *Storegut* og *Ferdaminni*, folk i andre land lytta til songane i *Ferdaminni*. Språket er fellesnemnaren. Det Vinje skreiv på dansk, har vore det som har vekt minst interesse i så vel inn- som utland. Dei tekstane var ein nødvendig føresetnad for forfattargjeringa hans seinare, men det var nynorskforfattaren Vinje som blei klassikaren. Noko av

alt det som står att å finne ut, er kva songar som har prega dei mange hundre norske songbøkene.

Det tok til i gotisk handskrift. Vinje skreiv som andre først gotisk handskrift, men gjekk i 1850-åra over til latinsk bokstavskrift, som utover i 1860-åra var den einaste han brukte. Olav Midttun nemner at alle manuskript til talar og artiklar etter kvart var skrivne med latinsk skrift.¹⁶² Også i tekstar med gotisk skrift skreiv han gjerne namn med latinske bokstavar. Som oftast skreiv Vinje ganske tydeleg, han gjorde seg ekstra flid med breva frå England og Skottland og i offisielle brev.

Aasen skreiv sine reiseminne og dagbøker, men dikt og sakprosa elles skreiv han i all hovudsak i Christiania. Vinje var mange stader, han også, og han skreiv meir der han var. Såleis skreiv Vinje andre delen av *Ferdaminni* i Sverige våren 1861 medan han var hos bror sin på Charlottenberg.¹⁶³ Han kom dit i mars og var tilbake i Christiania i juni.

Både Aasen og Vinje var opptekne av alle former for nyvinningar og modernisering. I skriftføringa var berre den eine av dei heilt med i samtida. Sunnmøringen Aasen blei verande lengst i den gotiske handskrifta, medan vinbyggen skreiv det meste i latinsk skrift.

Begge endra namn undervegs. Iver Andreas var døypenamnet, den eldste signaturen hans frå 1828 lyder Andreas Iverssen Aasen, og Ivar Aasen sto først fram med det namnet i 1845. Osmund Olsen står det i kyrkjeboka i Vinje frå 1818, det eldste brevet signerte han Aasmund Olsen, og signaturen A.O. Vinje kom først på plass i 1852.

Dei song sin tidsmelodi og publiserte lenge anonymt. Viss det gjaldt å skjule seg litterært, gjekk strategien ganske raskt i oppløysing. Dei røpte seg med sine personlege skrivemåtar og blei attkjende i skrifta same om dei brukte pseudonym, nitialar eller berre var Anon. Den 30. oktober 1859 stod «Kippevise» på trykk i Dølen. Den hadde dei skrive saman, annakvar linje. Dei skreiv same språket og følgde same rettskrivinga, men stilen røper kven som har skrive kva.

Individualiteten i det nye skriftspråket var utgangspunktet for den førestilte fellesskapen som tok form i den skriftkulturen Aasen og Vinje skreiv i gang.

¹⁶² Olav Midttun: «Føreord» i A.O. Vinje: *Brev*, Oslo 1969, s. 8.

¹⁶³ Olav Midttun: «Daa Eimbaaten 'Solungen' gjorde si fyrste ferd», *Syn og Segn* 1920, s. 347.

Utgivingar 1845–1870



Tresnitt av Terje Grøstad i A.O. Vinje: *Dølen*, II, Oslo 1971. Foto: Ivar Aasen-tunet

Bøker 1852–1868

1. *Ferdaminni fraa Sumaren 1860* af A.O. Vinje. [I]. Christiania 1861. 128 s. Innbinding: typografisk, med to variantar. A) Til Dødens abonnentar med to avsnitt tekst på form-slaget. I det første avsnittet står det at boka er ei utfylling av den 2. årgangen av *Dø-len*. B) Eit avsnitt tekst på foromslaget utan noka tilvising til *Dølen*-abonnentane. An-nonsert i *Morgenbladet* 7.2.1861, i annonse datert 2.2.1861. *Skrifter i Samling*, IV, 1920 og 1993, s. 1–113; *Skrifter i Samling*, 4, 1942, s. 7–117.

2. *Ferdaminni fraa Sumaren 1860* af A.O. Vinje. II. Christiania 1861. 127 s. Inn-binding: typografisk. Utgitt i juni 1861. *Skrifter i Samling*, IV, 1920 og 1993, s. 114–219; *Skrifter i Samling*, 4, 1942, s. 117–225.

3. *A Norseman's Views of Britain and the British*. William P. Nimpo, Edinburgh 1863. 162 + 6 s. Innbinding: omslag, typografisk (?), heilsjirting. Den innleiande dedikasjonen til J.S. Welhaven er datert 28.5.1863.

4. *Diktsamling* af A.O. Vinje. I Commission hos J.W. Cappelen, Christiania 1864. XVI + 218 s. Innbinding: omslag, typografisk (grønt eller blått), heilsjirting. Der er to variantar av tittelbladet: A) «I Commission hos J.W. Cappelen. B) J.W Cappelen's Forlag. Truleg trykt i 1000 eksemplar. Annonser i *Morgenbladet* 15.12.1863, 30.12.1863 og seinare. Boka inneheld 125 Dikt – 37 på dansk, 88 på nynorsk.

5. *Storegut* af A.O. Vinje. Eget forlag, Christiania 1866. 134 s. Med ordfor-klaringar ordna alfabetisk s. 123–134. Innbinding: omslag, typografisk, heilsjirting. Der er to variantar av tittelbladet: A) «I Commission hjaa Carl Wang». B) «I Commission hos Carl Wang». Boka er trykt i to papirkvalitetar vanleg papir og velin. Utgitt i desember 1866. Annonser i *Morgenbladet* 4.1.1867. Alt vinteren 1858 var Vinje i gang med dette verket, går det fram av brev frå han til Torgeir Stefanson Vinje 2.3.1858. «Fyreord» er trykt i *Skrifter i Utval*, 3, 1886, s. 440–441. Ivar Aasens eksemplar er av type A med dedikasjon frå Vinje.

6. *Blandkorn*. Til utsalg hjaa Alb. Cammermeyer, Christiania 1867. 259 s. Inn-binding: omslag, typografisk, heilsjirting. Dikt, talar, aetiklar. Det meste av stoffet trykt i *Dølen* før, men her i omarbeidd form med mange variantar. Utgitt i desember 1867.

7. *Storegut*. Andre Upplaget. Det norske Samlaget, Christiania 1868. 94 s. Innbinding: omslag, typografisk, heilsjirting. Dikta var ein god del omarbeidd med hjelp frå Ivar Aasen. «I dette andre Upplaget er eit og annat Smaatt umskipat og tilsett og fraateket» (s. 5). Der er to variantar av tittelbladet: A) «I Commission hjå Carl Wang». B) «I Commission hos Carl Wang». Boka er trykt i to papirkvalitetar vanleg papir og velin. Truleg trykt i minst 2000 eksemplar. Utgitt i oktober 1868,

annonsert av Det Norske Samlaget i *Dølen* 4.10.1868. Denne utgåva har vore førelegg for *Skrifter i Utval*, 3, 1886, s. 262–338; *Skrifter i Samling*, V, Kristiania 1921, s. 255–316, med Chr. Skredsvig målarstykk frå 1887 etter s. 272 og foto av våningshuset på garden Sjo på Gran etter s. 316; *Skrifter i Samling*, 5, 1948, s. 257–318.

Småskrifter og særprent 1851–1870

* Samla av O.B. Hansen i eige band, *Nogle Digte af A.O. Vinje*, Nasjonalbiblioteket, NA/A j 4451. Bandet inneheld 22 småtrykk og særprent.

*8. «Germanias» *Sang ved dets Kosuthfest den 8de November 1851* (Tiden svangeer gaaer med Skjæbner). [Christiania 1851]. Småtrykk. *Skrifter i Samling*, V, 1921 og 1993, s. 18–19; *Skrifter i Samling*, 5, 1948, s. 24–25. Tone: «Schleswig-Holstein».

9. *En Ballade om Kongen og Kongehuset, kvædet i Anledning af de sidste Tidens Begivenheder, af «En Stemme blandt Folket»*. F. Steens Enke, Kristiania 1853. 12 s. 39 strofer. Innbinding: omslag, typografisk. Småtrykk februar 1853. Eitt av eksemplara i Universitetsbiblioteket [Nasjonalbiblioteket] er innbunde i kunsttrykkpapir me gullsnitt og har høyrte til hoffsjef Wedel-Jarlsberg, skriv Olav Midttun i *Skrifter i Samling*, V, 1921 og 1993, s. 395. *Skrifter i Samling*, V, 1921 og 1993, s. 32–35; *Skrifter i Samling*, 5, 1948, s. 37–40.

10. *Digt ved Maleren Gørbitz' Begravelse*. Særprent 1853. Også trykt i *Christiania-Posten* 8.7.1853. Minnedikt om J. Garbitz.

*11. *Liers Sangere til Askers Sangere. Ved Mødet paa Skougum den 6te Januar 1854* (Held os, vi funde Sangens Mø). Drammen [1854]. Småtrykk. Tone: «Hel os vi har et Fødeland».

*12. *Asker Sangforening ved Invielsen af sine nye Fane i Mødet med Liers, og Røkens Sangforeninger paa Asker den 17de Mai 1854* (Nu har vi Taget et Mandetag). [Christiania 1854]. Småtrykk. Tone: «Kjøre Vatten og kjøre Ved».

*13. *Sang i Christiania Haandværkerforening den 17de Mai 1854* (Nu firti Aar er rundne). Christiania [1854]. Også trykt under tittelen «17de Mai» i *Drammens Tidende* 20.5.1854. Tone: «Vist stolt paa Codans Bølge».

*14. *Haandværkernes Sangforening paa Pintsetouren til Hamar 1854*. (Vi kaste Øx og Hammer, Bolt og Tænger). [1854]. Særprent. Tone: «Herr Peder kasted Runer».

*15. *Da Kirken paa Hammersborg havde faaet Tarnet og Krandsen. Den 22de December 1854* (Nu med Krands og Taarne prud). Christiania [1854]. Småtrykk. 31 strofer.

*16. *Sang for Christiania borgerlige Infantericorps* (Soldater vi ere, men ikke for Sold). Christiania 1854. Småtrykk. Tone: «Vi færdes med Lyst».

*17. *Sang ved Haandværks-Foreningens Stiftelsesdag den 8de November 1855* (Haandværker vi ere. Det klinger lidt rart). Christiania [1855]. Småtrykk. Tone: «Vi færdes med Lyst».

18. *Ved Storthingets Fest paa Eidsvold 17de Mai 1857*. Særprent frå *Drammens Tidende* 17.5.1857.

*19. [*Ved Skolelærermøtet paa Hamar i Juli 1857*] (Vi staa og synge paa Hamars Grav). [1857]. Småtrykk. Tone: «I Rosen Lund under Sagas Hal».

*20. *Sangermødet paa Hamar den 23de August 1857* (Som Fele uten Streng). [Christiania 1857]. Småtrykk. Tone: «Vist stolt paa Kodans Bølge». Møtet blei ikkje gjennomført.

21. *Paa Madame Nibbes Fødselsdag den 16de Octbr. 1858 fra E.A. Skøien*. Småtrykk 1858.

22. *Det norske Landsmaal viktigaste Bøyningsformer. Bilag til «Dølen» N. 30. 1859. Dølen* 15.5.1859. Sjå utgreiing i Ottar Grepstad: *Bibliografi over Ivar Aasens publiserte skrifter*, s. 11.

*23. *Vikinga-Kvæde ved den fjorde store Songar-Festen Kvitsunn-Helgi 1859 i Arendal* (Dei gamle Vikingar paa si Ferd). Christiania [1859]. Særprent av «Vikinga-Kvæde» i *Dølen* 12.6.1859 og *Aftenbladet* 18.6.1859.

*24. *Til ein Folkefest paa Modum den fjorde Juli 1859* (I gamle Dagar galt det paa). Christiania [1859]. Særprent av «Song til ein Folkefest paa Modum» i *Drammens Blad* 7.7.1859, *Dølen* 10.7.1859 og *Aftenbladet* 11.7.1859. Tone: «For Norge Kjæmpers Fødeland».

*25. *Det nye norske Selskap* (Eit Selskap her vi samla vil). [Christiania 1859]. Særprent av «Det nye norske Selskap» i *Dølen* 4.12.1859 med mindre endringar. Tone: «For Norge Kjæmpers Fødeland».

«Da jeg ikke kunde være med paa Studenterferden». Vinjes hand. 1 s. Trykt første gongen i *Heidersskrift til Marius Hægstad*, Oslo 1925, s. 146–148. Truleg skrive i juni 1856, skriv Ragnvald Iversen same staden, s. 145. Diktet er skrive på baksida av «Pris-Courant for F. Busse & Co.». Iversen har rett i at diktet nok handlar om ei studentferd sommaren 1856, men har oversett at skjemaet er førehandsdatert «Hamburg, den ... 186 ...». Det vil seie at dette handskriftet tidlegast kan vere skrive i 1860. Då skreiv Vinje sjeldan dikt på dansk-norsk, så anten er dette ei avskrift av Vinje sjølv, eller så var det no han skreiv diktet. XA Mskr. 8° 533 ID 7148330916000221.

«Til den nye Salen min». Signert A.O. Vinje. 2 s. 10 strofer. Trykt første gongen i *Illustreret Nyhedsblad* 28.10.1860. Diktet blei trykt med ni strofer, seinare med berre åtte. Vinje skreiv diktet på baksida av eit rekneskapsdokument om utbetaling av 6 sk 36 øre, datert 13.??? 1860. XA Mskr. 8° 533 ID 7148330916000221.

«Faderen til den heimanfarande Sonen». Signert A.O. Vinje. 2 s. 10 strofer. Trykt første gongen i *Nytaarsgave for Illustreret Nyhedsblads Abonnenter 3.2.1861*. XA Msqv. 934. ID 71516211660002201.

«Fjellstaven min». Vinjes hand. Usignert manuskript 1861. Trykt første gongen i *Nytaarsgave for Illustreret Nyhedsblad* 1862. 18 s. XA Mskr. Fol 541. ID 71480195320002201

«Eit Liv». Vinjes hand. 6 s. Trykt første gongen i *Illustreret Nyhedsblad* 21.12.1862. XA Mskr. Qv. 602. ID 71472578740002201.

«Professor P.A. Munch». 2 s. Dikt. Signert A.O. Vinje. Trykt første gongen i *Illustreret Nyhedsblad* 21.6.1863. XA Mskr. 8° 533 ID 7148330916000221.

[Sjølvsbiografi]. Vinjes hand. 5 s. Truleg skrive hausten 1861. Trykt første gongen i *Illustreret Nyhedsblad* 12.7.1863. I bladet stoppar teksten med orda «Resten af mit Liv kjender Du». Etterpå følger nær halvanna side til, der han fortel om det han

skreiv i Lister og Mandals Amtstidende og den første tida i Christiania. Ein firedel av denne sølvbiografien er altså aldri blitt trykt. XA Ms. Fol. 867. ID 71497283870002201.

«En liden Udtydning». Signert A.O. Vinje. 5 s. Trykt første gongen i *Illustreret Nyhedsblad* 20.4.1862. Kommentar til diktet «Skræppa mi», publisert i same bladet 23.2.1862. XA Oct. 891. ID 71512927770002201.

Nynorsk kultursentrum / Vinje-senteret

A.O. Vinje-samlinga

Dimmissionsattest for Aasmund Olsen født 6te April 1818. Med Vinjes hand. Attest frå Asker seminar 10.7.1843, signert Gislesen, Gløersen, Hansen, stadfesta av Castberg. Ikkje trykt. VS-0001.

von der Lippe, Jens. Brev 30.11.1843. «Pladsen i Vinje den 30te November 1843.» Ikkje trykt. VS-0002.

von der Lippe, Jens. Brev 28.1.1844. «Pladsen, 28 Januar 1844.» Ikkje trykt. VS-0003.

Vinje Torgeir Stefansson. Brev 31.7.1858. VS-0004.

Ross, Hans. Brev 26.11.1862. Edinburgh. VS-0005.

Vinje (Jordet), Anne Olsdatter. Brev 6.1.1868. Kristiania. Stempla Kristiania 6.1.1868. På baksida skrive med blyant: «Motaget den 10-1-68.» To små utdrag trykte. VS-0006.

Erklæring signert A.O.Vinje 18.9.1867 ved rettssak for søstera Margit Olavsdottir Plassen. Ho fekk «af os al den Ret, vi som Arvinger havde i vore Forældres dødsbo». Skrive med Vinjes hand, signert av A.O. Vinje og Olaf Vinje. VS-0007.

Dedikasjonar

Innskrifter i bøker som A.O. Vinje har gitt bort. Alle utanom ei er henta frå A.O. Vinje: *Brev*. Ved Olav Midttun, Det Norske Samlaget, Oslo 1969, s. 228–232 med utfyllande fotnotar.

Om innbinding av desse gåveeksemplara skriv Midttun s. 228 at dei nok helst var «fint innbundne. Det synest ha vore ei 'standard-innbinding', med tittel i gullbokstavar på papp-permen, og med ramme og ymse figurmønster innprenta i pappen. Dei har eit slag raud-fiolett farge; 'A Norseman's' også grøn. På 'Storegut' er det gullblomar på ryggen».

Ferdaminni, 1861

Til min Ven E. Sars / fra A.O. Vinje

A Noseman's Views of Britain and the British, 1863

Professor J. Welhaven / with the authors compliments

Videnskabernes Selskab i Throndhjem / from the grateful Author

Min Jenny Brandt / with the Author's kind love

To Apotheker H. Thaulw / from the grateful Author

Professor Konrad Müller

Professor Chr. Hansteen

To Mr. Ivar Aasen / with the Author's Compliments

Diktsamling, 1864

Fru Thaulow med Hengivenhed / fra Forfatteren

Til Frøken Sophie Aubert / for hendes Kjendskab til Landsmaalet / fra A.O.

Vinje

Fru Walborg Sundström / med Akting fraa Forfattaren

Til min Ven J. Melsom / fra Forfatteren

Til Frøken Thrine Brandt og Conrector L. Siewers paa deires Brudlaupsdag,
den 3^o Aug 1868, eit Minne fraa / Forfattaren

Storegut, 1866

Til / Ivar Aasen fraa / A.O. Vinje

Til Min Broder i Apollo, P.B. Hansen eller Botneguten et Minde fra / A O

Vinje

Til Felagen min, E. Sars / eit Minne fraa A.O. Vinje

Til Sagfører Johan Sverdrup / eit Minne fraa / A O Vinje

Til Ivar Aasen / fraa A.O. Vinje

Til Fru Thaulow et Minde / frå A.O. Vinje

Til Fru Valborg Sundström / et Minne fraa A O Vinje

Hr. Professor Tidemand! / Grans Prestegård anbefaler sig til vanlig Ihukom-
melse / 28. August 1859

Blandkorn, 1867

Til Hr. Professor Welhaven ærb. Fra / Forfatteren

Til Felagen min, Cand. E. Sars / eit Minne fraa Forfattaren

Univrsitets Bibliothekar Paul Botten-Hansen / venigst frå Forfatteren

Til Hr. Sagfører Sverdrup / ven. fra Forfatteren

Til Valborg Sundström fra / Forfatteren

Skrifter om A.O. Vinje



«Tankebilete: Vinjes diktaraand». Teikning av Olav H. Hauge fritt etter Otto Valstad i ud-
atert skrivebok, truleg frå 1927. Foto: Nynorsk kultursentrum / Olav H. Hauge-senteret.

Å lese og forstå A.O. Vinje



Vinjestoga. Foto av Gunnar A. Monrak 1882. Arkiv Vinje-senteret. Foto Ivar Aa-sentunet.

FOR VINJE VAR HOLBERG ALLGILD, sa dikteren og essayisten Georg Johannesen. Han sa det ein torsdag, godt ut på dagen, i seminarrommet på Sydneshaugen, Universitetet i Bergen 18. oktober 1979, i ei forelesingsrekke om essayet. Resonnementa førte han vidare torsdagen etter.

I notata frå dei forelesingane streka Johannesen under at Vinje sprengde rammene for folkespråket med journalistikken sin i *Ferdaminni*. Han forma jamførande, sosiologiske studiar av reformer og samfunnsendringar ut frå dei fakta han la fram. Johannesen kalla dette ein undersøkende essayistikk der Vinje greip tilbake til Holberg. Vinje skreiv som i opplysningstida, men også inspirert av det etterromantiske hos ein diktar som Heinrich Heine.

Dølen blei eit opposisjonsblad, ikkje minst mot samrøre Sverige-Noreg. I tida 1850–70 voks det fram meir pro-svenske haldningar, men der heldt Vinje på det nasjonale anti-svenske. Han var i liten grad knytt til og oppteken av saker.

Vinje beundra ingen (med unntak av Holberg, men det nemnde ikkje Johannesen, og for Vinje var også Ivar Aasen allgild), og var oppteken av det vanlege, det folkelege. Han var ein diktar som dikta Dølen, på ein heilt annan måte enn det andre hadde gjort for å skrive seg forbi sensuren.

Vinje var flanøren som kunne dukke opp når som helst og kvar som helst.

Dølen var som ein antitese, meinte Johannesen: Han rosa byen på nynorsk, rasa mot bondedyrkinga, plasserte seg mellom allmugens Skilling-Magazin og borgarens Morgenbladet. Han meinte at folket måtte bli meir danna, og danninga måtte bli meir folkeleg.

Mot dette viste Johannesen til at forskarar som litteraturvitaren Sigmund Skard og historikaren Arne Bergsgård hadde polemisert mot tvisynet hos Vinje.

Om lag slik ordla Georg Johannesen seg desse torsdagane oppe på Haugen. Den 22. januar 1980 heldt ein gjeng fram med egne kollokviedrøftingar av det essayistiske hos Vinje og mange andre. To år seinare var

det blitt til boka *Essayet i Norge*. Der skreiv Sveinung Time om Vinje som essayist – «borgaren og satyren».

Det var ein politisk kritikk av Vinje som sette det heile i gang. Utan at gruppa såg det den gongen, heldt drøftingane i kollokvien fram den politiske interessa for Vinje som prega så mange tiårs lesing av verka hans. For første gong på lenge, må det vere rett å seie, blei det sett nye ord på Vinje som essayist.

DEI MANGE OMTALANE av Vinjes liv og verk toppar seg i nokre få år. Så godt som kvart år er det blitt skrive eller sagt noko.

Bibliografien over skrifter om A.O. Vinje inneheld 1869 innførslar. Av desse er 1654 artiklar, intervju, reportasjar, kommentarar, 49 bøker og småskrifter, 75 dikt eller songar og 91 radio- eller tv-program. Nesten ein tredel av tekstane skriv seg frå 11 av åra mellom 1846 og 2016 (tabell 1).

Tabell 1
År med flest skrifter om Vinje

1863	39
1868	60
1869	119
1870	67
1873	25
1903	25
1918	59
1960	44
1968	54
1993	39
2010	30
Sum	561

Ivar Aasen var ein offentleg figur i levande live i meir enn 50 år frå 1841. A.O. Vinje var det i 25 år. I prinsippet kunne Aasen lese minst 166 omtalar av seg sjølv medan han levde.¹ Vinje kunne på si side lese over 400 omtalar av seg sjølv før han døydde.

Medan Aasen sjølv forma sitt bilde, var det andre enn Vinje som skapte Vinje-portrettet.

¹ Ottar Grepstad: *Bibliografi over skrifter om Ivar Aasen*, Ørsta 2015, 3. utgåva, s. 8.

Litteraturvitaren Jon Haarberg felte i 1985 ein tidstypisk og streng dom over Vinje-lesinga fram til 1980-åra.² Nesten alt som til då var blitt skrive, meinte han var umetodisk, fritt for omgrep, populært, kåserande, psykologiserande, biografisk og moralistisk. Det var slik ein del av oss ordla verdsforståinga vår den gongen, normativt og gjerne meir ahistorisk enn vi ville vere ved.

Dagbøkene av Ivar Aasen, Arne Garborg og Olav H. Hauge er som ein journal med tre redaktørar frå 1830 til 1994. Desse skriftene utgjer ei personleg kulturhistorie på om lag 8000 boksider med tre skrivemåtar. Det nynorske blikket er berre ein av mange måtar å lese dagbøkene på og gjer mange av sidene til ein dokumentasjon av den kronglete linja frå språk til skriftkultur.

Krønikeskriveren A.O. Vinje førte inga personleg dagbok, men i 1850 førte han ein politisk journal nokre månader, han redigerte eit vekeblad som kom ut av og til, og heile tida skreiv han mykje om eigne tankar og gjerningar. I dagbøkene frå dei tre andre er han ein av mange, ingen hovudperson, men ein som var uråd å komme utanom. Hos Olav H. Hauge dukka han første gongen opp i dagboka hausten 1927, og der blei han verande til utgangen av 1993.

Hauge las mykje Vinje då han var kring 20 år, går det fram av dagboka i september 1927. Det viser att i både tekstar og teikningar. I ei skrivebok teikna han med god hand av det einaste bildet som finst av faren til Vinje, fleire gonger, saman med skriveøvingar både for namnet på faren og etterlikning av signaturen til sonen. Førelegget for teikninga av Olav Aasmundsson Vinje stod på trykk etter side 172 i band V av *Skrifter i Samling* i 1921, bandet med Vinje-dikt. Hauge kan nok ha sett det andre stader, men mest truleg var det her han fann det.

«Tankebilete: Vinjes diktaraand» sette han som tittel på ei teikning frå denne tida. Der var han på parti med Vinje i både forståinga av landskapet og kunstnaranda. Ørna henta han frå den tittelvignetten som Otto Valstad hadde laga til fleirbandsverket. Nettopp i 1927 kom det ufullførte skodespelet *Olaf Digre* ut som eiga bok med den vignetten på framsida. I

² Jon Haarberg: *Vinje på vrangen*, Oslo 1985, s. 17 ff.

si dagbok skildra Arne Garborg vignetten slik: «Høg fjell, med ei Ørn, som stig liksom fram fraa fjelle».³ Teikninga er god, la han til.

Frå Eidsbugarden var og er det fritt utsyn til eit fjell som lenge heitte Koldedalstinden, 2067 moh. Det fjellet døypte Vinje om til Falketind i diktet «Storegut (er med til Røldalsmess)» i Dølen 23. september 1866:

Den svarte Tind med Nebben sin i Bugt
er Falken lik, som voggar seg til Flugt;
i Bringen kvite Flekk er spettad inn,
og difyr vert han kallad Falketind.

I tankane vende Vinje attende dit på Rikshospitalet sommaren 1870. «Naar eg no er lagt i Kista, so vil mi Aand slaa upp sin Heim der uppe millom Fjellom,» sa Vinje til vennen Berner. «Og so vil eg sitja der paa Falketind, og sjaa ut yver Noreg, – og Noreg skal stiga fram og ...».⁴

Det var dette motivet den unge Hauge samla i sin strek inne i Hardanger, der han teikna inn Gjendin, Vinjevatnet og Ulvikafjorden i eitt. Under teikninga skreiv han fire linjer i tekstsamspel med «Gamle Moder» frå Dølen 9. desember 1860:

Men kor du leid og kor du sleit,
i dette liv.
So ut du song av barmen glad,
naar tind og bye du saag i solarglad.

Diktaren var inngangen for Hauge, fram mot 1960-åra blei det om å gjere å ta Vinje attende frå romantikarane, kring 1970 oppdaga Hauge bladmannen, og essayisten, journalisten og prosaisten følgde han til utgangen.

VINJES FORFATTARSKAP STADFESTAR. Der er så mange situasjonar og hendingar i tekstane hans som kan knytast til bestemte og namngitte stader.

³ Arne Garborg: *Dagbok 1905–1923*, V, Oslo 1926, s. 262 f., innførsel 11.11.1919. Utanom dette nemnde han Vinje berre i forbifarten no og då i dagbøkene sine, som derfor ikkje er med i bibliografien.

⁴ Hagbard Emanuel Berner: «Brudstykker af Aasmund Olavsson Vinjes Saga», *Dagbladet* 9.1.1872.

Derfor er også Vinje-lesinga prega av det tette sambandet mellom geografi og litteratur.

Det gode ved dette er at det får fram kunnskap om ein forfattar som best kan formast av den som er lokalkjend. Mang ein biograf er heilt avhengig av slik dokumentasjon, og for Vinje har det vore skrive om både den første forelskinga, livet som lærar, som student, om kva som skal ha skjedd då han var der og der, og der er fleire augnevitnekildringar frå møte med Vinje. Årbøker og lokalaviser har formidla minne frå livsferda hans, med eitt unntak. Det som manglar, er dei detaljerte, kolorerte fortellingane frå dei 20 åra hans i Oslo. Lite blei skrive medan han levde der og like lite etterpå.

Ulempen ved den geografisk-historiske lesinga er at den har det med å skape band mellom liv og dikt som knapt finst, og å forsterke dei som måtte vere der. Både dikt og andre tekstar blir dermed altfor ofte stengde inne i lokale historier utan syn for kunsten.

Realkommentaren er ein litteratursosiologisk sjanger med kvalitetar som går ut over dette. I det tyske held ein seg med «Materialien zu», i det engelske til «A companion to». I begge nemningane ligg ein nødvendig avstand til kunsten og tekstane. Dei blir kkje skrivne oppå verka, men ved sida av dei, som skuggar.

Kulturforskaren Reidar Djupedals minutiøse merknader til brev og dagbøker av Ivar Aasen 1957–1960 må vere noko av det beste som er gjort av slikt i Noreg. I arbeidet sitt med faksimileutgåva av Dølen 1970–1973 sette han standarden også for slike med uvurderleg hjelp av bibliotekaren Kaare Haukaas til ord-, sak- og namneregister.

Gjennom fleire tiår arbeidde litteraturvitaren Olav Midttun med opplysningar og merknader til mykje av det Vinje publiserte og som seinare har vore med i verkutgåver. Det gav han eit grunnlag som han var åleine om då han i 1960 og 1966 skreiv ein Vinje-biografi i to utgåver. Over 30 år tidlegare hadde den tidlegare Dagbladet-redaktøren Hagbard Emanuel Berner oppmoda Midttun om å gi «en utførligere og paalidigere skildring» av Vinje, for no var det på tide «at man opgir faktene om Vinje».⁵ Midttun kunne så mykje at han også visste kva detaljar som var dei mest meiningsberande. Derfor er biografien *A.O. Vinje* stram og presis,

⁵ Hagbard Emanuel Berner: «Bjørnson og Vinje», andre del, *Dagbladet* 4.2.1917.

skriven i den engelske tradisjonen, slik berre den kan gjere som i eit halvt hundreår har arbeidd med stoffet.

Midttun emna på noko meir, fortalde kollegaen Johs. A. Dale i eit minneord.⁶ I lang tid samla han stoff til Det vitskaplege verket, Verket om Vinje, men det blei aldri ferdig. Det same arbeidde Reidar Djupedal med om Ivar Aasen.⁷ Den fremste Aasen-kjennaren og den fremste Vinje-kjennaren på 1900-talet nådde aldri å skrive standardverka om dei litterære hovudpersonane sine.

Vinje-ferda tur/retur Trøndelag sommaren 1860 inviterte til å reise i fotefara hans, men det gjekk nesten hundre år før nokon gjorde det. Uttrykk som «Vinjes fotefar» dukkar først opp frå 1948, og dei fleste reisande er journalistar. Fem langferder blei det, og nokre snarturar.

Den første som gjekk litt på Vinjes gjengrodde stiar, var Helene Cecilie Johnsen i VG hausten 1858. Til hundreårsminnet i 1960 skreiv Ruth Alvsen og Dagfinn Grønøset kvar sine nye ferdaminne. I 1993 drog Dag og Tid-journalisten Svein Sæter same vegen til Trondheim, og Jan Stedje i Bergens Tidende tok iallfall delar av turen i 2004. Den mest ambisiøse reisa stod litteraturvitaren og læraren Jon Severud for fram mot utgivinga av *Ei gjenreise* i 2010. Dei andre hadde reist til Trondheim, somme også til Inderøya med fagre fjord og bygder, og berre Severud har følgd spora heile vegen sørover att også.

Den einaste som har reist i Vinje-spora to gonger, jamvel same året, er Ruth Alvsen. I juli–august 1960 reiste og skreiv ho ein reportasjeserie i Varden som blei til bok same året. I september 1960 organiserte Studenter-samfundets Fri Undervisning ein ny seksdagarstur med henne.

MENN MED DEFINISJONSMAKT pregar Vinje-litteraturen. Bibliografien om skrifter av A.O. Vinje er som nemnt alt anna enn komplett. Derfor er det mange analysar som krev sine atterhald. Likevel kan det trygt seiast at litteraturen om Vinje er frå ei skriftverd av menn.

Så langt er det identifisert 54 kvinner som har skrive offentleg om Vinje, av dei 35 etter 2000 – dei fleste journalistar. Tidsmønsteret liknar på det ein finn i skriftene om Ivar Aasen, og endå færre kvinner har ytra seg

⁶ Johs. A. Dale: «Olav Midttun til minne». *Norsk Tidend* 21.1.1972.

⁷ Ottar Grepstad: *Historia om Ivar Aasen*, Oslo 2013, s. 348.

om Vinje enn om Aasen: 54 mot 70.⁸ Fram mot 1970 hadde berre eit titals namngitte kvinner skrive noko offentleg (tabell 2).

Aasta Hansteen og Rosa Kjeldseth er eit avsnitt for seg. Hansteen skreiv om Vinje i to brev til Henrik Krohn i 1865 som stod på trykk i 1932, og Kjeldseth eit brev til sonen Eugen som blei trykt i 1969.

Tabell 2
Dei ti første kvinnene 1885–1966

Laura	1885
Aashild	1887
Amalie Munch	1899
Aslaug Sandø	1934
Margit N. Edland	1941
Esther Dignæs	1949
Helen Cecilie Johnsen	1958
Ruth Alvsen	1960
Sonja Hagemann	1960
Herborg Handagard	1966

I Varden publiserte Laura eit dikt til Vinje i juli 1885. To år etter skreiv signaturen Aashild frå Vinje til Fedraheimen om kor bra det ville vere med ein minnestein for Vinje nedanfor Plassen. Den slags var det helst menn som dreiv med på 1800-talet, men uavhengig av det er signaturen mykje truleg eit pseudonym. Viss Laura og Aashild var dei kvinnene dei gav seg ut for å vere, var dette dei to første kvinnene som skreiv offentleg om A.O. Vinje. Typisk nok gjorde dei det utan fullt namn.

Den neste var Amalie Munch, som skreiv om Vinje i det danske tidsskriftet *Kvinden og Samfundet*. Så gjekk det fleire tiår før Aslaug Sandø i 1934 som den første kvinna skreiv akademisk om Vinje. Då var også visse Vinje-bilde alt forma. Dei neste femti åra skreiv berre eit titals kvinner om Vinje.

I sine studiar tok desse kvinnene for seg lyrikken, reiseskildringane, forholdet til Amerika og substantiva i språket hans. Generelt har kvinnene gjort mindre ut av slekt og heimstad og andre stader enn det som elles pregar litteraturen om Vinje. Unntaket er journaisten Herborg Handagard. I 1966 skildra ho egne opppvekstar på Plassen nær seksti år tidlegare, med Vinje-minne som skuggar vegalangs.

⁸ Ottar Grepstad: *Bibliografi over skrifter om Ivar Aasen*, Ørsta 2014, s. 15 f.

Dei fleste kvinnene har skrive innanfor det akademiske kretsløpet. Det vil seie at dei har hatt ganske få lesarar. Av kvinnene på lista ovanfor har berre litteraturhistorikaren Sonja Hagemann prega si litterære og kulturhistoriske ettertid.

Dei første som forma bildet av Vinje som forfattar, diktar og person, var redaktøren Paul Botten-Hansen og forfattaren Vetle Vislie frå 1860-åra. Botten-Hansen skreiv den første større biografiske framstillinga i Illustreret Nyhedsblad i 1863, og etter fleire ortare studiar gav Vislie ut den første biografien i bokform i 1890. Begge bygde mykje på Vinjes sjølvforståing av bakgrunn og oppvekst.

Som i all litteraturhistorie har dei første framstillingane mykje å seie. Det handlar om å leggje premissane. Kven har hatt og brukt si definisjonsmakt?

Litteraturhistoriske oversynsverk er både referanseverk for allmenta og studiegrunnlag i utdanningssystemet. Kor viktige desse er for måten forfattarskapar blir lesne på, er vanskeleg å seie sikkert.

Ein rimeleg hypotese er at det samla bildet av ein forfattarskap blir forma gjennom den grunnkunnskapen ein tek med seg frå folkeskule eller grunnskule, kombinert med allmenne omtalar i massemedium, kulturarangement og andre nmeiningsdannande arenaer, som kvardagspraten. Her blir repetisjon viktigare enn fornying. Derfor lever også så mange mytar om hovudpersonane vidare på tvers av all nyare skrivning og forskning. Ikkje for det, at mytar må dementast, inneber gjerne at ein forfattar blei viktig og er blitt verande viktig.

I dette ligg at journalistikk og artiklar i blad og aviser truleg i større grad stadfestar dei inntrykka publikum har frå før enn endrar forståinga deira. Slik endring oppstår nok mest gjennom dei lange tekstane. Dei tekstane når berre på langt nær ut til like mange.

Tabell 3
Dominerande Vinje-lesarar 1851–2016

	Leveår	År
Paul Botten-Hansen	1858–1868	15
Vetle Vislie	1868–1929	61
Olav Midttun	1903–1993	90
Idar Handagard	1909–1955	46
Reidar Djupedal	1958–1978	20
Jon Haarberg	1982–	35+

Nokre få, ikkje fleire enn seks, har prega mykje av lesinga og forståinga av Vinje i kraft av den skrifttida dei verka i (tabell 3).

I resepsjonen av Vinje går det eit skilje kring 1917. Fram til då hadde omgangsvennene til Vinje mykje å fortelje, og det gjorde dei i mange fargar utan å heroisere diktaren. Desse var Hagbard Emanuel Berner, Bjørnstjerne Bjørnson, Paul Botten-Hansen, Lars Holst, Johan Ernst Sars, Ivar Aasen (som avgrensa seg til nekrolog og minnedikt, men for eit dikt og minneord).⁹ Botten-Hansen skreiv første gongen om Vinje i 1851, Berner siste gongen i 1917. Denne venneperioden strekte seg altså over nesten 70 år. Den første Vinje-skribenten som stod utanfor vennekretsen, var Vetle Vislie.

Publisisten Paul Botten-Hansen blei ein kyndig universitetsbibliotekar, den tids nasjonalbibliotekar. Han hadde følgd forfattarskapen nær sagt frå første stund og var gjerne usamd med Vinje. Det var særleg han som skildra Vinje som spottar, klovn og hoffnarr. Det bildet ber nok i seg mange pikslar frå det private, ikkje berre frå det litterære. Det viste Bjørnson noko som han sette lite pris på. I ein upublisert samtale med Olav Midttun hausten 1907 gav Bjørnson eit nyansert portrett av Vinje, kanskje prega av at han då var aldrande, men med både sting og atterhald. Bjørnson kunne ikkje forstå at Vinje tolte framferda til Botten-Hansen og Ibsen: «De havde ham til nar. – Han havde det ikke godt. De var saa fæle til at spotte».¹⁰

Vetle Vislie tok hand om dei to store forfattarskapane som døyddes ut på 1800-talet. Han ordna den første samlinga av skrifter i utval av Ivar Aasen med presis tidfesting få veker etter at Aasen var jordfesta. Få år før hadde han skrive biografien sin om A.O. Vinje. Om Vinje publiserte han skrifter like til 1929, i det tidsrommet då den nynorske skriftkulturen blei fast etablert.

Desse to forma dei første bileta av Vinje, kvar på sin måte.

Seinare har ingen gjort det meir enn Olav Midttun. nær sagt i alle format og mange kanalar – artikkel, bok, festtale, foredrag, kåseri, radio-

⁹ Det er skrive ganske mykje om forholdet mellom Bjørnson og Vinje. Artiklane frå samtida avdekkjer ein interessant detalj frå tida kring 1870. Lars Holst kunne i 1903 fortelje at Vinje og Bjørnson hadde vore saman på eit møte i Det Norske Samlaget, der Bjørnson var medlem (Lars Holst: «Bjørnson og Vinje», *Dagbladet* 23.1.1903).

¹⁰ «Bjørnson um Vinje», reinskriver referat frå Olav Midttuns samtale med Bjørnstjerne Bjørnson 8.11.1907, s. 6, i Ms. 4^o 3468, Nasjonalbiblioteket.

program, tv-program, desutan minnesamling frå fleire personar, mellom dei Bjørnstjerne Bjørnson.

Midttun publiserte den første artikkelen sin i 1903 og tok som den første embetseksamen ved Universitetet i Oslo om Vinje. Han stod for to verkutgåver 1916–21 og 1942–48, og den førstnemnde utgåva blei trykt opp att i 1993. Det vil seie at lesinga hans prega Vinje-forståinga i 90 år og så godt som heile 1900-talet. Over 90 bøker, artiklar, føreord og kommentarar om Vinje av Olav Midttun er registrerte. Dessutan var han med og laga iallfall 38 radio- og tv-program. Til sist blei han revidert og oppdatert av Jon Severud då *Ferdaminne frå sommaren 1860* kom ut att i 2010.

Midttun har sjølv fortalt at han nærmast blei kasta inn i Vinje-verda hausten 1902.¹¹

Han var nettopp komen til Bø som framhaldsskulelærer og blei invitert til å snakke om Vinje i ungdomslaget. Då henta han det meste frå skriftene av Vetle Vislie. Etter det var Vinje som «ein av mine kjæraste vener», skriv Midttun.¹² Fagleg var kontinuiteten stor og tverrvendingane få frå Vislie til Midttun.

Ein som skreiv nesten like mykje om Vinje, og som truleg nådde ut til fleire lesarar, var forfattaren, forleggaren og boksamlaren Idar Handagard. 71 bøker, småskrifter og artiklar om Vinje er dokumenterte frå hans hand. Kring 1910 budde han ei tid med familien sin hos Margit Lofthus nær Vinjestoga.¹³ Handagard veksla mellom store og små format, frå eit langt dikt om Vinje til korte avisartiklar. Dei artiklane selde han til mange aviser over fleire år. Det førte til at han i 1925 har 13 av 20 innførslar, og året etter åtte av 15.

Reidar Djupedal kom seint inn i Vinje-lesinga, men prega den i 1960- og 70-åra. Han stod for sobre utval av både dikt og sakprosa, gjorde heile Dølen tilgjengeleg på ny i ei påkosta praktutgåve, og skreiv gode etterord og introduksjonar. Djupedal opna for fleire nye perspektiv på Vinjes forfatterskap.

Det gjorde litteraturvitaren Jon Haarberg i endå større grad. I ei avhandling frå 1983, oppdatert som bok to år etter, las han Vinje retorisk, ikkje biografisk. Han leita fram att systemfridommen og den folkelege humoren hos Vinje og la særleg vekt på essayistikken og journalistikken i

¹¹ Olav Midttun: *Livsminne*, Oslo 1971, s. 115 ff.

¹² Olav Midttun, same staden, s. 121.

¹³ Sara Handagard: *Idar Handagard. Bibliografi 1893–1956*, Oslo 1988, s. 296.

Dølen og *Ferdaminni*. Denne lesinga har prega Vinje-bildet frå 1980-åra fram til i dag.

To som gjorde mindre enn venta, var historikaren Halvdan Koht og diktaren og litteraturvitaren Sigmund Skard.

Koht hadde ein noko sporadisk Vinje-periode mellom 1898 og 1918. Han var helst ein som publiserte tekstar av Vinje, særleg brev, og mange av dei har seinare vore klargjerande kjeldeskrifter. Tolkingane var det færre av.

Sigmund Skard er framleis den einaste med doktoravhandling om Vinje, utgitt i 1938, og gjennom posisjonen sin som styreleiar i Samlaget 1949–1972 kunne han setje sitt preg på Vinje-publiseringar. Mangslungen som Skard var, blei Vinje aldri det store emnet hans, berre ein av mange som han gjerne skreiv eller sa noko om. Klassisisten Skard såg etter den store heilskapen same om det var Vinje eller andre diktarar han tolka. At tida gjekk frå han, viste seg i eit ordsifte i Syn og Segn 1984 mellom han og Sveinung Time, den fremste Vinje-kjennaren på nynorsksida i 1980-åra.

Time og Haarberg såg det same hos Vinje på same tid på kvar sin kant. Begge las dei meir ut av det karnevaleske og utbrytande hos Vinje enn det andre hadde gjort før, og dei gjorde det med den same teorien i hendene – tyske Gerhard Haas om essayet, russiske Mikhail Bahktin om det karnevaleske. Dei visste knapt om kvarandre før dei sette tekstar på trykk. Bakhtin fann dei fram til på same tid som Kjartan Fløgstad framheva nettopp Bakhtin i essaysamlinga *Loven vest for Pecos* (1981).

Time kom med i essaykollokvien i Bergen, Haarberg arbeidde med sitt i Oslo, og mellom låg høg fjell og vidde. Dei møttest i skrift. Året etter *Essayet i Norge* blei Jon Haarberg med i redaksjonsrådet for Syn og Segn. Både Time og Haarberg skreiv om Vinje i Syn og Segn nr. 1 1984, og det med ganske like forståingsformer.

Dei litterære studiane av essayisten Vinje i det verket er dessverre få. Paul Botten-Hansen omtalte *Ferdaminni* utførleg då bøkene kom ut i 1861. Seinare blei det med nokre bokmeldingar og mange kommentarutgåver fram til Kåre Gullvåg i 1943 publiserte artikkelserien «'Ferdaminn' og samtidslitteraturen» i avisa Austland. Nestemann ut var Sveinung Time, før det meste stilna av på ny.¹⁴ I 2007 kom Kjersti Rorgemoen med

¹⁴ Nokre passasjar vil vere å finne i Ottar Grepstad: «Det nynorske essayet frå a til Aa», *Vinduet* nr. 3 1982, seinare trykt i *Retorikk på norsk*, Oslo 1988.

masteroppgåve om eg-et i Vinjes ferdaminne, og litteraturkritikaren Ane Farsethås følgde opp med ein artikkel året etter.

Både som førelegg for reiser og som litterær tekst var det altså skrint med skrift før Jon Severud tok affære i 2010. Det var som om Dølen stod i vegen for døleferda gjennom skrift og land.

DEN LANGE ARTIKKELSERIEN var ei vanleg publiseringsform mot slutten av 1800-talet og inn på 1900-talet. To forfattarar skreiv tre slike rekker om Vinje.

Den lengste serien stod John Klæbo for alt i 1873. Gravsteinen for Vinje blei avduka på Hadeland 13. juli, og dagen etter trykte Bergens Tidende den første delen av serien «Nogle Ord til Minde om A.O. Vinje». Komen til midten av oktober var del VIII trykt med undertittelen «Slutning», men forfattaren heldt fram. Det som skulle vere *nogle ord*, fekk sitt punktum først med del XVI i august 1874. Klæbo hadde ikkje tenkt å gi seg då heller, men den 29. august 1874 døydde han av tuberkulose i Hardanger – han hadde flytta dit i 1871 med håp om å klare seg. Heile denne ufullførte biografien blei trykt posthumt i *Digte og Fortællinger samt A.O. Vinjes Livshistorie* i 1888.

Den boka inneheldt også ein annan langserie I 1868 hadde Klæbo publisert ein serie i ti delar som i bokform blei kalla «Træk af det norske folks aandsliv».¹⁵ Halvparten av dei handla mest om Ivar Aasen.

Nett i 1868 publiserte ein annan langskrivar artikkelserien «A.O. Vinjes Digtning» i fem delar. Avisa var Dagbladet, forfattaren Vetle Vislie. Dermed hadde Vislie gjort klart ein del av stoffet til biografien *A.O. Vinje* i 1890. Med ein siste Vinje-tekst i 1929 prega Vislie Vinje-lesinga i to generasjonar.

Vislie gjekk laus på ein ny artikkelserie i 1904. Då publiserte Høgskulebladet «A.O. Vinje og den dansk-norske bokheimen» i seks delar frå november 1904 til – neppe tilfeldig – 17. mai 1905.

Publiseringsforma var eit uttrykk for at avisene var mindre stramt redigerte enn dei blei utover på 1900-talet. Ein artikkelserie som gjekk over 13 månader i 1873 og 1874, gav mest meining for lesarane om dei klipte ut stykka – og det kan det godt hende mange gjorde.

¹⁵ Ottar Grepstad: *Bibliografi over skrifter om Ivar Aasen*, Ørsta 2014, s. 25.

Grafisk var ingen av dei nemnde seriane forma som kjellar i avisene, men dei kan forståast som ein forløpar for dei utklippsbøkene som mange aviser heldt seg med på denne tida. Det var i dette formatet diktaren Anders Hovden først publiserte *Ivar Aasen i kvardagslaget* i Trondheims-avisa Spegjelen 1913.¹⁶ Med meir profesjonell avis- og forlagsdrift blei også arbeidsdelinga mellom desse massemedia klarare.

Etter at Vinje døydde, blei det viktig for mange å fortelje om liv og verk, mest liv. Likevel kan det sjå ut til at anekdotane på trykk er færre om Vinje enn om Aasen. Augevitna som hadde noko å seie om Aasen, dukka opp i lang tid etterpå, men desse var det færre av for Vinje. Merkeleg nok er det eit vel så stort alvor over mangt av det som blei skrive om Vinje enn om Aasen. Det kan ha å gjere med at han døydde brått i relativt ung alder, medan Aasen fekk leve lenge i landet.

Enkeltutgivingane og verkutgåvene for Vinje var nange. Dei bøkene la premissane; avisene trekte konklusjonar.

BIBLIOGRAFIAR AVGRENSAR VERDA. Same kor nøye ein dokumenterer skrifterne, vil ein vesentleg maktfaktor mangle frå midten av det 20. hundreåret. Det trengst ein *mediografi* for å kunne forme eit meir samla bilde av meningsdanninga om ein forfattar og ein forfattarskap.

Ein vanleg bibliografi får ikkje tak på det levande ordet. Ein ting er no alle forelesingane, foredraga, talane og kåseria som blir haldne. Olav Midttun heldt foredraget «Med Vinje på fjellferder» minst 101 gonger mellom 1948 og 1963.¹⁷ Noko heilt anna er program i radio og tv, dokumentar- og spelefilmar. Det kan gå mange bøker og kronikkar på eitt radio- eller tv-program.

Programoversyna finst, og dei vil vise alle tittelprogram, men komplette opptak finst først frå og med dei siste tiåra. Mellom 1933 og 2000 vil ein mediografi dermed vere ganske holete.

Alt i 1908 kunne Halvdan Koht rekne opp mange melodiar som var blitt komponerte til Vinje-dikt. I 1950- og 60-åra sende NRK den eine songkonserten etter den andre. Der stod Vinje-songar ofte på programmet, gjerne med nye melodiar. Denne songlyrikken gjorde diktaren Vinje endå meir folkekjær. Opplesingsprogram forsterka innlevinga, som då Gisle

¹⁶ Ottar Grepstad, same staden, s. 36.

¹⁷ Datoliste av Olav Midttun i Ms. 4^o 3466:1:A 17, legg 2, Nasjonalbiblioteket.

Straume las frå *Ferdaminni* og *Fjellstaven min* i NRK Radio sommaren 1956. I mars 1961 las han frå *Storegut*, følgd av Finn Kvalem i november same året.

Litteraturvitaren Francis Bull var ein av dei store formidlarane på denne tida. Han nådde vidt ut. Alt sommaren 1960 sende Danmark II fleire tv-program med Francis Bull om norsk litteratur, to av dei om Vinje. Seinare på 1960-talet sende også NRK Vinje-program med han. I Nasjonalbiblioteket ligg manuskriptet til eit usignert og udatert manuskript om Vinje for dansk radio.¹⁸

Likevel handlar det mest om Olav Midttun også her. I meir enn 40 år var han med og laga radioprogram om Vinje. Det første var eit foredrag i Oslo Kringkaster 1927, det siste var skulekringkasting om *Ferdaminni* i jubileumsåret 1968. To å etter sende NRK TV eit samandrag av tre *Ferdaminni*-program frå 1961.

Spekteret for desse programma har likevel vore ganske avgrensa. Mykje handla om stader, fjell og andre landskap, ikkje berre i tv, der det visuelle blir styrande, men også i radio. Det nyaste større tv-programmet om Vinje stod sambygdingen Olav Høgetveit for i 2011, då med eit meir allment perspektiv.

Olav Vesaas arbeidde med litteraturjournalistikk i kulturavdelinga i NRK i fleire tiår. Saman med bakgrunnen sin frå Vinje gav dette han ein sentral posisjon i dokumentasjon og formidling av A.O. Vinje frå 1970-åra. Han laga sitt første tittelprogram for NRK om Vinje i 1974, redigerte eit diktutval for Bokklubbens Lyrikkvenner året etter, skreiv om Vinje i Bokvennen i 1988 og gav i 2001 ut den biografien som no gjeld. For allmenta har han vore den sentrale Vinje-forteljaren på 2000-talet.

EI SPRÅKDELT LESING har prega forståinga av Vinje, konkluderte Jon Haarberg i 1985. Bokmålslesarane la mest vekt på kåsøren og hoffnarren, men var jamt over avvisande. Nynorsklesarane framheva lyrikaren og den språkpolitiske aktøren og med det verdien av det Vinje hadde skrive. Denne språkdelte lesinga heldt seg fram mot 1940. Seinare jamna for-ståingane seg ut, og den nynorske framhevinga av Vinjes store alvor kom til å bli rådande. Haarberg førte sjølv vidare interessa for den karnevaleske sida ved Vinje, utan noko språkpolitisk negativt forteikn. At det skulle

¹⁸ Ms 4^o 3147:96, Nasjonalbiblioteket.

ende med eit slikt hegemoniskifte frå fleirtal til mindretal, var alt anna enn opplagt.

Tidsskiljet kring 1940 er interessant fordi det fell saman med ei viktig endring innanfor nynorsk skriftkultur. Første halvdel av 1900-talet var prega av ei utskiljing for nynorskpressa, før ei integrering i ei samla norsk pressa tok til frå 1945.¹⁹

Haarbergs poeng er godt, men denne bibliografien utløyser eit kjeldekritisk spørsmål. Haarberg gjekk ut frå 335 kjeldetekstar i åra 1851–1984. Det var mykje, men med stort og smått og alle artikkelseriar inneheld bibliografien over 1500 tekstar frå det same tidsrommet. Med stort og smått.

Mange av dei kan reknast som uvesentlege, og det kan godt vere at dei reproducerer mønster som Haarberg fann i materialet sitt. Kva metode Haarberg brukte for å velje bort, er uklart, og nokre manglar er meir påfallande enn andre. Den alltid skrivande Idar Handagard er berre representert med to bøker og to artiklar hos Haarberg, mot over 70 i denne bibliografien. Mange hovudoppgåver manglar, likeins ein del skrifter som nok bør reknast som viktige i den samla Vinje-lesinga.

Der er eit anna spørsmål også. Kva slags lesing representerte interessa på den dansk-norske sida for Vinje? Å sjå til kan det ha vore eit lite kapittel i den lange historia om den repressive toleransen. I 1917 sukka Hagbard Emanuel Berner over at enno levde «gjengangerforestillinger» om Vinje, «om at han var en høist irregulær fyr, en 'bajads', som det ikke var saa farlig at paadutte baade dit og dat».²⁰ Det kan også dreie seg om å gå meir etter form enn innhald. Formuleringane var festlege, friske, fornyande. Mang ei lesing stoppa på den overflata. Vinje etablerte denne skrivemåten i Drammens Tidende på dansk-norsk i 1850-åra, men foredla den til prosakunst på nynorsk i tiåret etter. Enno var ikkje nynorsk blitt så vakkert i dikt, men fascinasjonen for det originale i det nynorske ligg der som eit isfjell. Det subversive i tenkinga og skrivemåten til Vinje blei først framheva utover på 1900-talet, kopla til ei oppfatning om modernitet.

Dette er likevel heller ikkje heile sanninga, for det mønsteret Haarberg fann i materialet sitt, har vore mogleg å sjå for fleire forfattarskapar

¹⁹ Ottar Grepstad: *Avisene som utvida Noreg. Nynorskpressa 1860–2010*, Oslo 2010.

²⁰ Hagbard Emanuel Berner: «Bjørnson og Vinje», *Dagbladet* 2.2.1917.

med heilt andre skrivemåtar. Det er tydeleg i lesinga av Ivar Aasen, og kan sporast for både Arne Garborg og Olav Duun.²¹

Så handlar vel dette om meir enn ulike lesingar. Dei språklege kategoriane ligg under. Innanfor den språkdelte norske kulturen er der ikkje berre ei språkdelt lesing, men to språk og dermed ulike referanse-rammer. Den oppfatninga anar ein i artikkelserien «A.O. Vinje og den dansk-norske bokheimen» av Vetle Vislie i 1904–1905.

Etter ei tid med glødande tankar om eit norsk språk kom atterslaget, skriv Vislie, og det atterslaget hadde eit namn: «Liksom etter 1814 bar det merket romantik».²² Ikkje for det, for Vislie var romantikken av det gode fordi den sette «hugsynet og kjensorne upp mot den kalde klokskapen». Derimot distanserte han seg frå nasjonalromantikken, som for han var lite romantisk og endå mindre nasjonal.

Folk tenkte mindre på diktning og kunst enn på næringsliv, meinte Vislie.²³ Ivar Aasen hadde synt all verda kva norsk var, men det hjelte ikkje. Det var A.O. Vinje som bygde ein ny litteratur, ein ny bokheim, kimen til det som hundre år seinare blei kalla skriftkultur. Han kom frå eit bygdemiljø der det var bøker å lese, han var oppteken av kva rolle skrifta og skriftene spelte i samfunnet, og han ville bygge eit alternativ til bokkulturen frå København, skilje ut det han meinte var det norske.²⁴

Vislie meinte at for Vinje var norsk det som var «greidt, klaart, endefram»²⁵. Han søkte etter ein litteratur fri for det tilgjorde og utvendig etteraping. For han var ikkje bygda betre enn byen, han delte ikkje romantikkens idé om ein historisk gullalder, skreiv kvar linje med utviklingstru og tenkte som ein åndsaristokrat. Det kunne bere gale av stad.

Vinjes optimistiske forteljing kan samlast i desse setningane: «Ivar Aasen rudde marki og la ein traust grunnmur, og Vinje la det fyrste umfaret paa bygnaden. Og so kom Garborg og bygde fleire umfar, og etter honom eller i fylgje med honom mange trauste arbeidskarar som la umfar etter umfar, og no er bygnaden so vidt ferdig, at det norske folket held paa

²¹ Ottar Grepstad: *Bibliografi over skrifter om Ivar Aasen*, Ørsta 2014, s. 14.

²² Vetle Vislie: «A.O. Vinje og den dansk-norske bokheimen», *Høgskulebladet* 30.11.1904.

²³ Vetle Vislie, same staden, *Høgskulebladet* 14.12.1904.

²⁴ Vetle Vislie, same staden, *Høgskulebladet* 8.2.1905.

²⁵ Vetle Vislie, same staden, *Høgskulebladet* 23.2.1905.

og flyt inn.»²⁶ Boka har vore berginga og har halde «tanken uppe i gode og vonde tider».

Tankerekka er idealistisk å sjå til, men med eit blikk for det strategiske i å produsere og gjere skrift tilgjengeleg på det nye språket.

Ei anna side av dette er forståinga av Vinjes intellektuelle posisjon. Var han ein romantikar eller realist? Det motsetnadsparet brukte økonomien og historikaren Steinar Schjøtt i *Fedraheimen* alt i 1879.²⁷ «Vinje var ingen romantikar», var opningssetninga. «Inkje er Maalsaki helder etter sin Tanke og sitt Upphav», la han til. «Naar me ser paa det, som er Mergen og Kjernen i Tankelivet hans Vinje, so er han heilt ut Realist.»

Nett det same framheva nynorskmiljøet om Ivar Aasen då han døydde i 1896.²⁸ I andre ordelag tok filologen Ola Raknes stilling til det same spørsmålet i 1915. Vinje var «den mest moderne av alle vaare store diktarar».²⁹ Nei, forresten, kom han til, den som er moderne, følger visse motar, og det gjorde aldri Vinje. I staden var han talsmann for «dei fordomsfrie og klaare mannevitet». Han var diktar, men meir enn diktar, Vinje ville «uppseda folket sitt», og slik heldt Raknes fram i vendingar som hadde somt til felles med forelesingane til Georg Johannesen mange tiår seinare.

Det ser altså ut til at nynorskmiljøet etablerte si grunnforståing om nynorsktradisjonen alt i 1870-åra. Tekstane av både Aasen og Vinje blei lesne ulikt alt etter språkleg og kulturell ståstad. Det som var av strid, kom i heilt ulike fasar. Vinje var mest omstridd medan han levde. Han meinte så mykje om si eiga tid at tidsanda tok til motmæle. Aasens verk blei meir omstridd etter at han var død, ikkje minst dei verknadene det fekk.

Fleire enn Vinje heldt avstand til den romantikken som endra forståinga av Noreg frå tidleg 1800-tal. Ivar Aasen gjekk gjennom livet og språket med minst ein fot i den før-romantiske opplysningstida. Likevel klistra dei dansknorske han til nasjonalromantikken. Oppgjeret om dette tok til alt i nekrologane i 1896. Bokmålsavisa *Dagbladet* skreiv han på ny elegant inn i tradisjonen, og nynorskavisa *Den 17de Mai* svara kontant: Aasen var ingen romantikar.

²⁶ Vetle Vislie, same staden, *Høgskulebladet* 17.5.1905.

²⁷ [Steinar Schjøtt] (S.) i *Fedraheimen* 15.3. og 19.3.1879.

²⁸ Ottar Grepstad: *Historia om Ivar Aasen*, Oslo 2013, s. 337 ff.

²⁹ Ola Raknes: «Vinje», *Den 17de Mai* 21.10.1915.

Den sosiale bakgrunnen blei openbert forstått og brukt ulikt. Einar Boyesen skreiv i forlagshistoria om Cappelen i 1953 at Vinje «nådde aldri utover slitet med fattigdommen».³⁰ Ved hundreårsjubileet i 1918 hadde statsråd Jørgen Løvland sett dette på ein heilt annan måte. På ein Vinjefest i Telelaget i Kristiania gjekk han sterkt i rette med mange av dei som skreiv om Vinje, heiter det i avisreferatet.³¹ Dei såg på han som «den einlege husmannsguten som for skuld vonbrot og tronge kaar vart so tvisynt som han er». Langt ifrå, meinte Løvland. Vinje tenkte og talte som telene, og at han var tvisynt, var ikkje særmerkt for han: «Det er nett eit drag ved den norske bonden».

For dei urbane dansk-norske var fattigdomsbakgrunnen eksotisk og dramatisk. For andre var den ein del av noko som skulle endrast.

Ved 150-årsjubileet for Ivar Aasen i 1963 forsterka Olav Midttun den nynorske forståinga. I tiåra etterpå har ei ikkje-romantisk forståing av både Vinje og Aasen og den nynorske skriftkulturen allment vore tenkt fram og skriven ut av nynorsk-intellektuelle. Som i 1896 er det gjerne bokmålslesarar som held fast ved nasjonalromantikken.

DET TOPPA SEG I BERGEN hausten 1869. Vinje var ein dyktig og omtrykt talar, og det var derfor ikkje berre som skrivar han vann posisjonen sin i Christiania. Aasen gjekk aldri opp på ein talarstol, Vinje gjorde det ofte og gjerne. Vinje dyrka fagnad, Aasen heldt seg til faget.

Avisene i hovudstaden fortalde meir enn gjerne kor populær ein talar Vinje var. Russelaget heldt sin årlege fest på Bygdøy, og Vinje var der fleire gonger, som i 1861: «En Del Sange bleve afsungne, hvorpaa 'Dølen' besteg Talerstolen under en Jubel, der ikke syntes at vilde standse, og som hindrede de Fleste fra at høre hans fornøielige Tale, der endte med et Ønske om at 'Livet maatte holde hvad det lovede'».³² Fem år etter var han der att, no i Turnhallen i Christiania: «Senere talte Vinje om Tidens Krav, han hilsendes med Bravoraab, og blev ligeledes baaren paa Guld-stol».³³

Ei av få øyrevitneskildringar om talaren Vinje har kome frå Mensine Gudbrandsen. Ho var gift med ein kammerherre og budde våren 1859 i Stockholm. 26 år gammal møtte ho Vinje i eit selskap hos den norske stats-

³⁰ Einar Boyesen: *J.W. Cappelen 1805–1878*, Oslo 1953, s. 384.

³¹ «Vinjekvelden i Telelaget», *Den 17de Mai* 8.4.1918.

³² *Morgenbladet* 14.8.1861. Talen er trykt i *Illustreret Nyhedsblad* 12.8.1861.

³³ *Morgenbladet* 19.8.1866. Vinje trykte talen i *Dølen* same dagen.

ninisteren i Stockholm, Georg Sibbern. I dagboka si skildra ho kvelden slik:

«Vinje hadde en nokså tørr og hard røst, men der var dramatisk styrke og foredrag over den, da han deklamerte en gammel norsk kjmpe-vise, nemlig 'Åsmund Frægdegjæva', som han kunne utenat. ... Det var som om hele Vinjes personlighet undergikk en forvandling ved denne ild-fulle opplesning, som om han ble ett med selve kvadets helt, ... Det lyste en så beåndet fremførelse av Vinjes uskjønne ansikt. Hans store litt utstående øyne flammet med suggererende glans, og deklamasjonen steg til slike høyder mot kjempekvadets rungende klimaks, at det forvente sel-skapet satt som magnetisert, da det var over.»³⁴

Bjørnstjerne Bjørnson har gitt ei liknande skildring.³⁵ «Naar han la hodet bagover og lukket øinene og gjorde stemmen grødet og siterte efter hukommelsen strofer af Wergeland, Byron eller Goethe eller sig selv da var han sgu prægtig. Saa lo han med en tør lydløs latter.» Hagbard Emanuel Berner kunne legge til: «Hans i almindelighet dype, rolige, kloge øine, alle hans skjelske, gløgge og aandfulle minespil kan dessvære intet fotografi forevige».³⁶

Vinje var ein monologens mann, ingen stor debattant, meinte Bjørn-son: «Vinje havde ingen dialektisk ferdighed». Johan Ernst Sars sa det motsette: «Han var en diskussionens, en partikampens mand.»³⁷ Sars og Vinje hang mykje saman. Dei var «Improvisationens Kunstnere som faa i vort Land», skreiv Dagbladet-redaktøren Lars Holst.³⁸ Ein kveld dei var saman hos stortingspresident Carl Berner, dominerte Sars praten så sterkt at Vinje til slutt braut ut: «Herregud, la no meg faa snakke.»

Denne talaren var det som kom til Bergen hausten 1869.

Vestmannalaget hadde invitert og kunne sikre han ei inntekt han trong. På førehand var planen fem-seks foredrag. Torleiv Hannaas skreiv i 1918 at Vinje heldt ni «aalmann-fyreslesingar» i Bergen.³⁹ Den opplys-

³⁴ Frå Mensine Gulbrandsens dagbok, sitert etter John Frey: «Vinje som Åsmund Frægdegjæva», *Dagbladet* 7.8.1959.

³⁵ «Bjørnson um Vinje», reinskriver referat frå Olav Midttuns samtale med Bjørnstjerne Bjørnson 8.11.1907, s. 5, i Ms. 4^o 3468, Nasjonalbiblioteket.

³⁶ Hagbard Emanuel Berner: «Bjørnson og Vinje», andre del, *Dagbladet* 4.2.1917

³⁷ J.E. Sars: «Bidrag til en karateristik af A.O. Vinje», *Folkevennen* 1 1899, s. 208.

³⁸ Lars Holst: «Et Sagn om A.O. Vinje», *Dagbladet* 17.11.1899.

³⁹ Torleiv Hannaas: *Vestmannalaget i femti aar*, Bergen 1918, s. 55.

ninga brukte Olav Midttun i verkutgåva året etter.⁴⁰ Det blei meir enn ni. Han talte på velkomstfest, på lagsmøte i Vestmannalaget og på avskilsfest. Såleis heldt Vinje til saman 12 talar og foredrag desse Bergens-vekene. Eit av foredraga heldt han jamvel to gonger (tabell 4). For folketalaren Vinje blei denne talerekka høgdepunktet.

Vinje blei ein snakkis. På seks veker trykte aviser rundt om i landet nær 80 stykke, dels lange referat frå talane, dels kortare referat, dels lesar-brev, dels eigne kommentarar.

Tabell 4
Vinjes 12 talar og foredrag i Bergen 1869

- 1 Tale på velkomstfest for Vinje i Vestmannalaget tysdag 2.11.1869
- 2 «Kunstarbeidets Historie» torsdag 4.11.1869
- 3 «Om Arbeidets Adelskap» søndag 7.11.1869
- 4 «Om Kunstarbeid. I» torsdag 11.11.1869
- 5 «Om Kunstarbeid. II» måndag 15.11.1869
- Heidersgjest på fest i Bergens Haandværkerlag onsdag 17.11.1869
- 6 «Om Klimatisme» fredag 19.11.1869
- 7 «Komparativ Mythologi» fredag 26.11.1869⁴¹
- 8 «Om Begepet Kaste eller Adskillelse i Stænder» fredag 3.12.1869
- 9 «Om Kastevæsen», reprise for arbeidarane søndag 5.12.1869
- 10 «Om vaart nationale Stræv» onsdag 8.12.1869, til inntekt for tårnet på Bergenhus (også datoane 1.12., 4.12. og 5.12. er nemnde i ulike kjelder)
- 11 Tale om Vestlandet og Austlandet på møte i Vestmannalaget fredag 10.12.1869
- 12 Tale på avskilsfest i Vestmannalaget søndag 12.12.1869

Ein av tilhøyrarane hans på det første foredraget var Henrik Jæger. Han skildra opplevinga i *Illustreret norsk literaturhistorie* mange år seinare. Det er ei av få skildringar som ikkje kom frå den indre krinsen, ei forteljing for historieboekene:

«Endelig aabner der sig en dør bag paa platformen, og ind kommer manden. Mage til underlig skikkelse havde jeg ikke seet. Foroverbøiet og kroget i knæerne, omtrent som han drog et tungt læs, slæbte han sig skraas over gulvet hen mod katederet. Han kløv op paa det, omtrent som man klyver i en ur; saa støttede han sig paa underarmene, saa udover salen: 'Godtfolk!' begyndte han; ikke 'mine damer og herrer', bare 'godtfolk!'. Ansigtet var furet og slidt; han var ikke mere end 50 aar, og dog var han en gammel mand at se til. Men snart livnede det op i de trætte træk, og

⁴⁰ Olav Midttun i A.O. Vinje: *Skrifter i Samling*, III, Oslo 1919, s. 416.

⁴¹ Vinje hadde skrive artikkelen «'Komparativ Mythologi'» i *Dølen* 31.1.1869.

snart glemte man, hvor besynderlig han saa ud, over alt det besynderlige, han sagde. Han gav os et slags kauseri, saa livfuldt og saa fængslende, at det var en fornøielse at høre paa det. Aandrige tanker, dristige paradokser og lun skjemt om hinanden. Han endte under stormende jubel.»⁴²

Den begeistringa delte ikkje alle.

Etter det første foredraget klaga ein innsendar over at det var kaldt å sitje der i Arbeiderforeningen. Vinje fekk kritikk frå fleire hald for det dei meinte var eit dårleg foredrag. Eit av dei mest interessante innlegga stod på trykk i Bergens Tidende måndag 8. november 1869. Dette innlegget sette ein heilt ny tone i det norske ordsiftet om språk. Vi forstår ikkje kva han seier, skreiv «Ægte Bergensere». Dagen etter hevda «En Abonnent» det same i Bergensposten. Vinje svara straks og fekk støtte frå «Ogsaa nogle 'ægte Bergensere'» i Bergens Tidende 10. november 1869.

Vinje hadde snakka offentleg i årevis. Truleg snakka han ikkje tele-mål ved slike høve før han i 1858 gjekk over til å skrive nynorsk. Sikkert er det at han snakka på dialekt eller nynorsk på Eidsvoll 17. mai 1859 og seinare ved ei rekke høve. Det er lite å finne i Christiania-avisene som tyder på at han fekk negativ omtale for språkføringa. Lite? Ingen ting er funne.

Rekasjonen kom i Bergen. Foredragsrekka frå Vinje utløyste det første offentlege ordsiftet om ein kunne forstå det nye språket eller ikkje. All den tid mange diskuterte det Vinje sa, var det mange som forstod.

«Om vaart nationale Stræv» var eit tingingsverk, ikkje planlagt på førehand. I Bergens Tidende 6. desember 1869 opplyste Vinje om at han ville imøtekomme ønsket om eit slikt foredrag. Då hadde han berre att eitt av dei planlagde foredraga, og som hadde kosta 60 skilling i abonnement. Med ein taktisk smart manøver ville han gi inntektene frå dette ekstraforedraget til restaurering av tårnet på Bergenhus festning. Det kom inn over 14 spesidalar.⁴³

Heile Bergens-turneen hadde kome i stand som eit svar frå Vestman-laget til ei foredragsrekke av seinare professor og universitetsbibliotekar Ludvig L. Daae i Bergens Forelæsningsforening våren 1869. Der hadde Daae krittisert målstrevet, og no gav Vinje svar på tiltale.

Daae tok eit siste stikk.

⁴² Henrik Jæger: *Illustreret norsk litteraturhistorie*, II, Kristiania 1896, s. 521 f.

⁴³ «A.O. Vinje», *Dagbladet* 22.12.1869.

Foredraget kom ut som småtrykk innunder jul 1869. I 1918 leita Olav Midttun etter dette skriftet for å få med foredraget i band III av *Skrifter i Samling*. Ingen på Universitetsbiblioteket i Oslo var kar om å finne det, men Midttun fekk tak i det frå kjelder i Bergen. Nokre år seinare kom småtrykket til rette i Oslo. Universitetsbibliotekar Ludvig L. Daae hadde plassert det – ikkje under Vinje, men i ei hylle som han hadde kalla «Sprøglige Kuriosa».⁴⁴

VINJE SKREIV SEG INN I SAMTIDA med kritikk av ei lærebok i kristendom. Då han hadde sagt sitt, blei han sjølv utsett for ein moralsk kritikk.

I Aure-katalogen er det vist til nokre artiklar i Lillesands-Posten i 1876. Det avdekte eit klassisk ordskifte om religion og litteratur, moral og verdiar. Frå februar til juni drøfta fire personar desse emna med Vinje som ein av hovudpersonane.

Den som utløyste det heile, var kandidat O.K. Grimnæs i Skien. Han hadde sett på boksamlinga til Vestre Moland leseselskap, og han likte ikkje det han såg.⁴⁵ Der var det bøker med låg moralsk verdi, meinte han. Styret for leseselskapet bad han utdjupe og eksemplifisere.⁴⁶

Grimnæss så gjorde, rett nok nesten to månader seinare.⁴⁷ Han peika på bok nr. 376, s. 141 ff. «Der findes ogsaa Bøger, viss Værd i et Sognebibliothek er meget tvilsom.» *Ferdaminni* var ei slik bok. «Det indrømmes, at slige Bøger kan være vittige og interessante at læse, men Tendensen er slet, og jeg mener, der er Ansvar ved at sætte saadanne Bøger i et Bibliothek, hvor Almuesfolk, og det vil sige den yngre Slægt, søger aandelig Føde.»

Bestyrelsen hadde fått svar, men hadde inkje å legge mot. Det hadde derimot A.J. Brandius og N. Norgaard. Brandius ville ikkje vere med på ein moralsk-religiøs kritikk av Vinje.⁴⁸ *Ferdaminni* var «en Bog, der er saa vel kjendt og af saa mange forstandige Mænd anerkjendt, at ikke jeg behøver at rose den, for at den skal finde den Udbrædelse som den er Værd».

⁴⁴ Olav Midttun i foredraget «Vinje-bøker – originalar», Bibliofilklubben 22.4.1968. Manuskript i Ms.4^o 3466 I A 21, Nasjonalbiblioteket.

⁴⁵ O.K. Grimnæs: «Til Bestyrelsen for V. Molands Læseselskab», *Lillesands-Posten* 11.2.1876.

⁴⁶ Bestyrelsen: «Hr. O.K. Grimnæs», *Lillesands-Posten* 25.2.1876.

⁴⁷ O.K. Grimnæs: «Til Bestyrelsen for V. Molands Læseselskab», *Lillesands-Posten* 21.4.1876.

⁴⁸ A.J. Brandius: «Hr. Kand. O.K. Grimnæs», *Lillesands-Posten* 4.5.1876

Norgaard forsterka denne autoritetsargumentasjonen.⁴⁹ «Hr. Vinjes Ferdaminni ligesom det øvrige han har skrevet har været og er fremdeles en kjær Læsning for den norske Almue. At de skulle indeholde noget moralsk farligt, har vist ingen Almuesmand tænkt sig førend nu, da Hr. Grimnæs har gjort denne herlige Opdagelse.» Norgaard bad Grmnæss vise kvar dei stadene var som skulle vere farlege å lese.

På ny glei Grimnæs bort: «Jeg henviser til Bøgerne selv; jeg kan ikke anføre Bevissteder».⁵⁰ Det ville ikkje avisa ha plass til, orsaka han seg med.

No var dette blitt eit meir allment ordskifte om moral og religion. Nummer 336 og *Ferdaminni* blei ikkje meir spurde. Nesten 150 år seinare var innlegga i Lillesands-Posten framleis den einaste gongen ei bok av Vinje blei utsett for ein slik kritikk og ein slik debatt.

Undervegs fekk bok nr. 336 namn og tittel. Det handla om *Dit og Dat* av Erik Bøgh. Det var ein forfattar Vinje sjølv hadde utsett for tung kritikk i både 1849 og 1859, ikkje moralsk, men litterært. Ikkje visste vel Grimnæs at den eine forfattaren han kritiserte, sjølv hadde lite til overs for den andre forfattaren han peika på.

ALT ER ENNO IKKJE SAGT. Vinje som *journalist* var knapt noko tema før Reidar Djupedal framheva det perspektivet. Medieforskinga har ikkje følgt opp. Ein av dei få fagartiklane stod medieforskaren Thore Roksvold for i 1992 med «Journalisten A.O. Vinje».⁵¹ Ved utgangen av 2016 mangla framleis monografien, den store studien.

Interessa for det karnevaleske, burleske hos Vinje dei siste tiåra har bygt på visse føresetnader, først og fremst det materialet Jon Haarberg samla og analyserte. Der fann han altså ein klar tendens til at profilerte nynorskbrukarar skreiv det karnevaleske ut av sitt Vinje-bilde.

Mot dette må det seiast at materialet ikkje gir fullgod dekning for synspunktet. Nettopp Idar Handagard fekk artikkelen «Vinje som erotisk dikter» på trykk i Drammens Tidende 1927, Dagbladet 1928, Porsgrunns Dagblad 1930 og i Arbeiderkvinnen 1935. Det høyrer også med at Olav Midttun laga radioprogrammet «Eit marknadsbrev» i 1968. På det punktet slutta også det offentlege ordskiftet i 2016 med artikkelen «Den erotiske

⁴⁹ N. Norgaard: «Hr. Kandidat Grimnæs», *Lillesands-Posten* 11.5.1876.

⁵⁰ O.K. Grimnæs: «Hr. Redaktør», *Lillesands-Posten* 26.5.1876.

⁵¹ Thore Roksvold: «Journalisten A.O. Vinje», i Eli Glomnes ofl. (red.): «'At føle paa Nationens Puls'. Åtte artiklar om Aasmund O. Vinje», Oslo 1992, s. 97–118.

Vinje» av litteraturvitaren Toril Moi i Dag og Tid 30. desember 2016. Frå uventa hald og på uventa vis blei brått den historisk-biografiske metoden henta fram att i eit forsøk på å fornye lesinga av Vinje.

Interessa for det karnevaleske har forsterka interessa for Vinjes biografi, men ikkje for hans *politikk*. Nettopp politikk var eit av dei emna som dominerte i Vinje-forståinga fram mot 1940-åra. Det viste att i tekstutvalet i verkutgåver og i dei hovudoppgåvene som blei skrivne. Med god grunn har lesinga av denne forfattarskapen lagt vekt på dei mange tusen spaltene i Drammens Tidende og Dølen. Der er det fort gjort å gløyme at Vinje var ein kritisk intellektuell i ei tid då den grunnlovsfesta ytringsfridommen enno ikkje var tungt etablert og integrert i kvardagslivet. Det slo han ut tre gonger.

Etter kritikken hans av ei lærebok i kristendom i 1847 kunne dei som hadde noko med det i Mandal, manøvrere slik at han stod utan arbeid frå 1. mai 1848.

Lettsindig kritikk av redaktøren i Morgenbladet vinteren 1850 gav arbeidsgivaren eit påskot til å kvitte seg med skibenten.

Frå 1865 var Vinje både redaktør i eit uavhengig blad og enbetsmann i Justisdepartementet. Den rolleblanda vegeterte han på, men ein redaksjonell kritikk av regjeringa i 1868 gav ein statsråd via sin ekspedisjonssef det som trongst for å sende kritikaren på dør.

Våren 1868 blei dermed eit nullpunkt i Vinjes offentlege liv. Hausten 1868 blei eit nytt litterært høgdepunkt etter det første 1858–1861. Då kom andre utgåva av det mektige eposet Storegut, den siste boka han sjølv gav ut.

Vinjes liv nådde si private høgtid med bryllaup sommaren 1869. Ni månader seinare stupte det til botnars med kona som døydde i barselseng og eigen drepende sjukdom. Foredragsturneen i Bergen førjulsveken 1869 utløyste den siste store debatten om Vinje. Sjølv sette han punktum med eit siste hovudverk, essayet «Schweigaard», fullført med siste del på trykk seks dagar før han døydde.

Kanskje var Vinje aldri viktigare enn då han døydde. Dette var ikkje ein forfattarskap med tidlege storverk og avsluttande bagatellar. I staden sette han punktum med ei tverrvending frå fest til sorg, brått, vilkårslaust, avmektig.

Livsløpa til Aasen og Vinje tok kvar si retning. Aasen blei den gamle kloke som levde i mange år etter dei siste storverka sine. Vinje slutta med

sitt essayistiske utropsteikn ei veke før han gjekk bort. Sorga over Aasen var lys og prega av von. Sorga over Vinje var mørk og merka av tap. Derfor er det ikkje vanskeleg å forstå at mang ein seinare omtale av Vinje kunne ha eit preg av offertanken.

Begge fekk dei sine nekrologar over heile landet. For Aasen glei minna over i usemje, for Vinje i retning av beundring. På begge gravene blei det sett store, tydelege minnesteinar etter private innsamlingar og verdige avdukingar – Vinje 13. juli 1873, Aasen 17. mai 1904. Dei var nesten jamgamle, men dei fekk sine plassar i norsk minnekultur med ein heil generasjons avstand.

VINJESTOGA ER MINNESTADEN. A.O. Vinje var fødd på Uppistog Vinje nær Vinje kyrkje. Familien flytta nokre hundre meter vestover til husmannsplassen Evja då han var seks år, og denne staden er seinare blitt heitande Plassen. Der står Vinjestoga, bygd i 1824, året då dei busette seg der.

Vinjestoga er ein typisk husmannsplass. Inventaret er det originale, med unntak av eit skrivebord som Vinje skal ha brukt i Kristiania. Norsk kulturarv har tildelt Vinjestoga Olavsrosa, kvalitetsmerket for «berekraftig bruk av den nasjonale kulturarven».

Garden er i privat eige, og Vinje kommune eig sjølve huset. Det var Bondeungdomslaget i Oslo og Ungdomslaget Samhold i Vinje som i si tid eigde og forvalta Vinjestoga. Søndag 19. juni 1904 tok Vinje kommune over bygningen. Overtakinga blei markert med folketog frå Vinje kyrkje til Vinjestoga, og unge Svein Flaaten frå Vinje skreiv ein song til høvet.⁵²

Offisielt skal det ha vore museum iallfall frå 1912. Då hadde Vinje vore død i 42 år. Ho som først tok imot gjester og viste dei rundt, var Margit Lofthus, ei legende i bunad med kvit skjorte og rosesaum.⁵³

Aasen-tunet blei ein valfartsstad alt to år etter at Ivar Aasen døydde. Det hadde å gjere med at eit museum blei opna og ein bautastein reist i 1898. Mange har skildra turane sine til Aasen-tunet. Slike skildringar er det færre av for Vinjestoga, men fleire var der før staden blei ekna som museum. Mellom 1897 og 1901 skreiv både Torgrim Bilstad, Bendik Taraldlien og Aasmunds halvbror Olaf O. Vinje, dikt om Vinjestoga. Folkelivsforfattaren og kulturhistorikaren Thrond S. Haukenæs frå Granvin

⁵² «Ungdomslag gav Vinjestoga til kommunen i 1904», *Norsk Tidend* 5.5.1968. Songen blei trykt i *Den 17de Mai* 25.6.1904.

⁵³ Herborg Handagard: «Minne», *Arbeiderbladet* 6.8.1966.

vitja staden i 1905, men det han skreiv om besøket i dagboka si, fekk først andre lese i 1919. Idar Handagard skildra staden i både 1909, 1925 og 1930. Læraren Alf Røgeberg kom dit i 1936, Olav Midttun laga radioprogram derifrå i 1937, og forfattaren Johan Austbø reiste til Vinje i 1941.

Ein av omvisarane i Vinjestoga var Tarjei Vesaas, og Olav Vesaas publiserte i 1997 eit udatert manuskript som han brukte der. Blant dei andre omvisarane har ein heil familie gjort sitt like frå 1940-åra – Olav, Ellen, Aasmund og Odd Nordstoga.⁵⁴

Vinjestoga var eit reisemål frå 1912 og blei truleg sæleg viktig gjennom Vinje-jubileet i 1918. I litteraturhistoriene og biografiane var staden nøye skildra, og Christian Skredsvig skapte verket *Vinjes barndomshjem, Plassen i Telemark* alt i 1887, men få andre erfarte staden sjølve før langt ut på 1900-talet. Då var tidsavstanden såpass stor at huset kanskje blei meir eksotisk og romantisk enn levtt liv.

At Plassen var staden der Vinje var fødd, breidde seg som oppfatning og var nok ein etablert myte i 1920-åra. Seinast i 1938 skreiv forfattaren Olav Gullvåg dette i *Varden*.⁵⁵ Korleis den myten kunne festne seg, var eit mysterium for Olav Midttun.⁵⁶ At han var fødd på Uppistog, og at familien seinare flytta til Plassen, tod tydeleg i den biografien *Dagbladet* trykte i 1872. Seinare stod det i kvar ei verkutgåve og kvar ein biografi.

Slike mytar er ofte vanskelege å forklare med anna enn at skrift kjem til kort mot det som har hamna på folkemunne. I dette tilfellet går det likevel ganske greitt. Det mangla ikkje på faktisk korrekt informasjon, men det mangla eit hus. Uppistog var rive, Plassen stod. Det var lett å forveksle dei to stadene; avstanden var liten. Dessutan hadde Skredsvig alt måla bildet av «Vinjes barndomshjem». Det bildet brukte Nordahl Rolfsen i leseverket sitt frå 1918. Og kva var no skilnaden på fødestad og barndomsheim?

I meir enn hundre år har det vesle huset på Plassen vore det einaste museet dedikert til A.O. Vinje. Det autentiske ved staden har vore viktig for gjestene, men har også stadfesta moglege mytar om bakgrunn og sosiale vilkår for dikteren, journalisten og essayisten. Frå og med 2000 har Ivar Aasen-tunet forvalta heile den nynorske skriftkulturen. Der har Vinje

⁵⁴ Olav Nordstoga i e-post til forfattaren 25.7.2017.

⁵⁵ Olav Gullvåg i *Telemark*, vedlegg til *Varden* 15.9.1938.

⁵⁶ Olav Midttun i *Austland* 17.11.1938.

kome inn i heilt andre samanhengar, lausriven frå oppveksthistoriene, dermed også utan det geografiske nærværet.

På Eidsbugarden i Jotunheimen fekk Vinje reist eit hus som seinare blei heitande Vinje-bui. 100-årsjubileet hans i 1918 blei brukt til å utvikle ideen om eit nytt museum. 11 personar frå Valdres historielag signerte då eit opprop for Vinje-museum på Eidsbugarden. Der ville eigaren av Vinje-bui innreie eit «minnemuseum for Aasmund Olavsson Vinje» og dei andre som hadde vore med og gjort Jotunheimen til sjølve Fjellheimen. Dette var altså vel så mykje tenkt som eit fjellmuseum som eit personmuseum.⁵⁷

Tidens Tegn følgde opp saka som snarast tre år etter, men fekk aldri noka tyngd, ser det ut til. Kanskje var Eidsbugarden sjølv ei årsak. Ved fleire høve, dokumenterte gjennom avisinnlegg i 1917 og 1956, blei det målbore kritikk mot forvaltninga av Vinje-bui inne på fjellet. Ingen av dei innskrivarane tok til orde for museum på staden.

Først i 2010 kom saka opp att. Tilsette ved kulturavdelinga i Vinje kommune utvikla ein idé som blei drøfta med Nynorsk kultursentrum vinteren 2011. Ein prosjektplan for Vinje-senteret for diktning og journalistikk blei lagd fram fem år seinare.

Kontrasten er stor: Aasen-museet i Ørsta blei opna alt i 1898, var det første språkmuseet i verda og blei i 2000 omforma til eit dokumentasjons- og opplevingssenter for nynorsk skriftkultur. Vinjestoga i Vinje opna for publikum i 1912 og blei verande eit hus med gode forteljingar og nokre få rekvisittar frå eit liv.

VINJE I NORSK MINNEPOLITIKK: Noko må Vinje ha gjort rett når 198-årsdagen hans blir feira, sa journalist Randi Berdal Hagen i Vest-Telemark Blad då ho kransa Vinje-statuen i Vinje under feiringa av fødselsdagen i april 2016.

Den som skal oppnå noko slikt, må ha skrive gode tekstar som framleis er viktige. Det er likevel ikkje nok. Andre må meine at forfattarskapen er av det slaget som bør haldast i hevd og bli formidla til kvar ny generasjon gjennom utgivingar og nylesingar.

Så godt som heile tida etter at Vinje døydd, har tekstar av han vore i sal. Nordahl Rolfsen gjorde han alt i 1890-åra til ein lesebokklassikar i folkeskulen, gjennom tonesetjingar blei sentrale dikt brukte, frå ulike miljø kom nye kommentarar og analysar av liv og verk.

⁵⁷ O.K. Ødegaard ofl.: «Vinjemuseum paa Eidsbugaren». *Den 17de Mai* 29.4.1918.

Aasmund Olavsson Vinje blei ein tenkt æresborgar i Vinje kommune, viktig for det lokale sjølvbildet, ein bauta i norsk kulturarv, eit haldepunkt i målrørsla, eit forbilde i journalistikken.

Nokre få prega Vuinje-jubilea i 1918 og 1968. Det var Vislie og Midttun i 1918, Djupedal i 1968, Midttun og Haarberg i 1993. Eitt særmerkt uttrykk var dei mange minnedikta.

Å skrive slike dikt var lenge ein sterk litterær tradisjon. Slike dikt manifesterer minnekulturen. Når tok det slutt? Det har nok litt å gjere med kven som skal minnast. Hartvig Kiran skreiv eit kongenialt minnedikt «Til Jakob Sande» i 1967, eit av dei vakraste i norsk minnedikting: «Du var still den siste kvelden vår».⁵⁸ Året etter stod det førebels siste minnediktet om Vinje på trykk i Gula Tidend.

Dette kunne tyde på eit tidsskilje kring 1970, men så seint som i Språkåret 2013 kom sju nye dikt og songar til Ivar Aasen. Framleis kan det skrivast dikt om kunstnarar, men svært sjeldan om andre offentlege personar. Minnedikt var på 2000-talet i ferd med å bli ei privatsak.

Det er dette som skil dei mange minnedikta om ein Ivar Aasen eller A.O. Vinje frå seinare verk. Den gongen var minnediktet ein konvensjon som kunne brukast til nær sagt kven som helst. Derfor har det mindre å seie om 75 dikt og songar til Vinje, 77 til Aasen og 80 til Garborg er mykje eller lite enn at det var ein viktig måte å heidle menneske og fortid på.⁵⁹

I lyrikken er det mange kvinner, men få av dei skriv minnedikt og minnesongar. Margit Edland skreiv om Vinje i 1941, og det er det. Om Aasen har fem kvinner skrive dikt eller songar.

Der er knapt eit dikt å finne om Ivar Aasen på bokmål. Om Vinje er det fleire slike. Alle dei større Vinje-biografiane er på nynorsk, men altså langt frå alle minnedikta. Aasen skreiv meir dansk enn Vinje, men blei meir nynorsk enn Vinje.

Nylesingar av verk er med og fører klassikarane vidare som klassikarar. Det viser også den daglege bruken. I dag trykker fleire aviser Aasen-ordtak regelmessig. I 1950- og 60-åra var Vinje mykje brukt til det same. Stavanger Aftenblad hadde ganske ofte slike ordtak. Dei var så vanlege at dei også blei brukte kommersielt. Sommaren 1958 annonserte Ideal flatbrød med eit Vinje-sitat på framsida av Dagbladet.⁶⁰

⁵⁸ Hartvig Kiran: *Viser frå min gitar*, Oslo 1971, s. 84 f.

⁵⁹ Ottar Grepstad: *Bibliografi over skrifter om Ivar Aasen*, Ørsta 2014, s. 18 f.

⁶⁰ *Dagbladet* 3.7.1958.

Kvinna vil med all sin elskhug
ha mat, og det har ho rett i.

Kvar det sitatet er henta frå, er ikkje lett å seie. «Elskhug» var eit ord Vinje berre brukte nokre få gonger, viser søk i den digitale utgåva av *Skrifter i Samling*. Ymse søk med «kvendi» og «kvinna» gav ingen relevant funn.

VAR VINJE ROMANTIKAR eller realist? hadde også studenten Erik Aabrek spurt i 1926. Vinje var begge delar, kom han til. Gjennom heile det 20. hundreåret blei Vinje halden fast i eit nasjonalromantisk grep, særleg i lærebøkene. Fleire generasjonar nordmenn er dermed blitt opplærte i den forståinga.

Nordahl Rolfsens lesebøker introduserte forfattarskapen for generasjonar av nordmenn, for mange hundre tusen lesarar. Leseverket hans kom ut i åtte utgåver mellom 1892 og 1955. Berre mellom 1892 og 1902 blei kvart band med Vinje-tekstar i den første utgåva trykt i nesten 700 000 eksemplar. I det tidsrommet tok om lag 700 000 born til på skulen. Skular i 462 av 746 kommunar brukte verket i 1928, og i 1940 gjorde 470 av 747 kommunar det.⁶¹

Frå 1920-åra kom det fleire konkurrentar, men Nordahl Rolfsens leseverk var lesepraksis til 1960-åra. Det vil seie at dei fleste som var fødte mellom 1885 og 1960, las ein del Vinje-tekstar i folkeskulen.

30 ulike Vinje-tekstar blei brukte i dei 55 utgåvene av Rolfsens lesebøker som er undersøkte (tabell 8). 17 av tekstane er med i både bokmåls- og nynorskutgåvene, tre er berre med i bokmålsutgåver, og ti er einast med i nynorskutgåver.

Bokmålsutgåvene for byskulen skilde seg ganske mykje frå nynorskutgåvene for landsfolkeskulen. Det utvalet Nordahl Rolfsen sjølv gjorde i 1890-åra, blei verande grunnstammen i eit halvt hundreår. Bokmålslevane blei meir kjende med eposet Storegut enn nynorskelevane blei. Med skiftande redaktørar endra også innhaldet i nynorskutgåvene seg. Det førte til at nynorskutgåvene inneheld 27 ulike tekstar, mot 20 i bokmålsutgåvene.

⁶¹ Egil Børre Johnsen: *Fola, fola Blakken. En biografi om Nordahl Rolfsen*, Oslo 2003, s. 250 f.

Dei fem tekstane som blei mest brukte, kom alle inn i lesebøkene mellom 1894 («Lenda frå Land») og 1910 («Eivind Ålandslid»).

Tabell 8

Dei mest brukte Vinje-tekstane i Nordahl Rolfsens lesebøker 1892–1955

	Utgåver
<u>Bokmål</u>	
Storegut tek imot sine herklede	11
Eivind Ålandslid (Storegut)	11
Lenda frå Land	10
Du gamle mor	9
Storegut er med til kongen	8
<u>Nynorsk</u>	
Blåmann, Blåmann	12
Lenda frå Land	7
Storegut tek imot sine herklede	7
Eit oppsett	7
Her ser eg fagre fjord og bygder	7
<u>Både bokmål og nynorsk</u>	
Blåmann, Blåmann	19
Storegut tek imot sine herklede	18
Lenda frå Land	17
Eivind Ålandslid (Storegut)	14
Du gamle mor	14

Reproduksjon av fortida blir altfor ofte ei rettesnor i minnepolitikken. Nytenkinga frå tidleg 1980-tal og utover viste lite att i skuleverket. Parallelt med nytenkinga om Vinje tok ein ny generasjon lærebokforfattarar over, men fornyinga deira kom på heilt andre punkt i litteraturhistoria. Vinje plasserte dei helst i kapitlet om nasjonalromantikk, eller så var han «På veg til realismen».

For gymnas og vidaregåande skule er utvalet av sakprosa-tekstar av Vinje kartlagt i 24 leseverk mellom 1869 og 2009. Kristian Lødemel Sandberg plukka ut bøker frå sju år i dette tidsrommet, og han fann 49 ulike Vinje-tekstar.⁶² Av desse var 48 på nynorsk, og nesten halvparten av dei skreiv seg frå *Ferdaminni*.

⁶² Kristian Lødemel Sandberg: *Kvisting av Vinje-furua. Eit postkolonialt perspektiv på journalisten A.O. Vinje i lesebøker for gymnaset 1869–2009*. Masteroppgåve, Universitetet i Oslo 2013, s. 52 ff.

Langt på veg var det nynorskbrukarane som la premissane for utvala. Fram til 1940 henta lesebokredaktørane inn jamt fleire og ulike Vinjetekstar, men etter 1945 blei tekstar silte ut og utvalet meir konformt. Mønsteret frå Rolfsens leseverk kjem til syne også her: Redaktørar med bokmålsbakgrunn valde andre tekstar og helst frå *Ferdaminni* enn dei som hadde nynorskbakgrunn. Sett under eitt var «Huldra» frå *Ferdaminni* den mest brukte teksten, i 11 av 24 leseverk, medan mange berre var med i eit eller to leseverk. Sandberg fann også fleire tekstendringar som gjorde at tekstane passa betre med «etablerte eller ønskjelege nasjonale forteljingar».⁶³

Utover på 2000-talet tok det felles fylkeskommunale læreverket Nasjonal digital læringsarena over. Omtalen av Vinje er lenger enn det som var vanleg i trykte læreverk seint på 1900-talet, og utan overstyrande kategoriar av typen «nasjonalromantikk», men elles konvensjonell nok⁶⁴

«EIENDOMMELIG» OG «MERKELEG» heiter det gjerne i omtalane av Vinje, ikkje minst i lærebøkene gjennom meir enn hundre år. Merkelappen gjorde det ikkje lett å forstå Vinje som den første moderne journalisten eller som forbilde for journalistikk. Derimot fall oppfatninga godt saman med ei forståing av han som spottar og klovn, ein som sjonglerte ord og meiningar på slak linje mellom karneval og marknad og fesja. Den marknadskulturen var Vinje godt kjend med.

Ein av marknadsgjestene heitte Emil Olsen.⁶⁵ Han var frå Kristiansand og busette seg i Tønsberg i 1869. Der arbeidde han som lærar, var i åra 1872–1878 redaktør i Tønsbergs Blad og skreiv mengder av dikt og høvesdikt. I 1922 blei 130 av dei samla i *Digte fra et langt liv*.

I 1926 skreiv han serien «Vinjeminder» i gamleavisa si. Der fortalde han om første gongen han møtte Vinje. På førehand, gir han inntrykk av, kjende han til denne mannen gjennom bladet Dølen, som «vi latinskolegutter leste med interesse baade paa grund av maalføret og de mange originale meninger, han fremholdt i sin egen, eiendommelige stil».

⁶³ Sandberg, same staden, s. 47.

⁶⁴ Oddvar Engan ofl.: «Dølen», *NDLA.no*, lesedato 2.1.2017.

⁶⁵ Emil Olsen: «Vinjeminder», *Tønsbergs Blad* 14.5.1926.

I 1859 hadde Olsen sett Vinje på eit fesjå ved Mosby utanfor Kristiansand. Der arrangerte Lister og Mandals Landhusholdningsselskab årlege fesjå med alt som følgde med.⁶⁶ Vinje var på fesjå fleire stader det året, mellom anna i Øyer i Gudbrandsdalen, og i skriftene hans kan ein finne mange fesjåtalar. Såleis publiserte han i *Blandkorn* (1867) talen «Paa Fesjaa». Vinje heldt vel knapt nokon slik tale i den forma, kommenterte Olav Midttun.⁶⁷ Han skreiv det i 1919 og endra ikkje kommentaren i folkeutgåva i 1946. Jon Haarberg ordla seg på same vis fleire tiår seinare.⁶⁸

Artikkelen i Tønsbergs Blad og notisen i Norig var då enno ikkje fanga opp og endra inga oppfatning, er heller ikkje noko prov for at talen i boka frå 1867 faktisk bygde på eller var halden på Sørlandet åtte år tidlegare.

At Vinje talte i Mosby, er sannsynleg. Oppe frå talarstolen hadde Vinje hatt ordet, «denne ulænelige skikkelse med det uskjønne ansikt og litet soignerede ytre». Olsen hadde meir å fortelje: «Man betraktet ham som en raring, der ikke kundes tages helt au serieux, noget i likhet med en hottentot eller eskimo, der fra sit naturliv var kommet ut blandt kulturfolket.»

Minnet frå Mosby var den upolerte utgåva av meiningsdommaren Marcus Jacob Monrad i 1850-åra og blei i 1920-åra ei påminning om korleis verda blei forstått i dette landet då Aasmund Olavsson Vinje enno ikkje var tiltenkt nokon plass i minnekulturen.

Om det ikkje var for det at Emil Olsen var fødd i 1847 og døydd i 1934.⁶⁹ Det var altså ein tolvåring som stod der og såg på Vinje i 1859, truleg saman med sine vaksne. Las Vinje gjorde han vel først seinare, så minnet frå Mosby seier mest om kva vaksne fesjådeltakarar meinte i 1859 og kva skulen lærte frå seg om Vinje.

Kanskje var inntrykket til Olsen også prega av det vennen Engebret Hougen visste å fortelje. Gudbrandsdølen Hougen var redaktør i Tønsbergs Blad 1867–1881 og visste godt kven Vinje var. I 1859 hadde Hougen fått diktet «Gardskjøpet» på trykk i Dølen. Diktet var på gudbrandsdals-

⁶⁶ Eiliv Ulltveit-Moe: «Hjemmelaget fruktvin som del av nasjonsbyggingen», *Årbok Vest-Agder-museet*, Kristiansand 2010, s. 145.

⁶⁷ Olav Midttun i *Skrifter i Samling*, III, Kristiania 1919, s. 409.

⁶⁸ Jon Haarberg: *Vinje på vrangen*, Oslo 1985, s. 139.

⁶⁹ Kåre Glette: *Høvedsdiktning (leilighetsdiktning) i Tønsberg i perioden 1840 til 1890*, Oslo 1995, s. 37 ff.

dialekt, og redaktøren utstyrte det med 54 ordforklaringar.⁷⁰ Christiania-Posten hadde gjort nett det same då bladet i 1854 publiserte eit minnedikt av Vinje om Holberg på vinjedialekt med 19 ordforklaringar. Hougen reagerte svært negativt og publiserte ikkje noko meir i Dølen. Femti år seinare hadde dei to kontakt då Vinje var i Tønsberg vinteren 1870, fortalde Olsen.

Slik må det ha vore: Meir enn noko anna var artikkelen i 1926 nokre 67 år gamle lysglimt, vridde barndomsminne frå ei anna tid.

DET LIGG EI SETNING I DORA. På ein lapp i ei mappe i ein kassett i eit arkiv i ein bunker i ein by i eit land står ei raskt nedskriven setning. Så godt som alt av handskrifter og arkivalia etter Reidar Djupedal ligg i Statsarkivet i Trondheim. Djupedal-arkivet blir saman med mengder av anna fortid lagra i Dora, ein u-båtbunker som Hitlers hær bygde ferdig i 1943. For all tid kan skriftene etter Buchenwald-fangen Djupedal vere sikra her.

Lappen ligg i kassett L 10, legg 9. Det er eit av fleire legg med materiale om Vinje og Aasen. Som lappar flest, same kven som har skrive dei, er denne udatert. Idear, poeng, observasjonar skreiv Djupedal når dei var der. Mest truleg skriv lappen seg frå åra 1967–1975. Då arbeidde Aasen-forskaren Djupedal intenst med skrifter av Vinje. Han gav ut nye kommentarutgåver av *Storegut* og *Ferdaminni* i 1968 og 1969, Dølen i faksimile i fire band 1970–1973 og eit utval av Vinjes journalistikk i 1972. Sju bøker på seks år.

Ein dag omtrent på denne tida skreiv Reidar Djupedal: «Vinje flytte målstriden ned frå det akademiske plan og inn i kvardagen.»

Det er ei svært presis oppsummering av den samfunnsgjerninga Vinje utførte. Vinje gjorde dette på minst tre nåtar. Han skreiv om mange fleire kvardagslege emne enn aviser flest, og utan det kuriosablikket som prega dei «Norge rundt»-notisane som kom på trykk. Han argumenterte for verdien av å bruke nynorsk i svært mange høve og tok støyten i avis-spaltene når kompanjongen frå Sunnmøre trekte seg attende til sine kolonner av ord. Og Vinje nådde ut til lesarar mange stader i landet med dikt og prosa på det språket som Ivar Aasen hadde funne og forma.

Den første teksten på nynorsk stod Ivar Aasen sjølv for, i Morgonbladet 5. januar 1849. Vinje hadde kome til byen eit halvt år før og var fast

⁷⁰ Dølen 21.8.1859.

medarbeidar i avisa. Det skal godt gjerast at han ikkje las «Samtale millom to Bønder». Neste gong Ivar Aasen skreiv på nynorsk i ei avis, var i Dølen, nesten ti år seinare. Då hadde Vinje bygt den plattformen for publisering som han kunne bruke.

Språkleg var det ein «chaotisk Tilstand», skreiv Vinje seinare om åra 1852–1858.⁷¹ Han var fast tilsett og hadde dermed ein ganske trygg økonomi, så det kan ikkje ha vore det. Samfunnsendringane var heller ikkje av det slaget som sette djupare spor i dei åra enn elles. Kaoset var hos Vinje sjølv. Eit av spørsmåla han tumla med, var korleis han skulle skrive. Nær sagt ord for ord skreiv han seg ut av dansk-norsk, la inn markerte norske ord, skreiv dikt og nokre andre småtekstar på telemarkdialekt, etter kvart lengre stykke og enkeltdikt på nynorsk, til sist ei heil avis på nynorsk.

Dølen var i periodar eit vekeblad som faktisk kom ut kvar veke. Det var også mest som eit pressekontor. I Vinjes tid og lenge etter var det vanleg at avisene henta stoff frå kvarandre. Som den profilerte og respekterte, men også omdiskuterte skribenten Vinje var, følgde mange redaktørar med på kva han skreiv og gjorde. Nokre i sympati, andre kanskje berre med ei profesjonell interesse.

Derfor kom tekstar i Dølen på trykk i mange andre blad. Vinje fekk også andre nynorsktekstar på trykk rundt forbi. Det gjorde at lesarane av mange blad for første gong fekk lese noko på nynorsk. Tekstar av Vinje er dokumentert trykte i minst 24 aviser mellom 1853 og 1870, medrekna ei svensk (tabell 5).

Mange av lesarane hadde nok aldri sett noko slikt før. Dei fleste av dei budde i byar med avgrensa kjennskap til talemåla utover i landet. Fleire aviser trykte tekstar av Vinje like mykje som døme på det nye skriftspråket som for å vise kva Vinje meinte om eitt og hitt. Her oppstod det ein symbiose mellom Vinjes etablerte posisjon og det nye språket. Då nyheitsinteressa var omme, blei det færre ettertrykk i andre blad, men frå midten av 1860-åra skreiv etter kvart fleire på nynorsk.

Aasen og Vinje var vore dei to første, men var ikkje lenger toaine.

Vinje hadde minst like mange lesarar då han tok til å skrive nynorsk som då han skreiv dansk-norsk, og han fekk fleire typar lesarar som budde mange fleire stader enn før. Det var med og forma grunnlaget for det som

⁷¹ [«Forord»], *Diktsamling*, 1864, s. VII.

Arne Garborg i 1877 skildra som eit samfunn med to kulturar i *Den nynorske Sprog- og Nationalitetsbevægelse*.

Tabell 5

Vinje-tekstar på dialekt og nynorsk utanfor Dølen 1853–1870

Berre første gongs publisering er teken med

1853	Den norske Tilskuer (dialekt) Christiania-Posten (dialekt)
1856	Christiania-Posten Drammens Tidende
1858	Aftenbladet Bergensposten Correspondenten (svensk) Illustreret Nyhedsblad Morgenbladet Postbudet Thronhjems Adresse-Contoirs Efterretninger Trondhjems-Posten
1859	Christianssands Stiftsavis Drammens Blad
1860	Lørdags-Aftenblad for Arbeiderklassen
1861	Hedemarkens Amtstidende
1865	Christiania Intelligentssedler
1866	Skilling-Magazin
1867	Vort Land
1868	Den norske Folkeskole Den norske Turistforenings Aarbog
1869	Bergens Tidende Dagbladet Verdens Gang

Dette greip litteraturforskaren Rolv Thesen tak i då han gjorde opp status om forståing av Vinje i 1944.⁷² «Aldri får ein sterkare kjensle av motsetnaden mellom dei to kulturane her i landet enn når ein les sumt av det som har vori skrivi om Vinje», meinte Thesen. Vinje spela ikkje alltid med maske, men nokre gonger gjorde han det stundom medvite, stundom ikkje. Mange, også vennene hans, prøvde å forstå Vinje der og då dei levde i same tid som han, men heile tida var det noko som ikkje stemte. Så vel Sars som Gran som Bjørnson skreiv Vinje inn i historia som ein mann frå underklassen «med drengestovefliren mot dei i storstova», oppsummerte Thesen. For Bjørnson var dette langt frå eintydig positivt. «Trællesind»,

⁷² Rolv Thesen: «Striden om Vinje», *Norsk Tidend* 11.1.1944.

kalla han det. Vinje skjulte ikkje «sine ilinger av trællesind, han la frem styggheta, aabent og barnsligt».⁷³

Dei som ville korrigere dette Vinje-bildet, var alle nynorskbrukarar – Vislie, Koht, Midttun. Frå 1920-åra fann Thesen ein Vinje-renessanse, truleg påskunda av Midttuns verkutgåve 1916–1921, som både førte Vinje nærmare det folket han kom frå og attende til antikken. Thesen såg det komiske i at den inkonsekvente og eksentriske diktaren skulle bli eit forbilde, ein nordmann «med den rette ro og jamvekt».

Det er vel der det ligg. Reknestykket Vinje går ikkje opp, som var det kunst – der er ein rest, heile tida er der noko meir, i dikta, journalistikken, essaya. «Han var en prøvesamling paa al ting», sa Bjørnson i 1907, «alt gjorde indtryk paa ham – han havde alle religioner paa en gang. Han var som paa en reise, flyttet fra hospits til hospits.»⁷⁴ Det var så flott sagt at ein kunne lure på om nokon hadde ordlagt seg på liknande vis før.

Det hadde Johan Ernst Sars gjort då han gav sitt portrett av Vinje ni år før: «Han var virkelig open for nye intryk, som blomen for himmilens dogg og sol, eller man kan si, at hans ånd var som et vertshus, en skydstation, hvor veifarende folk uden videre kan ta ind og indrette sig som de var hjemme; men hvor ingen slår sig ned for alvor.»

Over hundre år seinare hadde enno knapt nokon sagt det betre.

⁷³ «Bjørnson um Vinje», reinskriveret referat frå Olav Midttuns samtale med Bjørnstjerne Bjørnson 8.11.1907, s. 5, i Ms. 4^o 3468, Nasjonalbiblioteket.

⁷⁴ «Bjørnson um Vinje», same staden.

Skrifter og tekstar 1846–1870



«Vinjestotta og Vinjestoga». Postkort K-2 frå Sørfondens Turistforrening 1906. Det første bildet av denne minne-støtta stod truleg på trykk i *Den 17de Mai* 17.5.1895; på dagen eit år etter at steinen, laga av Matthias Skeibrok, blei avduka. Foto: Ivar Aasen-tunet

1846

- 1 Ueland, Ole Gabriel: Brev til Søren Jaabæk 30.10.1846. Utdrag om Vinje sitert av Olav Midttun i A.O. Vinje: *Brev*, Oslo 1969, s. 36.

1847

- 1 Knutzen, Knud Olaus: [Innlegg]. *Morgenbladet* 9.8.1847. Svar på kritikk av Vinje om boka hans, *Christelige Fortællinger til Brug ved Siden af Religionsundervisningen i Almueskolerne* i *Morgenbladet* 3.7. og 17.7.1847.
- 2 [Oversyn over valresultatet]. *Christianssands Stiftsavis* 22.8.1847. Om utfallet av stortingsvalet i Lista og Mandals amt 21.8.1847, der Vinje var valmann og kandidat. Han blir omtalt som A.O. Vinje.

1849

- 1 Steen, W.N.: «I Anledning af Hr. Winjes Referat ...». *Morgenbladet* 12.1.1849. Svar frå politifullmektig Steen på Vinjes kritikk av ei teaterframsyning 10.1.1849.
- 2 «Betragtninger over Theatret». *Morgenbladet* 3.2.1849. Kommentar til kritikken frå Vinje.

1850

- 1 Brock, Oluf: «Antisekosis». *Folkets Røst Tillæg* 17.7. og 21.7.1850. Svar på Vinjes kritikk av boka *Antisekosis. En Morskabsbog* 10.7.1850.

1851

- 1 Jaabæk, Søren: «Til A.O. Vinje!» *Morgenbladet* 1.10.1851. Svardikt til dikt av Vinje i *Morgenbladet* 27.9.1851. Det diktet var ein kommentar til at Stortinget 25.9.1851 avsto å løyve 500, 1000 eller 2000 spesidalar til Ole Bull og Det norske Theater i Bergen. Sjå også *Morgenbladet* 4.10.1901.
- 2 «Presten. Drammens Tidendes Chistianiakorrespondent». *Christiania-Posten* 9.12.1851.
- 3 [Omtale av Drammens-korrespondance]. *Krydseren* 8.3.1851.
- 4 «Pressen». *Krydseren* 12.4.1851. Kommentar til stykke av Vinje i *Drammens Tidende*, mellom anna 5.4.1851.
- 5 «Pressen». *Krydseren* 26.4.1851. Kommentar til stykke av Vinje i *Drammens Tidende*.
- 6 [Kommentar]. *Krydseren* 13.12.1851. Kommentar til stykke av Vinje i *Drammens Tidende*. Bladet viser til kritikk i *Christiania-Posten*.

1852

- 1 [Kommentar til artikkel av Vinje]. *Drammens Blad* 18.7.1852.
- 2 «Nytaarsønsker. Til Drammenskorrespondenten». *Krydseren* 1.1.1852. Dikt til mange, også eitt til Vinje.
- 3 «Pressen». *Krydseren* 7.2.1852. Med kommentar til stykke av Vinje i *Drammens Tidende*.
- 4 «Morgenbladets Mantra». *Krydseren* 21.2.1852. Med kommentar til stykke av Vinje i *Drammens Tidende*.
- 5 «Drammenskorrespondenten». *Krydseren* 28.2.1852.
- 6 «Til Drammenskorrespondenten». *Krydseren* 6.3.1852. Dikt.
- 7 «Drammens Korrespondenten». *Krydseren* 13.3.1852.
- 8 «Æsthetiske Nydelser i Drammens Tidende». *Krydseren* 19.6.1852.
- 9 «Sankt Hans Nat». *Krydseren* 10.7.1852. Satirisk dialog om ei natt på «Mærrahougen» i Christiania. Vinje svara i *Drammens Tidende* 23.7.1852.
- 10 [Notis]. *Krydseren* 2.10.1852. Kommentar til stykke av Vinje i *Drammens Tidende*.
- 11 «Overblik over Overblik». *Krydseren* 2.10.1852. Kommentar til mellom anna stykke av Vinje i *Drammens Tidende*.
- 12 «Drammenskorrespondenten». *Krydseren* 13.11.1852.
- 13 «Drammenskorrespondenten». *Krydseren* 4.12.1852. Kommentar til stykke av Vinje i *Drammens Tidende* 28.11.1852.
- 14 [Notis]. *Krydseren* 11.12.1852. Kommentar til stykke av Vinje i *Drammens Tidende* der han har teke *Krydseren* i forsvar

1853

- 1 Din ven Kolera: «Til Drammenskorrespondenten». *Krydseren* 24.9.1853. Også trykt i *Drammens Tidende* 2.1.1853. Det hadde brote ut ein koleraepidemi i Christiania, og Vinje reiste til Telemark tidleg i september.
- 2 «Christiania». *Krydseren* 16.7.1853. Kommentar til stykke av Vinje i *Drammens Tidende* mellom anna om jernbanesaka 1.7. og 8.7.1853.
- 3 «Literatur og Kunst». [Omtale av *En Ballade om Kongen og Kongehuset*, Christiania 1853]. *Illustreret Nyhedsblad* 5.3.1853.
- 4 «Nytaarsønsker. Til Drammenskorrespondenten». *Krydseren* 1.1.1853. Dikt til mange, også eitt til Vinje.
- 5 [Om Drammenskorrespondenten]. *Krydseren* 10.9.1853. Kommentar til stykke om kolera i *Drammens Tidende* 7.9.1853. Vinje hadde skrive om saka i same avia 2.9.1853.
- 6 [Omtale av *En Ballade om Kongen og Kongehuset*, Christiania 1853]. *Aftonbladet* (svensk) 1.6.1853
- 7 «Sprogstriden». *Krydseren* 15.11.1853. Kommentar til stykke av Vinje i *Drammens Tidende* 31.12.1852, 4.1. og 7.1.1853 om språk.

1854

- 1 [Artikkel om den nye brua over Sarpsfossen]. *Illustreret Nyhedsblad* 25.2.1854. Artikkelen blir avslutta med eit dikt.
- 2 [Omtale av grammatikk]. *Krydseren* 2.12.1854 om språket til Vinje.
- 3 «Lyriske Smaadigte. En Prøvesamling af H. Bentsen». *Krydseren* 2.12.1854. Bokmeldaren rosar forfattaren at han ikkje bruker så mange uforståelege ord som Vinje. Svar frå Vinje same staden 6.12.1854 med redaksjonell hale som utløyser tilsvar frå Vinje 9.12.1854. I ein samtale med Olav Midttun 8.11.1907 trega Bjørnstjerne Bjørnson seg på at han aldri fekk fortalt Vinje at det ikkje var han som hadde skrive om Vinje i *Krydseren* i 1854 («Bjørnson um Vinje», Ms 4^o 3468, Nasjonalbiblioteket). Midttun refererer dette i *Livsminne*, Oslo 1971, s. 123.

1855

- 1 [Kommentar til artikkel av Vinje]. *Dranmens Blad* 17.1.1855.
- 2 [«Mere om Norskheden»]. *Illustreret Nyhedsblad* 1.12.1855. Redaksjonell hale til innlegg av Vinje.

1856

- 1 [Kommentar]. *Dagsbladet* primo november 1856. I eit innlegg om eit religiøst manifest blir Vinje skulda for å vere mot trusfridom. Det utløyste eit svar frå Vinje i *Drammens Tidende* 7.11.1856, jf. *Christiania-Posten* 22.11.1856.

1858

Kronologisk ordna

- 1 «Christiania». *Aftenbladet* 1.10.1858. Også med omtale av *Fridtjofs Saga*, omsett av Ivar Aasen.
- 2 [Botten-Hansen, Paul]: [Førehandsomtale av *Dølen*]. *Illustreret Nyhedsblad* 3.10.1858. Også trykt i *Skrifter i Samling*, I, Oslo 1916, s. 422, om ein del av Olav Midttuns merknader.
- 3 «Dølen eit Vikublad». *Christiania-Posten* 9.10.1858.
- 4 [Bjørnson, Bjørnstjerne]: [Omtale av det nye bladet *Dølen*]. *Aftenbladet* 11.10.1858. Bjørnson skreiv i *Dagbladet* 21.1.1903 at han skreiv ein artikkel om Vinje i *Aftenbladet* som redaktør Ditmar Meidell endra og gjorde skaarpere. Det må vere denne omtalen av *Dølen*.
- 5 [Notis om første nummer av *Dølen*]. *Drammens Tidende* 12.10.1858.
- 6 [Notis om første nummer av *Dølen*]. *Throndhjems Adressecontors Efterretninger* 16.10.1858. Henta frå *Christiana-Posten* 9.10.1858.
- 7 [Notis]. *Adresse-Tidend for Brevig* 16.10.1858. Avisa skriv at bladet er skrive «i Bondedialekt» og vil «anbefale det til Publikums Opmærksomhed».
- 8 [Botten-Hansen, Paul]: «Literatur». *Illustreret Nyhedsblad* 17.10.1858. Melding av *Dølen*.

- 9 [Monrad, Marcus Jacob]: [Melding av Dølen]. *Morgenbladet* 11.10., 17.10. og 21.10.1858.
- 10 [Kort omtale om Dølen]. *Drammens Tidende* 12.10.1858. Med utdrag.
- 11 «Aftenbladet om 'Dølen'». *Christiania-Posten* 19.10.1858. Forsvar for Dølen, retta mot kritikk i *Aftenbladet* 11.10.1858.
- 12 Goldschmidt, M.A.: Brev til A.O. Vinje 19.10.1858. A.O. Vinje: *Brev*. Ved Olav Midttun, Det Norske Samlaget, Oslo 1969, s. 103–104. Rosande omtale av Dølen.
- 13 [Bætzmann, Frederik] F.: [Melding av Dølen]. *Trondhjems-Posten* 20.10.1858. Kommentar til *Thronhjems Adressecontors Efterretninger* 16.10.1858.
- 14 [Omtale av Dølen]. *Christianssands Stiftsavis* 20.10.1858. Med utdrag frå opningsartikkelen.
- 15 [Omtale av Dølen]. *Moss Tilskuer* 30.10.1858. Avisa syner til omtale i *Göteborgs Handels- och Sjöfartstidning* av Dølen.
- 16 [Botten-Hansen, Paul]: [Melding av Dølen 31.10.1858]. *Illustreret Nyhedsblad* 31.10.1858.
- 17 [Notis om Dølen]. *Drammens Tidende* 2.11.1858. Med utsegn frå M.A. Godtschmidt
- 18–19 Aasen, Ivar. «Om Sprogsagen», *Illustreret Nyhedsblad* 7. og 14.11.1858. *Udvalgte Skrifter*, 1896, s. 264–273 (under tittelen «Det norske Sprog og Kulturen»); *Skrifter i Samling*, III, 1912, s. 108–128; *Skrifter*, II, 1926, s. 90–108.
- 20 [Mejdell, Nicolai og Johan Peter Weisse]: «Dølen». *Christiania-Posten* 9.11.1858. Svar frå redaktørane i avisa på opningsartikkelen i *Dølen* 10.10.1858, med tilsvaer frå Vinje i *Dølen* 14.11.1858.
- 21 [Notis om Dølen]. *Bergensposten* 9.11.1858.
- 22 [Nygaard, M.] M.N.: «Lidt om Norsk Sprog- I-II». *Christiania-Posten* 12.11. og 19.11.1858. Datert «Bergen i Septbr. 1858».
- 23 [Monrad, Marcus Jacob]: [Innlegg mot Ivar Aasen], *Morgenbladet* 25.11.1858. Svar til Ivar Aasen: «Om Sprogsagen», *Illustreret Nyhedsblad* 7. og 14.11.1858.
- 24 [Monrad, Marcus Jacob]: [Innlegg mot Ivar Aasen]. *Morgenbladet* 3.12.1858.
- 25 «Sprogsagen og Ivar Aasen (Af Anmelderen af I. Aasens Oversættelse af Fridthjofs Saga i det nyere Landsmaal)», *Christiania-Posten* 3.12. og 4.12.1858.
- 26 [Bjørnson, Bjørnstjerne]: «Vi leverer idag». *Bergensposten* 14.12.1858. Bjørnson skriv i den usignerte artikkelen at avisa vil presentere fleire artiklar frå Dølen for at lesarane skal bli kjende med det nye språket.

1859

- 1 Bjørnson, Bjørnstjerne: [Brev til Clemens Petersen 5.3.1859]. Halvdan Koht (red.): *Brev. Første samling. Gro-tid*. Band 1. Gyldendalske Boghandel Nordisk Forlag, København og Kristiania 1912, s. 78.
- 2 Bjørnson, Bjørnstjerne: [Brev til A.O. Vinje 2.9.1859]. Halvdan Koht (red.): *Brev. Første samling. Gro-tid*. Band 1. Gyldendalske Boghandel Nordisk Forlag, København og Kristiania 1912s. 89–90. Også i A.O. Vinje: *Brev*, Oslo 1969, s.

119. Bjørnson bad Vinje dømme boka *Arne* mildare enn han hadde gjort i *Dølen* 29.5.1859 i omtalen av Det norske Theater, der Hanrik Ibsen då var teatersjef. Det gjekk ikkje slik Bjørnson vona.
- 3 [Botten-Hansen, Paul]: [Notis]. *Illustreret Nyhedsblad* 4.12.1859.
- 4 Mandt, Peter: «Te A.O. Vinje». Rikard Berge: *Bygdediktningi i Telemarki*, VI. Erik Gunleiksons forlag, Risør 1914. Også trykt i Conrad Claussen (red.): *Hyllingskvede til A.O. Vinje*. Norrønalaget Bragr, Bergen 1968, s. 13. Datert februar 1859.
- 5 – S. –: «Norsk – Norsk-Dansk – Dansk». *Morgenbladet* 25.10.1859.
- 6 «Dølen». *Thronhjems Adressecontors Efterretninger* 3.12.1859. Kort melding.
- 7 «Dølen Grundlovsfortolkning». *Morgenbladet* 24.3.1859.
- 8 [Innlegg om striden mellom Morgenbladet og Meltzer]. *Morgenbladet* 11.4.1859.
- 9 «Korrespondent-Artikel». *Drammens Blad* 26.6.1859. Om songarferd til Arendal i juni same året, som Vinje skildra i *Dølen* 19.6.1859.
- 10 [Referat frå folkefest på Modum 4.7.1859]. *Drammens Blad* 7.7.1859, *Illustreret Nyhedsblad* 10.7.1859 og *Aftenbladet* 11.7.1859. Vinje hadde skrive song til festen og heldt fleire talar. Over 2000 var til stades.
- 11 [Referat frå møte i Reformforeningen]. *Drammens Blad* 20.11.1859. Vinje var til stades og skildra møtet i *Dølen* 30.10. og 6.11.1859.
- 12 «Lillehammer, den 1ste Septbr». *Morgenbladet* 5.9.1859 etter *Chr. Amtstidende*. Referat frå hestesjå på Stavmarknaden i Øyer, Gudbrandsdalen 29. og 30.8.1859, der Vinje heldt tale. Vinje publiserte talen i revidert form i *Blandkorn*, 1867, og refererte frå fesjået og talen i *Dølen* 4.9. og 11.9.1859.
- 13 [Referat frå 50-årsfest for Selskapet for Norges Vel 29.12.1859]. *Morgenbladet* 31.12.1859. Vinje heldt tale.

1860

- 1 Bjørnson, Bjørnstjerne: [Brev til Paul Botten-Hansen 17.10.1860]. Halvdan Koht (red.): *Brev. Første samling. Gro-tid*. Band 1. Gyldendalske Boghandel Nordisk Forlag, København og Kristiania 1912, s. 127–128.
- 2 [Botten-Hansen, Paul]: «Fra Trondhjem III». *Illustreret Nyhedsblad* 2.9.1860, s. 154–155; *Morgenbladet* 3.9.1860. Trykt under tittelen «Dølen Kronings-færd» i Vetle Vislie: *A.O. Vinje*, Bergen 1890, s. 361–367. Botten-Hansen reiste i lag med Vinje på delar av turen sommaren 1860.
- 3 [Botten-Hansen, Paul]: [Om stipend til Vinje]. *Illustreret Nyhedsblad* 11.11.1860.
- 4 [Lassen, Hartvig] p.t.: «Welhavens Digte. IV». *Aftenbladet* 20.1.1860. Med ein lengre merknad om Vinjes melding av J.S. Welhaven: *En Digtsamling*, Christinia 1859, i *Dølen* 4.12.1859.
- 5 Ueland, Ole Gabriel: «Gammelt og Nyt». *Aftenbladet* 7.1.1860. Svar på kritikk av Vinje i «Napoleon og Ueland», *Dølen* 12.11.1859, og med tilsva frå Vinje: «Ueland», *Dølen* 15.1.1860.

- 6 «Literatur. Illustreret Nyhedsblads Nytaarsgave for 1860». *Christiania-Posten* 4.3.1860. I det bladet publiserte Vinje diktet «Min Fødselsdag», og det meste av meldinga handlar om det diktet.
- 7 [Kommentar om stipendsaka]. *Aftenbladet* 11.10.1860. Vitskapsselskapet tildelte 24.11.1860 Vinje eit stipend på 250 spesidalar til ei studiereise til England og Skottland, som han gjennomførte i 1862–63. Avisa kritiserer at Vinje fekk stipend, men ikkje Bjørnson, som hadde søkt om 1000 spesidalar.
